



DET KONGELEGE  
FISKERI- OG KYSTDEPARTEMENT

# Prop. 93 L

(2012–2013)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

---

Lov om førstehandsomsetning av  
viltlevande marine ressursar  
(fiskesalslagslova)



# Innhald

<b>1</b>	<b>Hovudinnhaldet i proposisjonen</b> .....	5	6.3.3	Høyringsfråsegner .....	27
			6.3.4	Vurderingane til departementet ...	28
			6.4	Regulering og dirigering .....	29
<b>2</b>	<b>Bakgrunnen for lovforslaget</b> ....	7	6.4.1	Gjeldande rett .....	29
2.1	Høyringsinstansar .....	7	6.4.2	Forslaga frå arbeidsgruppa .....	29
			6.4.3	Høyringsfråsegner .....	30
			6.4.4	Vurderingane til departementet ...	31
<b>3</b>	<b>Om fiskesalslaga</b> .....	9	<b>7</b>	<b>Krav til kvalitet ved handtering av fisk</b> .....	32
3.1	Historisk gjennomgang .....	9	7.1	Gjeldande rett .....	32
3.1.1	Råfisklova og salslaga .....	9	7.2	Vurderingane til departementet ...	32
3.1.2	Moxnesutvalet og prøveordning med meklingsinstans .....	10	<b>8</b>	<b>Fiskesalslaga og forholdet til forvaltningslova</b> .....	33
3.2	Førstehandsomsetninga .....	11	<b>9</b>	<b>Overordna om lovforslaget</b> .....	35
3.3	Kontrolloppgåvene til fiskesalslaga .....	11	9.1	Namnet på lova .....	35
3.3.1	Ansvar for ressurs- og omsetningskontroll .....	11	9.2	Sal frå fiskesalslag .....	35
3.3.2	Intern kontroll .....	13	9.3	Fastsetjing av minstepris ved usemje .....	36
3.4	Offentleg kontrollør .....	13	9.4	Salsvilkår og omsetningsformer ...	36
<b>4</b>	<b>Om arbeidsgrupperapporten om gjennomgang av råfisklova</b> .....	14	9.5	Godkjenning av fiskesalslag og tilbakekall av godkjenning .....	36
<b>5</b>	<b>Generelt om høyrings- fråsegnene</b> .....	16	9.6	Offentleg kontrollør .....	37
			9.7	Fastsetjing av avgift .....	37
<b>6</b>	<b>Sentrale tema i høyringa</b> .....	18	9.8	Regulering og dirigering .....	37
6.1	Formålsføresegna .....	18	9.9	Kontrollmyndigheit og reaksjonar ved lovbrøt .....	37
6.1.1	Gjeldande rett .....	18	<b>10</b>	<b>Merknader til dei enkelte paragrafane i lovforslaget</b> .....	38
6.1.2	Forslaga frå arbeidsgruppa .....	18	<b>11</b>	<b>Økonomiske og administrative konsekvensar</b> .....	49
6.1.3	Høyringsfråsegner .....	18			
6.1.4	Vurderingane til departementet ...	19			
6.2	Fastsetjing av minstepris .....	20			
6.2.1	Gjeldande rett .....	20			
6.2.2	Forslaga frå arbeidsgruppa .....	20			
6.2.3	Høyringsfråsegner .....	21			
6.2.4	Vurderingane til departementet ...	25			
6.3	Salsvilkår og omsetningsformer ..	26			
6.3.1	Gjeldande rett .....	26			
6.3.2	Forslaga frå arbeidsgruppa .....	27			
				<b>Forslag til lov om førstehands- omsetning av viltlevande marine ressursar (fiskesalslaga)</b> .....	50





DET KONGELEGE  
FISKERI- OG KYSTDEPARTEMENT

# Prop. 93 L

(2012–2013)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

---

## Lov om førstehandsomsetning av viltlevande marine ressurser (fiskesalslagslova)

*Tilråding frå Fiskeri- og kystdepartementet 22. mars 2013,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Stoltenberg II)*

### 1 Hovudinnhaldet i proposisjonen

Fiskeri- og kystdepartementet legg med dette fram forslag til ny lov om førstehandsomsetning av viltlevande marine ressurser (fiskesalslagslova). Forslaget erstattar lov om omsetning av råfisk (råfiskloven) som tredde i kraft 1. januar 1952.

Forslaget inneber at det vert etablert ei ny og moderne lov om omsetning av dei viltlevande marine ressursane, og at lova vert harmonisert med resten av lovverket som regulerer fiskerinæringa, medrekna havressurslova og deltakarlova.

Lovutkastet vidarefører i det vesentlege dagens råfisklov. Samtidig følgjer lovutkastet opp arbeidsgrupperapporten "Gjennomgang av råfiskloven", som Fiskeri- og kystdepartementet tok i mot 31. oktober 2011, og som har vore til offentleg høyring.

Lovutkastet gjer det tydeleg korleis førstehandsomsetninga av viltlevande marine ressurser føregår, og kva for viktig rolle fiskesalslaga har i ressursforvaltninga. Sett i lys av havressurslova og deltakarlova kan det hevdast at dagens råfisklov er lovt teknisk svak på fleire område. Sjølv om

det er lagt til grunn at råfisklova skal medverke til å auke lønsemda i fiskerinæringa gjennom å sikre gode og stabile prisar, har ikkje lova ei eigen formålsføresegn. Eit anna døme er at råfisklova ikkje har føresegnar om verkeområde som klargjer rammene for førstehandsomsetninga. Mellom anna ved å foreslå føresegnar om formål og sakleg og stadleg verkeområde ønskjer departementet å gje eit tydelegare og meir pedagogisk bilete på fiskesalslagssystemet i Noreg. Føresegnar om stifting, godkjenning og tilbakekall av godkjenning gjer det meir føreseieleg for fiskesalslaga og styresmaktene, og stadfestar på ein betre måte den rolla salslaga har i norsk fiskeriforvaltning.

Fiskesalslaga sin rett til å fastsetje minsteprisar er ikkje uttrykkeleg nemnt i råfisklova, men er ein del av retten til å fastsetje forretningsreglar etter lova § 4, jf. § 2. Heimelen til å fastsetje minsteprisar er eit sentralt instrument innanfor førstehandsomsetninga, og den bør difor gjerast tydeleg og framhevast. I lovutkastet foreslår departementet å gjere det klart korleis minsteprisar skal fastsetjast, og kva prosedyrar som skal følgjast der-

som det oppstår usemje om fastsetjinga av minstepris.

Lovutkastet har med eit nytt forslag om føresegn som gjev departementet heimel til å påleggje fiskesalslaga å kontrollere råstoffkvalitet og råstoffhandtering til havs og etter landing.

Departementet foreslår at det eksisterande forskriftsverket og enkeltvedtak fastsett i eller etter råfisklova, vert vidareført inntil det vert oppheva. Departementet vil ha ein gjennomgang av forskriftene som er fastsette etter råfisklova for å harmonisere føresegnene så langt det er mogleg eller ønskjeleg.

## 2 Bakgrunnen for lovforslaget

Lov om omsetning av råfisk (råfiskloven) tredde i kraft 1. januar 1952. Formålet med lova var opphavleg å sikre fiskarane gode og stabile prisar for fisken, men salslagssystemet har seinare utvikla seg betydeleg. Systemet medverkar i dag til klare og føreseielege oppgjersvilkår for alle som handlar med fisk i første hand, og er ei sentral kjelde for forvaltninga til informasjon om fangstaktiviteten. Ordninga er avgjerande for kvotekontroll, sporing og kartlegging.

Det er likevel stilt spørsmål ved enkelte sider av salslagssystemet. Dette gjeld særleg spørsmålet om legitimiteten til ordninga fordi lova gjev dei fiskareigde salslaga rett til einseitig å fastsetje minsteprisar, som er bindande både for seljar og kjøpar av fisk i første hand. Salslaga og organisasjonane til fiskekjøparane vart i 2005 samde om å opprette ei prøveordning med privat meklingsinstans ved usemje om minsteprisen, under føresetnad av at fiskesalslaga beheldt retten til å einseitig fastsetje endeleg minstepris. Prøveordninga varte i to år, i 2007 og 2008, og til saman vart det gjennomført åtte meklingar.

På oppdrag frå Fiskeri- og kystdepartementet evaluerte Kontali Analyse AS i 2009 denne prøveordninga. Regjeringa har i Meld. St. 8 (2009-2010) Gjennomføring av råfisklova og fiskeeksportlova i 2007 og 2008, orientert Stortinget om at departementet ville vurdere korleis evalueringa skal følgjast opp. Næringskomiteen uttalte i den samanhengen at dei ser fram til ei tilbakemelding til Stortinget om dette.

På denne bakgrunnen bestemte Fiskeri- og kystdepartementet å opprette ei partssamansett arbeidsgruppe for å gjennomgå:

- Erfaringane frå prøveordninga med meklingsinstans ved usemje om fastsetjing av minstepris på omsetning av fisk i første hand og evalueringa som er gjort av prøveordninga, og eventuelt foreslå tiltak.
- Oppdatering av råfisklova i høve til utviklinga av salslagssystemet etter at lova vart vedteken i 1951.

Rapporten frå arbeidsgruppa vart send på offentlig høyring 2. desember 2011, med høyringsfrist 2. mars 2012.

Departementet ser i tillegg behov for ein eigen lovheimel for departementet til å stille krav til råstoffkvalitet og råstoffhandtering til havs og etter landing, og at salslaga òg skal føre tilsyn med føresegner om kvalitet.

På bakgrunn av arbeidsgruppa sin rapport, innspel frå høyringsinstansane og behovet for lovteknisk gjennomgang av råfisklova, har Fiskeri- og kystdepartementet utarbeidd forslag til ny lov om førstehandsomsetning av viltlevande marine ressursar.

### 2.1 Høyringsinstansar

---

Fiskeri- og kystdepartementet sende rapporten frå arbeidsgruppa på allmenn høyring 2. desember 2011, med frist til 2. mars 2012. Følgjande høyringsinstansar fekk tilsendt rapporten til fråsegn:

Finansdepartementet  
Fornyings-, administrasjons- og kyrkje-  
departementet  
Justis- og politidepartementet  
Kommunal- og regionaldepartementet  
Nærings- og handelsdepartementet  
Sametinget

Fiskeridirektoratet  
Garantikassa for fiskarar

Norges Råfisklag  
Norges Sildesalgslag  
Rogaland Fiskesalgslag  
Skagerakfisk  
Sunnmøre og Romsdal Fiskesalslag  
Vest-Norges Fiskesalslag

Det norske maskinistforbund  
Fiskekjøpernes forening  
Fiskeri- og havbruksnæringsens landsforening  
Landsorganisasjonen  
Norges Fiskarlag  
Norges Kystfiskarlag

Norsk Sjømannsforbund  
Norske Sjømatbedrifters Landsforening  
Norsk Sjøoffisersforbund  
Pelagisk forening

Følgjande høyringsinstansar gav fråsegn:

Fornyings-, administrasjons- og kyrkje-  
departementet  
Sametinget

Fiskeridirektoratet

Norges Råfisklag  
Norges Sildesalgslag  
Rogaland Fiskesalgslag  
Skagerakfisk  
Sunnmøre og Romsdal Fiskesalslag

Vest-Norges Fiskesalslag

Fiskekjøpernes Forening  
Fiskeri- og havbruksnæringens landforening  
(FHL)

Landsorganisasjonen (LO)

Norges Fiskarlag

Norges Kystfiskarlag

Norske Sjømatbedrifters Landsforening (NSL)

Pelagisk forening

Sjømannsorganisasjonenes Fellessekretariat (på  
vegne av Norsk Sjømannsforbund, Norsk Sjø-  
offisersforbund og Det norske maskinistfor-  
bund)

Justis- og beredskapsdepartementet, Nærings- og  
handelsdepartementet og Fellesforbundet hadde  
ikkje merknader til rapporten.



## 3 Om fiskesalslaga

### 3.1 Historisk gjennomgang<sup>1</sup>

#### 3.1.1 Råfisklova og salslaga

Fiskarane stifta i mellomkrigstida eigne salsorganisasjonar for fisk. Dei gjorde det for å få høgre og meir stabile prisar for fangstane og dermed betre inntekt. Fiskeprisane var svært låge på 1920- og 1930-talet som følgje av den generelle økonomiske krisa og omveltingane i handelslivet i kjølvatnet av første verdskrigen. Det vart i startfasen stifta salslag for dei enkelte fiskeslag og særskilde fiskeri. Dei første laga var Storsildlaget for sildefisken nord for Stad, stifta i 1927, og Stor- og Vårsildlaget for sildefisken sør for Stad, stifta året etter.

Fiskarane var avhengig av internt samhold for å få salslaga til å fungere, men motstridande interesser mellom ulike grupper gjorde dette vanskeleg. Resultatet vart eit krav om lovvern av dei to salslaga, slik at all førstehandsomsetning måtte gå gjennom dei. Styresmaktene gav eit slikt lovvern for dei to sildelaga, først gjennom ei provisorisk ordning i desember 1929, deretter ved ei mellombels lov våren 1930.

Å få skipa frivillige salslag innanfor torskesektoren var ei langt meir komplisert oppgåve, med langt fleire aktørar og med eit fiske som føregjekk over eit mykje større område og gjennom det meste av året. Det viste seg å vere uråd å løyse oppgåva utan ei meir generell råfisklov. Stortinget vedtok ei slik lov i 1938. Dette skjedde som følgje av ein lang og komplisert prosess. For det første sette Stortinget i gang eit stort utgreiingsarbeid ved å nemne opp Lønnsomhetskomiteen i 1934. Målet var auka lønsemd i fiskerinæringa, og fleirtalet gjekk inn for organisering som kriseløysing. For det andre hadde styresmaktene med klippfisklova i 1932 gjeve eksportørane i torskesektoren auka styrke gjennom ei monopolordning. Råfisklova medverka til å balansere makta til eksportørane ved å styrkje fiskarane si makt i fiskeomsetninga. For det tredje medverka ein fiskar-

streik i Finnmark i 1937 til å sikre lovvern for ein lokal minsteprisavtale for ferskfisk som styrka fiskarane si sak. Nye utgreiingar følgde før Stortinget i juni 1938 vedtok råfisklova mot røystene frå Høgre og Samfunnspartiet. Det vart gjennomført ei avrøysting blant fiskarane same hausten, og fleirtalet for organisert omsetning var overveldande, nesten 90 prosent. Etter dette vart det stifta salslag også innanfor torskesektoren, og den organiserte omsetninga kom i gang under vinterfisket i 1940.

Den første tiårsperioden i råfisklovas historie var ein aktiv fase for stifting av salslag for førstehandsomsetning, og i 1948 var det skipa 15 lovverna salslag. Lova av 1938 var ei mellombels fullmaktslov, som gav Fiskeridepartementet vide fullmakter til å bestemme kva salslag som skulle få lovvern, og på kva for vilkår.

I 1951 vart det lagt fram ein stortingsproposisjon om ei permanent råfisklov. Lov om omsetning av råfisk (råfiskloven) tredde i kraft 1. januar 1952. Råfisklova gjev Kongen heimel til å fastsetje at omsetning av råfisk i første hand berre skal kunne skje gjennom eller med godkjenning av organisasjonar av fiskarar.

I dag er det seks fiskesalslag som forvaltar omsetningsretten etter råfisklova. Fiskesalslaga er i rettsleg forstand samvirkeforetak, som er eigde og vert styrte av fiskarar. Ansvarsfordelinga mellom salslaga heng saman med kva for fiskeslag som vert omsett og kva for geografisk ansvarsområde fangsten skal landast i. Norges Sildesalgslag har ansvaret for all førstehandsomsetning av sild, makrell, lodde og andre pelagiske fiskeslag, uavhengig av kvar fangstane vert landa. Dei andre fiskesalslaga har ansvar for alle andre artar. Norges Råfisklag har ansvaret for fisk som vert landa frå og med Finnmark til og med Nordmøre. Sunnmøre og Romsdal Fiskesalslag (SUROFI) har ansvar for Sunnmøre og Romsdal, Vest-Norges Fiskesalslag for Sogn og Fjordane og Hordaland, Rogaland Fiskesalgslag for Rogaland og Skagerakfisk for kyststrekninga frå og med Vest-Agder til og med Østfold.

<sup>1</sup> Gjennomgangen byggjer på ei utgreiing frå Bjørn Hersoug, Pål Christensen og Bjørn-Petter Finstad frå Norges Fiskerihøgskole ved Universitetet i Tromsø, til arbeidsgruppa.

### 3.1.2 Moxnesutvalet og prøveordning med meklingsinstans

I 1990 leverte Moxnesutvalet sluttinnstillinga si i NOU 1990: 24 om fiskeindustriens organisering og rammevilkår. Utvalet hadde som oppgåve å greie ut organisering og rammevilkår i fiskeindustrien. I ettertid er utvalet mest kjent for å foreslå ei fullstendig oppheving av lov om omsetning av fisk fra tilvirker (tilvirkerloven) og leggje grunnen for dagens næringsorganisering på produsentsida.

Utvalet vurderte også råfisklova, og innstillinga følgjer kjende spor med tanke på minstepris-systemet, kjøpargodkjenning, dirigeringsplikt, leveringar frå utanlandsk flåte og avgiftsnivå. Representantane for foredlingsleddet gjekk inn for ei omfattande liberalisering av råfisklova, medan fiskarrepresentantane, med enkelte unntak, forsvarte eksisterande lov. Under punkt 2.1.2 i NOU 1990: 24 uttalar utvalet mellom anna at dei meiner prisetfastsetjinga på råstoffet i første hand prinsipielt bør avspegle den marknadsprisen som ein kan oppnå. Det at prisane på første hand ein-sidedig kan fastsetjast av salslaga dersom forhandlingar om pris ikkje når fram, er noko som ofte er kritisert av industrien og av kjøparane, vert det hevda. Det går vidare fram at:

”Utvalgets medlemmer Andersen, Alkem Andresen, Fiskarstrand, Fladmark, Krane, Krüger, Lerøy og Myklevold mener at råfiskloven må tilpasses dagens situasjon. Målsettingen må være at prisen på fisk blir fastsatt etter forhandlinger mellom likeverdige parter. Som en overgangsordning mener disse medlemmene at det kan etableres en meklingsinstans som tar avgjørelse i tilfelle partene ikke blir enige. Det er ikke i tråd med det som gjør seg gjeldende på andre områder i samfunnet at fiskerne som eiere av sitt produkt suverent skal kunne fastsette prisen med loven i hånd. Grovt sett kan man si at det står like mye bak av kapital og arbeid på land som på sjøen. Det vil derfor være et mer tidsmessig syn å hevde at sjø og land utfører hver sin del av den samlede aktivitet i næringen, og at partene er gjensidig avhengige av hverandre. Det virker i dag urimelig at den ene parten skal ha en monopolstilling vis-a-vis den andre. I økonomisk sammenheng er det ikke lenger tale om en ”sterk” og en ”svak” part, slik det kunne være da råfiskloven ble vedtatt. Tiden er derfor etter disse medlemmenes oppfatning inne til å endre råfiskloven i takt med samfunnsutviklingen.

Utvalgets medlemmer Harsvik, Hastad, Hepsø og Nes mener at det nåværende system hittil har virket tilfredsstillende. Det vises til at det ikke dreier seg om noen kjøpetvang. Blir det fastsatt av salgslaget en pris som markedet ikke kan dekke, så går dette ikke minst ut over fiskerne. Selve systemet har derfor innebygd i seg at det opptres med ansvar.”

Forslaget frå utvalet vekke debatt, og fleire tunge næringsaktørar følgde opp krava om ein meir likestilt forhandlingssituasjon og ikkje minst høve til å inngå langsiktige kontraktar. Råfisklova vart likevel stort sett uendra, med unntak av at salslaga si kjøpargodkjenning fall bort og enkelte andre mindre endringar.

Gjennom St.meld. nr. 19 (2004-2005) om marin næringsutvikling (Den blå åker) vart det gjort opptak til eit prøveprosjekt mellom salslaga og landindustrien om langsiktige leveringsavtalar. Prøveprosjektet gjekk frå 1. august 2005 til 1. september 2007. I praksis var det berre dei tre største salslaga som kom til å nytte slike avtalar, med klart størst deltaking i Sildesalgslaget (402 avtalar), følgd av Sunnmøre og Romsdal Fiskesalslag (70 avtalar). I Råfisklaget var interessa minimal med berre ni avtalar. Fiskeriforskning gjennomførde ei omfattande evaluering (2007) av prøveprosjektet og fann at ulike flåtegrupper har ulike erfaringar med slike avtalar. For nokre fungerte dei godt, medan andre var misnøgde både med forma på avtalen og med prisane. I hovudsak fungerer avtalane som ei form for prissikring for fiskarane, medan kjøparsida har vore opptekne av føreseieleg tilgang på råstoff. Etter at prøveperioden var over har Sunnmøre og Romsdal Fiskesalslag vidareført sitt tilbod om langsiktige avtalar, medan interessa i dei andre salslaga har vore lita.

I stortingsmeldinga vart også salslaga, FHL og NSL oppmoda om å etablere ein meklingsinstans som ei prøveordning. Meklingsinstansen skulle nyttast dersom det ikkje vart semje om prisen i førstehandsomsetninga. I 2005 vart partane samde om ei slik prøveordning. Det vart inngått avtale mellom Fiskesalgslagenes Samarbeidsråd, Norges Fiskarlag, Fiskeri- og havbruksnæringens landsforening (FHL) og Norske Sjømatbedrifters Landsforening (NSL). Meklingsinstansen skulle bestå av to fagpersonar og ein leiar frå Riksmeklingsmannen. Det vart oppretta to nemnder, ei for kvitfisk og ei for pelagisk fisk. Ordninga tredde i kraft 1. januar 2007 og fungerte i to år, fram til utgangen av 2008. Meklingsinstansen fungerte likevel slik at salslaga, dersom dei var usamde med resultatet frå meklingsinstansen,

framleis kunne fastsetje minsteprisen. Ordninga vart praktisert i alt åtte gonger, seks gonger i pelagisk sektor og to gonger i kvitfisksektoren.

I etterkant av prøveordninga fekk Kontali Analyse i oppdrag av departementet å lage ein rapport med gjennomgang og evaluering av prøveordninga. Kontali Analyse intervjuar representantar for fiskarane og industrien og for organisasjonane deira, og gjennom dette kartla dei legitimiteten til ordninga og kva ho hadde å seie for forhandlings-situasjonen til partane. Evalueringa viste at pelagisk sektor var vesentleg meir positiv enn det kvitfisksektoren var, og at kjøparane var langt meir fornøgde enn fiskarane.

### 3.2 Førstehandsomsetninga

---

Etter råfisklova skal all fisk som vert omsett i første hand, omsetjast gjennom eller med godkjenning av eit fiskesalslag. Dette inneber at omsetning, utførsel eller tilverking av fangst er forbode så sant det ikkje skjer gjennom det ansvarlege fiskesalslaget. Råfisklova inneber også at omsetninga må skje etter forretningsreglar som fiskesalslaga har vedteke.

Dei ulike fiskesalslaga har fastsett ulike måtar å organisere førstehandsomsetninga på. Norges Sildesalgslag organiserer omsetninga gjennom auksjonar. I praksis melder fartøya inn fangsten til Norges Sildesalgslag, som gjennomfører auksjonen. Andre fiskesalslag har meir varierte omsetningsreglar. Til dømes tillet Norges Råfisklag at omsetninga kan skje gjennom direkteavtalar mellom fiskar og fiskekjøpar, at ein legg fangstar ut på auksjonssystem eller at det skjer gjennom meir langsiktige avtalar.

Fiskesalslaga har også gjennom forretningsreglane utarbeidd oppgjersvilkår for korleis pengetransaksjonane mellom fiskar og fiskekjøpar skal gjennomførast. Det er eit viktig element i salslags-systemet at oppgjeret etter salet, i all hovudsak ikkje skjer på kaikanten direkte mellom fiskar og fiskekjøpar. Eit unntak frå dette er til dømes kaisal. I all hovudsak er det fiskesalslaga som står for utbetalinga til fiskarane, ikkje mottaksbedrifta. Dette kjem blant anna av at fiskesalslaget gjev fiskekjøparane kreditt, noko som inneber at kjøpar ikkje treng å betale for fangstane like etter landing. I staden er det fiskesalslaget som betalar den aktuelle salssummen til fiskaren. Fiskekjøparen (mottaket) betalar salssummen til fiskesalslaget innan utløpet av kredittida. Systemet sikrar at fiskarane får betaling for fangsten, og samtidig er mottaket sikra ei viss kredittid. Dette medverkar

til ei føreseieleg og effektiv førstehandsomsetning av dei viltlevande marine ressursane.

Ut over dette gjev også råfisklova salslaga fullmakt til å *regulere* fisket av omsyn til avtaket eller for å få til ei tenleg utnytting av fangstane. Føresegna om regulering kan til dømes vere aktuell ved toppar i fisket som fører til at det reiser seg spørsmål om fisken i det heile kan omsetjast.

Råfisklova gjev også salslaga fullmakt til å *dirigere* fangstar til bestemte kjøparar eller til bestemt bruk når det er nødvendig, anten for å få omsett fangstane på den mest tenlege måten for fiskarane eller for å få ei heldig gjennomføring av fiske, avtak, produksjon eller vidareomsetning.

### 3.3 Kontrolloppgåvene til fiskesalslaga

---

#### 3.3.1 Ansvar for ressurs- og omsetningskontroll

Salslaga har sidan 1990 hatt eit ansvar i arbeidet med den nasjonale ressurskontrollen. Dette arbeidet har vorte stadig viktigare dei seinare åra fordi Noreg legg stor vekt på berekraftig forvaltning av dei viltlevande marine ressursane og på innsatsen mot ulovleg, uregistert og urapportert fiske. Dette arbeidet har også vore ei naturleg utvikling sidan all førstehandsomsetning er organisert gjennom fiskesalslaga. Saman med Fiskeridirektoratet og Kystvakta, utgjer fiskesalslaga i dag ein svært viktig del i den norske ressurskontrollen. Salslaga har oppgåver både i ressurskontroll etter havressurslova og omsetningskontroll etter råfisklova. Kontrollen inneber utøving av offentleg makt. Kontrollarbeidet til fiskesalslaga omfattar også kvotekontroll og inndraging av fangst utover kvote. Ressurskontrollen er avgrensa til opplysningar som naturleg følgjer av salslaget si verksemd, som til dømes kvotekontroll.

Den nye havressurslova som vart vedteken 6. juni 2008 gjev salslaga eit større ansvar og vidare heimlar når det gjeld den nasjonale ressurskontrollen. Desse endringane er gjennomgått i Ot.prp. nr. 20 (2007-2008) kapittel 8.1.9.

Eit sentralt grep i havressurslova i denne samanhengen er plikta fiskarane har til å føre all fangst av fisk i land. Ei generell ilandføringsplikt for all fisk medverkar til ei meir miljøvennleg og optimal utnytting av ressursane fordi fisken vert teken vare på. Ilandføringsplikta vil saman med andre tekniske reglar medverke til at vi får eit meir korrekt bilete av ressursuttaket enn når det er påbode eller mogleg å kaste ut fangst. Plikta til ilandføring gjeld også dersom fangsten er teken i

strid med føresegner i eller i medhald av lova, men då er det ein føresetnad at haustarane ikkje skal få ha verdien av ulovleg fangst, jf. havressurslova § 54. Dette er bakgrunnen for forskrift om inndraging av fangst og bruk av inndregne midlar.

Hovudpoenget i forskrifta er å regulere kva formål salslaga kan bruke inntekta dei får av inndregen fangst til, og at salslaga har overteke ein del av inndragingsretten som tidlegare låg til Fiskeridirektoratet. Dette må vi sjå i samanheng med at salslaga stadig får ei viktigare rolle i ressurskontrollarbeidet. Etter kvart som tekniske løysingar utviklar seg, vil dei gjennom systema sine på enkle måtar kunne avdekkje brot på reglane. Inndregne midlar skal i det alt vesentlege nyttast til kontrollarbeid.

Salslaga skal også kontrollere at omsetnings-systemet vert følgt, og at førstehandsomsetninga skjer i tråd med råfisklova eller føresegner gjevne etter råfisklova.

Salslaga har, gjennom den daglege kontakten med fiskarar og kjøparar og kontrollen med uttaket, tileigna seg god kunnskap om dei utfordringar styresmaktene og næringa har. Bidraget til god ressurskontroll og langsiktig forvaltning av ressursane er i dag ein av grunnane til eksistensen til salslaga.

Salslaga sitt stadig større ansvar for ressurskontrollen heng naturleg saman med verksemda til laga. Salslaga si organisering og grada av kontrollarbeid og kontrolltypar er likevel ulik. I Innst. 213 S (2009–2010) bad næringskomiteen om ei evaluering av kvaliteten og ressursbruken i salslaga sitt kontrollarbeid. Departementet har difor kartlagt innhaldet og omfanget av kontrollarbeidet i dei ulike salslaga.

Evalueringa tek mellom anna føre seg om ressursbruken er kostnadseffektiv, og kor sannsynleg det er at brot på reglane vert oppdaga ved kontroll. Vidare inneheld evalueringa ei kartlegging av kva type kontrollar dei enkelte salslaga utfører og korleis desse vert utført, samt kva det er reagert mot og korleis det er reagert. Gjennomgangen kan bidra til å belyse kontrollaktiviteten og sikre likebehandling på tvers av salslaga. Det vert i denne samanheng vist til arbeidet som er lagt ned i "Prosjekt salgslag", der Fiskeridirektoratet og salslaga har samarbeidd om å kartleggje rutinar i kontrollarbeidet og foreslå tiltak, under dette å betre datautvekslinga mellom direktoratet og salslaga.

Evalueringa vurderer kva salslaga sine utvida fullmakter etter havressurslova og råfisklova har fått å seie. Salslaga er som private organisasjonar

avhengige av legitimitet i kontrollarbeidet sitt. Kontrollarbeidet må innordnast slik at ein ikkje kan stille spørsmål ved misbruk av opplysningar som salslaga får tilgang til om konkurrerende verksemdar.

I Meld. St. 16 (2011–2012) om gjennomføring av råfisklova og fiskeeksportlova i 2009 og 2010, gjev departementet i kapittel 3.6 følgjande vurdering av kontrollarbeidet til salslaga:

"Gjennomgangen av salslaga sitt kontrollarbeid har avdekkja til dels store ulikskapar salslaga i mellom med omsyn til kontroll. Årsakene til dette kan vere ulik organisering, ulik bemanning og ulikt fokus på dei ulike oppgåvene.

Departementet fastsette 26. november 2010 ein ny instruks om salslaga si kontrollplikt. Denne er i hovudsak ei vidareføring av den førre instruksjonen frå 1991, men med oppdateringar i høve til havressurslova.

Kontrollarbeidet i Fiskeridirektoratet, Kystvakta og salslaga vert samordna i ei årleg nasjonal strategisk risikovurdering. I dette dokumentet vert det gjort ei samla vurdering av risiko for ulovlege handlingar innanfor ulike område, grunna på erfaring, reguleringane for dette året, kontrollhistorikk, tilhøva i marknaden og lokal kunnskap.

(...)

Departementet legg til grunn at dei to største salslaga har best evne til kontroll ut frå tilgjengelege ressursar. Gjennomgangen viser at det er ulik evne og vilje for tilrettelegging og utøving av kontroll på staden. Dokumentkontroll i ettertid er eit viktig element i kontrollarbeidet, men departementet ønskjer at salslaga også er meir tilstades med fysisk kontroll på kaikanten.

Dei minste salslaga har få ressursar til å oppfylle sine plikter etter havressurslova, og dei ulike salslaga oppfyller sine plikter i ulik grad. Det ser mellom anna ut til at nokre lag manglar både evne og vilje til å gjennomføre fysiske kontrollar.

På same måten som i proposisjonen til havressurslova, vil departementet understreke at sjølv om ressurskontroll ikkje er salslaga si primære oppgåve, har dei ei svært viktig rolle i det samla ressurskontrollarbeidet. Departementet vil også understreke at dei har eit større potensial for å utføre ressurskontrolloppgåver enn det som vert utnytta i dag.

Salslaga har ofte minst like god informasjon om mange viktige opplysningar i sann tid som

styresmaktene, og kan peike ut aktuelle kontrollsituasjonar. Gjennom samarbeidet med Fiskeridirektoratet har ein kome langt i å utnytte denne informasjonen.

Det kan likevel vere meir å hente gjennom samarbeid, både mellom Fiskeridirektoratet og salslaga og mellom salslaga sjølve. Slikt samarbeid er viktig både for å utnytte ressursane best mogleg, og for å utnytte den informasjonen som er tilgjengeleg i ulike system best mogleg. Det er også viktig for å sikre lik grad av kontroll mellom ulike distrikt. Betre samordning kan særleg vere ein avgjerande reiskap for at kontrolloppgåvene i distrikta til dei små salslaga skal kunne løysast på ein god nok måte. Det vil ikkje vere akseptabelt, verken for styresmaktene eller for fiskarane, at graden av kontroll er ulik etter kva for distrikt fangsten vert landa i.

På denne bakgrunn vil det verte arbeid vidare med salslaga si rolle i den nasjonale ressurskontrollen, både i den årlege strategiske risikovurderinga og på andre måtar. Målet vil vere ein adekvat og lik kontroll, basert på overordna risikovurderingar.”

Departementet vil i denne samanheng vise til lovutkastet § 7, som legg til rette for samarbeid mellom salslaga om oppgåver som kan vere tent med slike løysingar.

### 3.3.2 Intern kontroll

Alle salslaga skal revidere rekneskapane sine i samsvar med gjeldande reglar for dette.

Råfisklova § 3 fastset at fiskesalslag med einrett til omsetning av fisk osv. i første hand skal ha ei kontrollnemnd. Representantskapet vel nemnda som i perioden mellom kvart møte i representant-

skapet skal føre kontroll med virket til dei utøvande organa, mellom anna vedtekter og forretningsreglar.

### 3.4 Offentleg kontrollør

---

Råfisklova § 3 andre ledd fastset at Fiskeri- og kystdepartementet skal ha høve til å oppnemne ein offentlig kontrollør i kvart salslag. Det er i dag oppnemnde kontrollørar for alle salslag. Den viktigaste funksjonen er å føre kontroll med at den delen av verksemda til salslaget som er forvaltningsverksemd, vert utført i samsvar med gjeldande regelverk.

Fiskeri- og kystdepartementet har fastsett ein instruks for kontrollørane som inneber at vedkomande skal gje årlege rapportar til departementet, og rapportane skal mellom anna innehalde merknader til årsmelding og rekneskap.

Etter instruksjonen skal kontrolløren følgje verksemda til laget, sjå til at ho er i samsvar med god forretningsskikk og sjå til at verksemda vert driven innanfor rammene av gjeldande lov og føresegner. Kontrolløren skal ha tilgang til alle bøker, protokollar og all korrespondanse som laget sine organ har, og skal etter oppmoding få tilgang til andre opplysningar. Kontrolløren har rett til å vere til stades på laget sine styremøte, representantskapsmøte o.l.

Instruksjonen seier vidare at kontroll med prisfastsetjing eller prisforhandlingar ligg utanfor oppgåvene til kontrolløren, med mindre Fiskeridepartementet oppmodar om slik kontroll. Kontrolløren skal ikkje fungere som juridisk rådgjevar for salslaget. Statens kontrollør skal på eige initiativ halde fiskeristyresmaktene orienterte om forhold som kontrolløren reknar med har noko å seie for økonomien og drifta til salslaget.

## 4 Om arbeidsgrupperapporten om gjennomgang av råfisklova

Regjeringa bestemte 5. november 2010 å opprette ei partssamansett arbeidsgruppe som fekk i oppgåve å vurdere erfaringane frå prøveordninga med meklingsinstans ved usemje om fastsetjing av minstepris på fisk i første hand, og gjennomføre ein teknisk gjennomgang av råfisklova.

Mandatet vart avgrensa av at hovudtrekka i salslagssystemet og omsetningsmonopolet skulle ligge fast, medrekna at det framleis skal fastset-

jast ein minstepris for fisk i første hand. Innanfor desse rammene skulle arbeidsgruppa vurdere:

- Erfaringane frå prøveordninga med meklingsinstans ved usemje om fastsetjing av minstepris på omsetning av fisk i første hand og evalueringa som er gjort av prøveordninga, og eventuelt foreslå tiltak.
- Oppdatering av råfisklova i høve til utviklinga av salslagssystemet etter at lova vart vedteken i 1951.

Tabell 4.1

Deltakarar i arbeidsgruppa	Foreslått av:
Leiar: Ove Midttun	
August Fjeldskår (vara: Heidi Rånes)	Norges Fiskarlag
Johannes Nakken (vara: Sveinung Flem)	Norges Fiskarlag
Gerd Kristoffersen (vara: Paul Jensen)	Norges Kystfiskarlag
Nils Williksen (vara: Jurgen Meinert)	NSL
Grethe Fosli (vara: Marta Valdes)	LO
Kristin Alnes (vara: Geir Ove Ystmark)	FHL
Magnar Pedersen (vara: Liv Monica Stubholt)	FHL

Fiskeri- og kystdepartementet ved Vidar Landmark, Reidar Mogstad og Kjersti Vartdal utgjorde sekretariatet til arbeidsgruppa.

Arbeidsgruppa overleverte rapporten "Gjennomgang av råfiskloven" 31. oktober 2011.

Arbeidsgruppa foreslår i rapporten å erstatte dagens råfisklov med ei ny moderne lov: Lov om førstehandsomsetning av viltlevande marine ressursar (fiskesalslagslova).

Lovutkastet byggjer i stor grad på råfisklova, men inneheld i tillegg ein del nye element. Det gjeld til dømes at krava til salslaga er tilpassa samvirkelova. Vidare er føresegnar om verkeområde for lova og straffe- og inndragingsføresegnene harmoniserte med havressurslova og deltakar-lova.

Forslaget frå arbeidsgruppa er samrøystes på dei fleste punkt. Arbeidsgruppa er delt i synet på følgjande saker:

- Tvisteløysing ved usemje mellom salslag og andre partar om minstepris.
- Rett til å fastsetje salsvilkår og omsetningsformer.
- Framgangsmåte ved prøving av om reguleringar av haustinga og dirigering av fangstane er innanfor heimlane i lova.

Arbeidsgruppa meiner at det framleis kan fastsetjast ein minstepris. Formålet med minstepris skal vere å oppnå ei rimeleg fordeling av inntekt frå marknaden mellom fiskar og industri. Minstepris skal fastsetjast etter forhandlingar mellom fiske-salslaget og dei andre partane.

Dersom partane ikkje vert samde under forhandlingane, foreslår medlemmene i arbeidsgruppa følgjande løysingsmekanismar:

- Fire medlemmer, representantane frå FHL, NSL og leiaren i arbeidsgruppa, går inn for ei

ordning der minsteprisen ved usemje vert fastsett av ein uavhengig tredjeperson – ein oppmann.

- Tre medlemmer, representantane frå Norges Kystfiskarlag og Norges Fiskarlag, går inn for ei meklingsordning etter same modell som prøveordninga frå 2007-2008. Dersom meklinga ikkje fører fram, kan salslaget bestemme minstepris.
- LO sin representant foreslår at det vert oppretta ei meklingsnemnd der resultatet av meklinga skal vere bindande for partane.

I tillegg til spørsmålet om fastsetjing av minstepris, foreslår arbeidsgruppa å vidareføre ordninga med at det kan fastsetjast salsvilkår og omsetningsformer. Arbeidsgruppa delte seg i synet på om retten til å fastsetje salsvilkår og omsetningsformer skal liggje til salslaget slik det er i dag, eller om det berre kan gjerast etter avtale mellom salslaget og dei andre partane.

Eit fleirtal på 5 representantar, frå Norges Kystfiskarlag, Norges Fiskarlag og LO og leiaren i

arbeidsgruppa, går inn for at salslaget etter å ha lagt spørsmålet fram for partane, kan fastsetje salsvilkår og omsetningsformer.

Eit mindretal på 3 representantar, frå FHL og NSL, går inn for at salsvilkår og omsetningsformer skal fastsetjast etter avtale mellom salslaget og dei andre partane, og av oppmannen dersom partane ikkje vert samde.

Arbeidsgruppa foreslår vidare at salslaget får mandat til å regulere hausting og dirigering av fangstane. På dette punktet er arbeidsgruppa delt i synet på framgangsmåten dersom nokon av partane finn det nødvendig å prøve om reguleringa er lovleg. Eit fleirtal på 5 representantar, frå Norges Kystfiskarlag, Norges Fiskarlag, LO og leiaren i arbeidsgruppa, går inn for at partar som ønskjer å prøve om ei slik regulering er lovleg, må følgje vanleg framgangsmåte ved prøving av forvaltningsvedtak.

Eit mindretal på 3 representantar, frå FHL og NSL, går inn for at partane får høve til å la oppmannen avgjere spørsmålet om reguleringa er lovleg.

## 5 Generelt om høyringsfråsegnene

Høyringsinstansane var i stor grad todelt i synet sitt på forslaga frå arbeidsgruppa. Dei to fraksjonane deler seg alt etter kva side av sjømatnæringa høyringsinstansen representerer, flåtesida eller industrisida.

Norges Fiskarlag og dei andre fiskarorganisasjonane, medrekna fiskesalslaga, går i det vesentlege inn for alle forslaga frå fiskarane sine representantar i arbeidsgruppa. Enkelte meiner at det ikkje er behov for endringar av råfisklova, men uttalar at dersom det skal gjerast endringar i lova, må endringane vere i samsvar med fiskarrepresentantane sine forslag. Fiskarorganisasjonane har i stor grad samstemte og likelydande høyringssvar. Endringsforslaget manglar ei fagleg konsekvensvurdering i høve til alle partar i verdikjeda, men ikkje minst konsekvensen av å gje ein tredjepart avgjerande myndigheit, vert det uttalt. Fiskarsida gjer mellom anna gjeldande at fiskesalslaga er fiskarane sin felles eigedom, og vert heilt ut finansiert av fiskarane. Dei presiserer at prinsippet i råfisklova om at fiskarane (fiskesalslaga) har rett til å fastsetje ein minstepris, må stå fast. Erfaringane har vist, hevdar dei, at salslaga er svært varsame med fastsetjing av minstepris, i og med at også fiskarane er avhengige av ei smidig og god omsetning av produkta.

Dei viser også til at formålsføresegna i forslaget til arbeidsgruppa berre har eit samfunnsperspektiv. Berekraftig ressursforvaltning er eit myndighetsansvar, og kjem til uttrykk i havressurslova, hevdar dei. Formålet i ny lov må difor vere meir fiskarretta, det vil seie at lova har til formål å sikre rettane til fiskaren. Fiskarsida meiner at forslaga frå arbeidsgruppa til formålsføresegn og oppmannsordning, vil endre råfisklova dramatisk. Dei hevdar også at råfisklova bidreg til å sikre delar av norsk fiskeindustri. I den samanhengen uttalar dei at fråver av eller ein lågare minstepris truleg ville resultert i en større omlegging frå fersk til fryst fisk i delar av kystflåten, og dermed redusert tilgangen på råstoff til delar av fiskeindustrien.

*Norges Råfisklag* viser til at råfisklova er eit innarbeidd omgrep i næringa, og meiner difor at namnet bør bestå.

*FHL og NSL* går inn for dei endringar som vert fremma av industrirepresentantane i arbeidsgruppa. *FHL* meiner at det ikkje er overordna viktig om det er oppmannsordninga eller meklingsnemnd som vert valt som løysingsmekanisme ved usemje om fastsetjing av minstepris. Det avgjerande er at avgjerdsmakta vert flytta vekk frå salslaga. Industrien meiner at det er viktig å fremme eit regelverk som kan skape ein breiare legitimitet til salslaga og råfisklova.

*FHL* meiner at råfisklova på mange område er ein viktig reiskap for fiskerinæringa. *FHL* uttalar at råfisklova på ein god måte mellom anna sikrar oppgjer for fiskar, organiserer omsetningsplass for førstehandsomsetning og arbeid med sluttsetlar, ressursdokumentasjon og sporing, medrekna fangst- og landingssertifikat, miljøsertifisering etc. Men dei områda der salslaga gjennom råfisklova får rett til einseitig å fastsetje både minsteprisar og alminnelege salsvilkår, er ei grunnleggjande svak side ved dagens fiskerilovgjeving, meiner *FHL*. Dei viser til at salslaga er eigd av fiskarane og vert styrt av tillitsvalde fiskarar, at salslaga gjennom råfisklova har monopol på å fastsetje minstepris og salsvilkår, og at fiskeindustrien er fråteken høvet til medråderett dersom det oppstår usemje om prisar og vilkår. Den historiske bakgrunnen for å innføre råfisklova var knytt til sosiale og økonomiske tilhøve i mellomkrigstida, og til ei skeiv fordeling av både makt og økonomi mellom fiskarane og industrien i denne perioden, uttalar *FHL*. Dei viser til vøreigarøkonomien i Nord-Noreg der fiskekjøparane hadde stor makt og sterkare økonomiske ressursar enn fiskarane. Dei viser vidare til at fiskeria var opne og prega av ein sterk tilvekst av opne fiskefartøy i samband med arbeidsløysa på 1930-talet. Dette er det historiske bakteppet som danna legitimiteten for å gje fiskarane monopolrettar på kostnad av fiskeindustrien, meiner *FHL*. Et sentralt spørsmål til fiskesalslagssystemet sin legitimitet knytt til minsteprisfastsetjinga og salsvilkår, er etter *FHL* sitt syn om reiarane og fiskarane er ei utsett gruppe i dag, og om det er skeive økonomiske forhold som kan legitimere at ei gruppe av private næringsdrivande (fiskeindustrien) skal påleggjast risikoav-



lasting overfor ei anna gruppe private næringsdrivande.

Industrisida stør elles dei forslaga som representantane til industrien fremma i arbeidsgruppa, medrekna forslaga om fastsetjing av salsvilkår og omsetningsformer og regulering og dirigering.

*LO* går inn for forslaget frå *LO* sin representant i arbeidsgruppa om prosedyre ved usemje om minsteprisfastsetjinga.

Forslaget om å modernisere råfisklova, og gje regelverket eit meir pedagogisk uttrykk, får uttrykt støtte av eit stort fleirtal av høyringsinstansane.

## 6 Sentrale tema i høyringa

### 6.1 Formålsføresegna

#### 6.1.1 Gjeldande rett

Råfisklova har ingen formålsparagraf, men det er lagt til grunn at lova skal medverke til å auke lønsemda i fiskerinæringa gjennom å sikre gode og stabile prisar. I Ot.prp. nr. 63 (1951) side 8 går det fram at:

”De fiskerorganisasjoner som er dannet og har fått lovbeskyttelse i medhold av råfiskloven har alle hatt til formål [gjennom organisert omsetning] å arbeide for gode og stabile priser og like salgsvilkår for de forskjellige grupper fiskere, og derigjennom hindre usunn konkurranse i utbudet av de tilvirkede fiskeprodukter”.

#### 6.1.2 Forslaga frå arbeidsgruppa

*Arbeidsgruppa* meiner det er tenleg å gje fiskesalslagslova ei eiga formålsføresegn. Dei viser til at både havressurslova og deltakarlova har formålsparagrafar, og *arbeidsgruppa* meiner det såleis kan vere tenleg å samordne utforminga av lovene. *Arbeidsgruppa* foreslår at formålet med lova er å medverke til ei berekraftig og samfunnsøkonomisk lønsam forvaltning av viltlevande marine ressursar. Dette formålet skal etter forslaget til *arbeidsgruppa* nåast gjennom å leggje til rette for gode rammer for førstehandsomsetninga og ved å sikre god dokumentasjon av ressursuttaket.

#### 6.1.3 Høyringsfråsegner

*Norges Kystfiskarlag* presiserer at salslaga er fiskarane sin felles eigedom, og dei vert finansierte heilt ut av fiskarane. Dette må kome til uttrykk i formålsparagrafen.

*Pelagisk Forening* meiner at det opphavlege formålet med minsteprisen, dvs. å sikre fiskarane gode og stabile prisar for fisken, framleis må ligge til grunn.

*Sjømannsorganisasjonane (Norsk Sjømannsforbund, Norsk Sjøoffisersforbund og Det norske maskinistforbund)* meiner at ordlyden i forslaget til formål vert misvisande sett i høve til dagens råfisklov og dei oppgåvene som ligg til salslaga. Forslaget er slik det står fram formulert utelukkande mot dei samfunnsmessige sidene ved råfisklova, og tek etter *sjømannsorganisasjonane* sitt syn ikkje med den historiske bakgrunnen for etableringa av lova og fiskarane sine interesser. Dette utgjer ei endring av lova, uttalar dei. *Sjømannsorganisasjonane* meiner at formålet kan reknast teke vare på i vedtektene i 5 av dei 6 salslaga. Her går det fram av laga skal sikre fiskarane sine inntekter gjennom gode prisar og trygge betalingsvilkår. Vidare er det slik, uttalar dei, at sjølv om dei samfunnsmessige forholda ved lova har fått meir å seie, mellom anna gjennom tilførte kontroll- og dokumentasjonsoppgåver, har ikkje salslaga forvaltningsansvar. Det vert halde fram at det ligg til styresmaktene å sikre ei berekraftig forvaltning av ressursane. *Sjømannsorganisasjonane* viser til at fiskesalslaga heilt ut er finansierte av fiskarane. Salslaga er heilt avhengige av å ha legitimitet hos fiskarane og at fiskarane sluttar opp om råfisklova og salslagssystemet, hevdar dei. Slik forslaget ligg føre, vil salslaga fort kunne stå fram meir som ein reiskap for styresmaktene enn for eigarane sine, og dermed misse legitimitet med dei følgjer det inneber for næringa samla sett, uttalar *sjømannsorganisasjonane*. *Sjømannsorganisasjonane* meiner at det er heilt avgjerande at formålet med den nye lova, i tillegg til dei samfunnsmessige dimensjonane, har ein heilt tydeleg fiskardimensjon. Dei foreslår at formålet vert endra til:

”Formålet med loven er å bidra til en organisert førstehandsomsetning, kontroll- og dokumentasjon av ressursuttaket av viltlevende marine ressurser. Salgslagene skal igjennom sine tjenester sikre fiskernes inntekter og bidra til en bærekraftig og lønnsom verdiskaping i norsk fiskerinæring.”

*Norges Råfisklag* meiner at formålsføresegna fullt og heilt er formulert ut frå dei samfunnsmessige

sidene ved råfisklova. *Råfisklaget* meiner at arbeidsgruppa sitt forslag til formål bør gå inn som ein del av formålet med lova. Sjølv om dei samfunnsmessige forholda ved råfisklova har fått meir å seie, mellom anna gjennom tilførde kontroll- og dokumentasjonsoppgåver, meiner *Råfisklaget* at det framleis er viktig å ta vare på eit klart fiskarorientert perspektiv i formålet med å ha ei organisert førstehandsomsetning. Dette er også ein viktig historisk dimensjon ved bakgrunnen for denne lovgjevinga, vert det hevda. *Norges Råfisklag* meiner også det kan først gode argument for at det først og fremst er primærprodusentane, i dette høvet fiskarane, som er avhengige av at førstehandsmarknaden er velorganisert. Dette er tilfelle for sjømat så vel som for landbruksprodukt, uttalar fiskesalslaget. Primærprodusenten er den som i størst grad må ta konsekvensane av marknadssvingingar i ein heilt uregulert marknad, meiner *Råfisklaget*. Vidare viser *Råfisklaget* til at fiskesalslaga heilt og fullt er finansiert av fiskarane, sjølv om mange av oppgåvene, til dømes dei som gjeld kontroll og dokumentasjon, representerer behov i heile verdikjeda eller gjeld samfunnsmessige omsyn. *Norges Råfisklag* meiner at fiskesalslaga er heilt avhengige av legitimitet hos fiskarane og at fiskarane sluttar opp om råfisklova og salslagssystemet. Etter *Råfisklaget* si mening er det difor heilt avgjerande at formålet med den nye lova også har ein heilt tydeleg fiskardimensjon. Som eit forslag til korleksjon viser dei til *Råfisklaget* si formålsformulering:

”Ved organisert førstehandsomsetning av råfisk og viltlevande marine ressursar skal Norges Råfisklag gjennom sine tjenester sikre fiskernes inntekter og bidra til en bærekraftig og lønnsom verdiskaping i norsk fiskerinæring.”

*Skagerakfisk* meiner at formålet med råfisklova vert uttrykt i vedtektene til salslaga som er godkjende av departementet. 5 av 6 salslag har som formål å sikre fiskarane sine inntekter gjennom gode prisar og trygge betalingsvilkår, uttalar *Skagerakfisk*. *Skagerakfisk* viser vidare til at salslaga er private rettsobjekt som er organiserte som samvirke, der berre fiskarar kan vere medlemmer. At formålet er retta inn mot interessene til eigarane er difor naturleg. *Skagerakfisk* meiner at eit medverkande kontrollansvar ikkje er forvaltningsansvar. Det er heller ikkje retten til å regulere fisket under spesielle forhold. Berekraftig forvaltning av ressursane er styresmaktene sitt ansvar, hevdar

*Skagerakfisk*. Vidare viser dei til at salslaga heller ikkje har hatt samfunnsøkonomisk lønsam forvaltning som mål, men å ta vare på fiskarane sine interesser i verdikjeda. Forslaget vil, etter *Skagerakfisk* sin mening, endre formålet med råfisklova slik dette har vore oppfatta gjennom alle år. Salslaga vil stå fram meir som ein reiskap for styresmaktene enn for eigarane sine, hevdar *Skagerakfisk*, noko som kan svekkje fiskarane si tillit, og dermed oppslutninga om salslaga. *Skagerakfisk* viser til at redusert legitimitet vil kunne føre til svekka rolle som privat organisasjon, men også som offentleg forvaltar. Dette vil vere negativt for fiskerinæringa. *Skagerakfisk* oppmodar om at formålet vert endra til ”å sikre fiskernes inntekter og bidra til en lønnsom verdiskaping i fiskerinæringen, samt å sikre god dokumentasjon av ressursuttaket”.

*Fiskeridirektoratet* uttalar at arbeidsgruppa og rapporten deira med forslag er inne på ein del sentrale emne som med fordel kan regelfestast, så som lovformål og verkeområde.

Ingen av kjøparorganisasjonane har særskilde merknader til formålsføresegna.

#### 6.1.4 Vurderingane til departementet

Etter departementet sitt syn er det tenleg at ei ny og moderne lov om førstehandsomsetning av viltlevande marine ressursar, har ein formålsparagraf. Omsetningssystemet og fiskesalslaga fyller fleire viktige roller som bør gå tydeleg fram av formålet. Departementet viser også til at både havressurslova og deltakarlova har formålsparagrafar, og det er ønskjeleg at fiskesalslagslova vert samordna med desse lovene.

Høyringsinstansane som representerer fiskarsida viser til at forslaget frå arbeidsgruppa manglar ein fiskarretta profil. Formålet med lova legg vekt på samfunnsdimensjonane, slik også havressurslova og deltakarlova gjer, vert det hevda. Dette meiner fiskarsida er uheldig og viser til at formålet bak fiskesalslaga er å sikre fiskarane inntekt. Formålet bør difor leggast nærare opp til fiskesalslaga sine eigne formålsføresegner, vert det sagt. Mellom anna har Norges Råfisklag følgjande formålsføresegn:

”Ved organisert førstehandsomsetning av råfisk og viltlevande marine ressursar skal Norges Råfisklag gjennom sine tjenester sikre fiskernes inntekter og bidra til en bærekraftig og lønnsom verdiskaping i norsk fiskerinæring.”

Sjølv om minsteprisen er eit viktig element i lova er ikkje departementet einig i at det å sikre fiskarane inntekter bør vere dominerande i sjølve formålsparagrafen. Men i realiteten vil det først og fremst vere minsteprisen som kan sikre fiskarane sine inntekter, og i den samanhengen viser vi til departementet sine vurderingar i kapittel 6.2.4. Førstehandsomsetninga, som lova skal regulere, har etter departementet sitt syn ein større dimensjon enn berre å sikre fiskarane inntekt. Lova skal mellom anna sikre stabile rammevilkår for omsetninga, noko som er til fordel for både industrisida og flåtesida. Førstehandsomsetninga påverkar også resten av verdikjeda, og medverkar til arbeidsplassar i landindustrien. Etter forslaget frå arbeidsgruppa er formålet med minstepris "å oppnå en rimelig fordeling av inntekt fra markedet mellom fisker og industri". Departementet er einig i dette, men dette kan kome direkte til uttrykk i minsteprisparagrafen.

Fiskesalslaga har vidare eit samfunnsansvar gjennom si rolle som kontrollmyndigheit i ressursforvaltninga. Denne rolla vert truleg viktigare i tida framover, noko også arbeidsgruppa ser ut til å meine.

Fiskesalslaga fyller i dag med andre ord fleire roller – marknadsplass, interesseorganisasjon og myndigheitsorgan. Spørsmålet er kva for roller lovgjevar bør framheve gjennom lovformålet. Departementet viser til at formålet både etter havressurslova og deltakarlova framhevar samfunnsdimensjonane ved lovene, og departementet meiner, slik som arbeidsgruppa, at dei tre hovudlovene i fiskeriforvaltninga, havressurs- deltakar- og råfisklova, bør harmoniserast når det gjeld formål.

Det vil vere opp til dei politiske styresmaktene å avgjere korleis ein best mogleg kan medverke til å nå formåla innanfor dei rammene lova gjev. Kva omsyn som eventuelt kan føre til mest mogleg berekraftig og samfunnsøkonomisk lønsam forvaltning av viltlevande marine ressursar, kan endre seg over tid. Å trekkje fram spesifikke grupper eller omsyn i ein slik samanheng vil etter departementet sitt syn ikkje vere tenleg.

## 6.2 Fastsetjing av minstepris

### 6.2.1 Gjeldande rett

Både fastsetjing av minstepris for den enkelte art og kontroll av at prisføresegnene vert følgde, inngår i fullmakta etter råfisklova § 4. Heimelen vert i dag brukt til å regulere prisane for dei viltlevande marine ressursane som salslaga har omsetningsrett for, gjennom at salslaga normalt fastset min-

steprisar. Prisane vert fastsette etter konsultasjonar mellom salslaget og representantar for industrien. Dersom partane ikkje vert einige, fastset salslaget einsidige minsteprisar.

Til vanleg fastset fiskesalslaga minsteprisar før kvar hovudsesong i dei enkelte fiskeria, men praktiseringa av når og kor ofte minsteprisar vert fastsette, kan variere. Minsteprisar kan berre fastsetjast for dei fiskeslaga som fell inn under omsetningsretten til salslaga.

### 6.2.2 Forslaga frå arbeidsgruppa

*Arbeidsgruppa* hevdar at det opphavlege formålet med minsteprisen var å sikre fiskarane gode og stabile prisar for fisken. *Arbeidsgruppa* viser til at bakgrunnen var at særleg kystflåten ikkje kunne utnytte marknadsmekanismane godt nok. Men marknaden for førstehandsomsetning av fisk har endra seg mykje sidan råfisklova tredde i kraft i 1952, uttalar *arbeidsgruppa*. Kva minsteprisen faktisk har å seie kan variere mellom salslaga, noko også arbeidsgruppa peiker på. *Arbeidsgruppa* viser til at det er ulik storleik på salslaga, og det kan føre til at førstehandsomsetninga kan føregå noko ulikt og det kan vere ulikskapar i korleis minsteprissystemet vert forvalta. Nokre salslag fastset minsteprisar ofte og set minsteprisen lik marknadspri, medan andre heller let minsteprisen liggje som eit golv under marknadspri i førstehandsmarknaden. *Arbeidsgruppa* viser også til at fiskeflåten gjennomgåande har fått betre lønsemnd gjennom strukturering, mobiliteten til fiskeflåten har auka sterkt og marknadsinformasjonen har vorte tilgjengeleg for alle aktørar i verdikjeda. Likevel er det framleis slik at mindre fartøy med liten mobilitet, som må drive innanfor sesongfiskeria, er sterkt avhengige av lokale kjøparar, vert det hevda.

I omtalen av næringa vert ofte dei to partane, fiskarane og industrien, rekna som to relativt homogene grupper. I følge *arbeidsgruppa* er denne omtalen ikkje rett. *Arbeidsgruppa* uttalar at det er store ulikskapar og fleire ulike interesser innanfor begge gruppene. *Arbeidsgruppa* viser til at fiskeflåten består av alt frå små og mellomstore sjarkar med liten mobilitet til store havgåande fartøy, og fiskeindustrien består av alt frå små mottak til store kjøpargrupperingar. For begge grupper er det store ulikskapar i kvar ein er plassert geografisk og difor er det også ulik tilgang til fangstar og marknader, uttalar *arbeidsgruppa*.

*Arbeidsgruppa* viser til at det ved fleire høve kan setjast skilje i effekten av minstepris i pelagisk sektor versus kvitfisksektoren, mellom

omsetning på auksjon eller ikkje auksjon og mellom små og store aktørar. I følgje salslaga er det ein del aktørar som ofte sel til minstepris. Det går fram av rapporten at årsaka til dette kan vere at desse aktørane ikkje er i posisjon til å forhandle fram ein pris som dei elles kunne fått ein annan stad. Det kan også bety at minsteprisen er sett lik reell omsetningspris i førstehandsmarknaden, vert det hevda. *Arbeidsgruppa* uttalar at avhengig av korleis ein meiner at minsteprisen bør setjast, vil nokon kunne hevde at minsteprisen i eit slikt høve er sett riktig, medan andre kan hevde at minsteprisen er sett for lågt sidan han ikkje fungerer som eit golv. Dersom minsteprisen er sett for høgt i høve til prisen på sluttproduktet kan dette medverke til omsetningsproblem, noko som på sikt vil kunne regulere minsteprisen til eit meir riktig nivå, uttalar *arbeidsgruppa*.

Industrien opplever at det er manglande legitimitet som er hovudutfordringa ved dagens ordning med å fastsetje minstepris. *Arbeidsgruppa* meiner at legitimitetsutfordringa kan løysast best ved å gje industrien større innverknad ved fastsetjing av minsteprisen. *Arbeidsgruppa* foreslår at salslaget og industrisida, etter forhandlingar og avtale, skal bestemme minsteprisar. Vedkomande salslag fastset så minstepris i samsvar med den avtalen som partane kom fram til. *Arbeidsgruppa* nemner at det er oppnådd semje i dei fleste minsteprisforhandlingane som er gjennomførde, og medlemmene trur dette vil vere slik også i framtida. *Arbeidsgruppa* meiner vidare at det er tenleg at partane i fellesskap kan avgjere om det skal fastsetjast ein minstepris for det enkelte fiskeslag og kor ofte minsteprisen bør justerast.

Formålet med minsteprisen er, etter *arbeidsgruppa* sitt forslag, å oppnå ei rimeleg fordeling av inntekt frå marknaden mellom fiskar og industri. *Arbeidsgruppa* ønskjer i utgangspunktet at det bør fastsetjast minstepris på alle fiskeslag, men det er ikkje sikkert at det skal vere minstepris på alle artar heile tida. *Arbeidsgruppa* viser til at minstepris er eit viktig instrument for hovudfiskeslaga, men at prisforhandlingane ikkje nødvendigvis sikrar dei mindre viktige artane like godt.

*Arbeidsgruppa* meiner at når ein tek avgjer om å innføre minstepris bør det takast omsyn til at marknadssituasjonen for enkelte produkt kan endre seg frå dag til dag, og at situasjonen kan vere svært ulik i ulike geografiske område sjølv om dei høyrer inn under same salslag.

*Arbeidsgruppa* er delt i tre fraksjonar i spørsmålet om korleis ei eventuell usemje om minsteprissspørsmålet skal handterast. Kvar fraksjon i *arbeidsgruppa* skisserer forslag til løysingsmekani-

nismar. Fire medlemmer, representantane frå FHL, NSL og gruppeleiaren, går inn for ei ordning der minsteprisen ved usemje vert fastsett av ein uavhengig tredjeperson – ein oppmann. Tre medlemmer, representantane frå Norges Fiskarlag og Norges Kystfiskarlag, går inn for ei meklingsordning etter same modell som prøveordninga 2007-2008. Dersom meklinga ikkje fører fram, kan salslaget bestemme minstepris. Eit anna mindretal, representanten frå LO, foreslår at ein nyttar ei meklingsnemnd der resultatet av meklinga skal vere bindande for partane.

### 6.2.3 Høyringsfråsegner

Fleirtalet av *høyringsinstansane* støttar forslaget om at det skal kunne fastsetjast minsteprisar, og at dette kjem fram i lova.

*Høyringsinstansane* deler seg hovudsakleg i to grupper i spørsmålet om løysingsmekanisme dersom det ikkje vert semje mellom partane i prisdrøftingane. Berre LO, og til dels FHL, støttar LO sitt forslag i arbeidsgruppa.

*Norges Fiskarlag* meiner det er ei stor svakheit med rapporten at konsekvensar av forslaget ikkje er utgreidd eller belyst på eit fagleg grunnlag. *Fiskarlaget* viser spesielt til forslaget om at retten til å bestemme minstepris skal overførast frå salslag til ein tredjepart, som til dømes ein oppmann eller ei meklingsnemnd som avgjer spørsmålet med bindande verknad. Dette er ei dramatisk endring av dagens råfisklov, hevdar *Fiskarlaget*, og det inneber at ein tek frå fiskarane retten til å bestemme vilkåra for sal av eigne produkt. Endringsforslaget manglar ei fagleg konsekvensvurdering i høve til alle partar i verdikjeda, men ikkje minst konsekvensen av å gje ein tredjepart avgjerande myndigheit, vert det uttalt. *Fiskarlaget* meiner at ein konsekvens av å flytte ansvaret frå salslaga og over på ein meklingsmann eller oppmann, er at offentlege styresmakter i større grad enn i dag må ta konsekvensane av avgjerder som vert tekne. Etter *Norges Fiskarlag* si vurdering vil det å gje ein tredjepart avgjerande myndigheit i minsteprisfastsetjinga med meir, redusere ansvarskjensla til partane under sjølve forhandlingane, og at det opplagt vil føre til auka polarisering og motsetningar i næringa. *Norges Fiskarlag* støttar forslaget om ei lovfesta meklingsordning, men fiskesalslaget skal framleis ha høve til sjølv å fastsetje minsteprisen dersom salslaget ikkje er einig med meklingsinstansen.

*Norges Kystfiskarlag* presiserer at prinsippet i råfisklova om at fiskarane (fiskesalslaga) har rett til å fastsetje ein minstepris på produkta fiskarane

skal selje, må stå fast. Erfaringane har vist at salslaga er svært varsame i fastsetjinga av minstepris, i og med at også fiskarane er avhengige av ei smidig og god omsetning av produkta, uttalar *Norges Kystfiskarlag*.

*Pelagisk Forening* meiner at forslaget om ein uavhengig tredjeperson (oppmann), ikkje er heldig. *Pelagisk Forening* viser til at fiskesalslaga har ein funksjon som gjer at dei kjenner marknaden frå fleire sider, og kan vanskeleg sjå at ein oppmann kan ha meir kunnskap om minsteprisfastjing enn eit salslag. Fiskarane må sjølve bestemme, via minsteprisen til salslaga, kva dei ønskjer å selje varene sine for, hevdar *Pelagisk Forening*. *Pelagisk Forening* går inn for ei meklingsordning der salslaget sjølv bestemmer minstepris dersom det ikkje vert semje i meklinga.

*Sjømannsorganisasjonenes fellesekretariat* meiner at dersom ein skulle velje å innføre prosedyrar ved usemje i minsteprisfastsetjinga, så støttar *sjømannsorganisasjonane* forslaget om ei meklingsordning der salslaga framleis har siste ordet dersom mekling ikkje fører fram. *Sjømannsorganisasjonane* går klart i mot at retten til å bestemme minsteprisen skal overførast til ein annan instans som til dømes ein oppmann eller ei meklingsnemnd med bindande resultat. Dei hevdar at ei slik ordning vil kunne påverke posisjonen til forhandlingspartane under forhandlingane, med risiko for auka avstand mellom partane, i motsetning til ved mekling der partane vert bringa nærare kvarandre for å finne ei løysing.

*Norges Råfisklag* meiner at råfisklova og fiske-salslaga er sentrale faktorar for at norsk fiskerinæring er ei suksesshistorie. Dette må liggje til grunn når ein vurderar behovet for å endre råfisklova, uttalar dei. *Råfisklaget* hevdar at råfisklova gjev norske fiskarar ein sentral posisjon i omsetninga av produkta deira. Etter *Råfisklaget* sitt syn har fiskesalslaga handtert myndigheita etter råfisklova på ein god, langsiktig og samfunnsbyggande måte. *Norges Råfisklag* vil på generelt grunnlag hevde at seljaren av eit produkt bør ha ein sterk posisjon når det gjeld å bestemme vilkåra for å selje produktet som seljaren eig. *Råfisklaget* meiner at det er fleire tilhøve som gjer at fiskarane ikkje er i ein ideell vallsituasjon når dei skal selje produkta sine. *Råfisklaget* viser til at det er mange små og mellomstore aktørar som kan knive om leveransar, og ein sterkt desentralisert struktur medverkar til at marknadsmekanismane ikkje fungerer godt og det vert skapt regionale innkjøpsmonopol. Fisk er ei fersk og lett forgjengeleg vare med raskt kvalitets- og verditap, og det

er store sesongfiskeri der fiskarane er avhengige av å fiske og kjøparane har svært god tilgang på fisk.

*Råfisklaget* meiner det er heilt legitimt at fiskarane har rett til å bestemme vilkåra for å selje produkta. Det vert hevda at dei spesielle tilhøva tilseier at dette må skje innan kollektive løysingar for at det skal vere effektivt. *Norges Råfisklag* går imot at retten til å bestemme minsteprisen skal overførast til ein annan instans som til dømes ein oppmann eller ei meklingsnemnd med bindande resultat. *Råfisklaget* meiner dette vil føre til eit brot på prinsippet om at fiskarane skal ha retten til å bestemme vilkåra for sal av sine eigne produkt. Det har vore grunnprinsippet i alle år under råfisklova. *Råfisklaget* meiner at det å bringe inn ein annan instans med avgjerande makt i pris-spørsmålet, eller for den del i andre spørsmål, endrar ansvarstilhøvet i omsetningssystemet i avgjerande grad. I dag har fiskesalslaga ansvaret for det endelege resultatet. Dersom det vert bringa inn ei anna myndigheit som skal ha det siste ordet, så vil denne instansen sitje med ansvaret for det endelege resultatet, uttalar *Råfisklaget*. Det er sjølvsagt ei stor belastning, og det knyter styresmaktene tettare til konsekvensane av avgjerdene som vert tekne, uttalar laget vidare. *Råfisklaget* meiner dette kan skape auka grunnlag for å krevje at styresmaktene ryddar opp i konsekvensane av avgjerda. *Råfisklaget* peiker på nokre faktorar som fungerer som sikkerheitsmekanismar for å sikre at partane forhandlar likeverdig innanfor dagens system. Det vert vist til at salslaga er avhengig av råfisklova for å utføre sentrale funksjonar knytt til minstepris og oppgjer. Dette betyr, etter *Råfisklaget* si mening, at fiskesalslaga er avhengige av politisk legitimitet for det dei gjer. Dersom salslaga over tid misbrukar makta si til til dømes å setje for høg minstepris, vil dei misse denne legitimiteten med risiko for at lovgrunnlaget vert fjerna.

*Råfisklaget* viser til at den norske fiskeflåten, særleg den minste og minst mobile flåten som leverer ferske produkt, er heilt avhengig av å selje fangstane sine til norsk fiskeindustri. Dersom fiskarane (fiskesalslaga) bestemmer ein utilbørleg høg minstepris, så kan kjøparane nekte å kjøpe fisk, eventuelt i form av ein organisert kjøpestopp. Dersom fiskesalslaga etablerer ein minstepris som bremsar avsetninga i toppsesongane, så vil fiskeflåten presse på for å få løysingar som sikrar betre flyt i avsetninga, uttalar *Råfisklaget*.

*Råfisklaget* sluttar seg til forslaget med meklingsordning der fiskesalslaga har det siste ordet. Det vil vere svært krevjande for eit fiske-

salslag å ikkje følgje dei råda som ei slik meklingsnemnd fremmar, meiner *Råfisklaget*. *Norges Råfisklag* reknar med at ein meklingsinstans med avgjerande makt vil kunne redusere ansvarskjensla hos partane under forhandlingane. Dette kan føre til auka polarisering og motsetning i næringa, uttalar *Råfisklaget*.

*Skagerakfisk* ser fordelar med ei ny lov som i utgangspunktet skal vere ei oppdatering av råfisklova i høve til utviklinga av salslagssystemet og vurderinga av minsteprisfastsetjinga. Laget meiner at delar av forslaget går lenger enn å oppdatere, og vil, dersom det vert vedteke, endre viktige prinsipp i råfisklova. På bakgrunn av erfaringane frå prøveordninga, stiller *Skagerakfisk* spørsmål om det er eit påtrengjande behov for ei meklingsordning. Dei viser til at delar av arbeidsgruppa tilrår å vidareføre ei mekling ved usemje om pris, og at dette kan takast inn i lova. *Skagerakfisk* meiner at spørsmålet om meklingsordning bør avgjerast mellom det enkelte salslag og motparten, og eventuelt takast inn i forretningsreglane eller salsvilkåra. Salslaget peiker på at prosedyrar for meklinga kan gå fram av forretningsreglane eller salsvilkåra slik partane måtte ønskje å ha dei.

*Skagerakfisk* meiner at eineretten til å fastsetje minstepris også har gjeve salslaga rett til å fastsetje minstepris ut frå bruk av råstoffet og marknad. Dei viser til Høgsteretts dom Rt. 1977 s. 433, der dette vert stadfesta. *Skagerakfisk* viser til at desse elementa ikkje er nemnde i lovforslaget og heller ikkje drøfta i tilrådinga frå arbeidsgruppa. Dette er eit svakt punkt i tilrådinga sidan det er salslaga som i dag fastset pris både ut frå bruk av råstoffet og marknad, uttalar *Skagerakfisk*. Salslaga må, etter *Skagerakfisk* sitt syn, framleis ha rett til ei slik prisdifferensiering, og dette må konkretiserast i lova. Prisdifferensieringa fører til fleksibilitet for kjøparane og bidreg til størst mogleg verdiskaping basert på råstoffet, meiner fiskesalslaget.

*Skagerakfisk* uttalar også at minstepris verkar stabiliserande i ein marknad der tilførslane svingar som følgje av vør og vind. Salslaget viser til at det er fastsett minsteprisar på fisk og skaldyr i dei fleste vestlege land. Dette understrekar at minsteprisar er viktige for verdiskaping, konkurranse og ein variert flåtestruktur også i andre land, uttalar *Skagerakfisk*. *Skagerakfisk* viser til at arbeidsgruppa foreslår at mekling skal gjennomførast ved usemje om pris. Skal spørsmålet om mekling takast inn i lova må skal-regelen endrast til ein kan-regel, meiner salslaget. Laget viser til at partane i somme høve kan leve med ei usemje. *Ska-*

*gerakfisk* meiner at mekling må vurderast i lys av at det er ein ressurskrevjande prosess som kan føre til eit meir fastlåst og mindre fleksibelt resultat. *Skagerakfisk* meiner at salslaga må ha siste ord ved prisfastsetjinga.

*Sunnmøre og Romsdal Fiskesalslag (SUROFI)* meiner at formålet med minstepris slik det går fram av forslaget ideelt sett er rett, men berre teoretisk. SUROFI uttalar at det viktigaste formålet med minsteprisen er å sikre at den minste flåtegruppa, som også er minst mobil, skal oppnå prisar som samsvarar i rimeleg grad med dei prisane andre fiskarar oppnår i ein konkurranseutsett marknad. SUROFI viser vidare til at marginane til industrien er meir eller mindre stabile, og prisane er difor viktigare for resultatet til flåten, enn dei er for industrien.

*Vest-Norges Fiskesalslag* meiner det er viktig at minstepris vert fastsett fordi det medverkar til å stabilisere marknaden og har mykje å seie, spesielt for den minste flåten. *Salslaget* foreslår at mekling om minstepris vert gjort permanent, men med dei avgrensingane som var i prøveordninga. *Vest-Norges Fiskesalslag* støttar dermed forslaget om meklingsordning, men slik at salslaget har endeleg avgjerdsrett. *Salslaget* viser til at laga er sjølvstendige rettssubjekt som sjølve må kunne vurdere kor stor kredittrisiko dei er villige til å ta. *Salslaget* uttalar at det i enkelte forhandlingar har vorte provosert fram mekling for å teste meklingsinstituttet og kva resultat det kan gje. Elles støttar *salslaget* dei argumenta som er komne fram i arbeidsgrupperapporten frå representantane frå Norges Fiskarlag.

*Rogaland Fiskesalgslag* uttalar at det må liggje til den seljande parten å kunne fastsetje allmenne salsvilkår og praktiske omsetningsformer ut frå det formålet salslaget har og som mellom anna seier noko om gode prisar og sikre betalingsforhold. *Rogaland Fiskesalgslag* støttar forslaget om meklingsordning, men slik at salslaget har endeleg avgjerdsrett.

*Norges Sildesalgslag* uttalar at den som skal ha ansvaret for førstehandsomsetninga, nemleg salslaga, også må ha dei nødvendige fullmaktene til å fastsetje minsteprisar dersom meklingsnemnda kjem opp med forslag som kan ha uante negative konsekvensar. Dei viser til erfaringar frå meklingsordninga, der forslaget frå meklingsnemnda i realiteten innebar ei halvering av prisen på nvg-sild på 300 til 325 gram. *Sildelaget* viser også til at FHL under prøveordninga med mekling, bad laget om å diktere ein minstepris for nordsjøsild utan å gå til mekling. *Sildelaget* foreslår difor at lovteksten vert endra til:

”Dersom partene gjennom forhandlinger ikke oppnår enighet om minsteprisfastsettelsen skal spørsmålet om minstepris, dersom en av partene forlanger det, bringes inne for mekling.”

*Norges Sildesalgslag* støttar forslaget om meklingsordning, men slik at salslaget har endeleg avgjerdsrett.

*Fiskeri- og havbruksnæringens landsforening (FHL)* meiner at det er viktig å fremme eit regelverk som kan skape ein breiare legitimitet for salslaga og råfisklova. Ordninga i dag med organisering av minsteprisdrøftingar og fastsetjing av salsvilkår fører, etter *FHL* sitt syn, til ein udemokratisk og systematisk maktubalanse mellom flåten og industrien. Ein slik systematisk og institusjonalisert maktubalanse fører i seg sjølv til at det er svak legitimitet knytt til nivå for minsteprisar og salsvilkår, vert det uttalt. *FHL* stiller spørsmål ved om det er behov for ein slik institusjonalisert maktubalanse mellom industrien og fiskeflåten, og om det er alternative innretningar som kan sikre at makta vert meir jamt fordelt innanfor dei rammer som mandatet for arbeidsgruppa gjev. *FHL* understrekar at ei av hovudutfordringane knytt til manglande legitimitet er at den eine parten har einsidige rettar og ei einsidig makt. Legitimitetsutfordringa må difor løysast ved at dei omstridde delane av verkeområdet til råfisklova vert løfta ut av salslaget og over til ein institusjon der den eine parten ikkje har eigarrettar eller ein einsidig rett, uttalar *FHL*.

*FHL* viser til at vurderinga av prøveordninga med mekling, viser at ingen av aktørane på fiskarsida ønskte å vidareføre prøveordninga. Dette fortel, etter *FHL*s syn, at salslaga og fiskarane såg på meklingsinstansen som ei ordning som utfordra den absolutte monopolstillinga til fiskarane. Sjølv om realiteten var at salslaga framleis einsidig kunne fastsetje minsteprisar, førde ordninga til at salslaga meinte at dei miste makt, meiner *FHL*.

*FHL* viser vidare til at eit fleirtal på industri-sida, både i pelagisk sektor og i kvitfisksektoren, såg det slik at prøveordninga ikkje hadde gjeve ein reelt betre forhandlingssituasjon. *FHL* skriv at realiteten var at salslaget framleis kunne fastsetje den prisen det ønskte. Etter *FHL* sitt syn vaks det fram ei forståing som sa at meklingsnemnda måtte erstattast av ei valdgiftsnemnd med endeleg avgjerdsrett dersom ordninga skulle få noko reelt å seie og kunne jamne ut partane sin forhandlingsstyrke. Likevel, uttalar *FHL*, meinte mange aktørar i pelagisk sektor at meklingsinstansen var nyttig sidan han medverka til at Sildesalgslaget la fram betre dokumentasjon for forslaga

sine i minsteprisdrøftingane. Men viktigast var det at ein ikkje trong å la seg presse til å godta for høge minsteprisar i frykt for at laget utan semje ville fastsetje endå høgre minsteprisar, skriv *FHL*. *FHL* viser til at meklingsordninga gjorde at kjøparane kunne stå fast på ein minstepris dei kunne forsvare, og krevje mekling. *FHL* er difor ikkje einig i måten fiskarsida skildrar tilhøva på i rapporten.

Når det gjeld påstanden om misbruk av ordninga meiner *FHL* at dei hyppige meklingane i pelagisk sektor kom av sterkare usemje og eit vanskelegare forhandlingsklima, og ei steilare haldning i Sildesalgslaget enn i dei andre salslaga. *FHL* meiner at det må innførast ei ordning som baserer seg på ein nøytral tredjepart med legitimitet i heile verdikjeda, og at avgjerda ved konflikt vert flytta bort frå salslaga. *FHL* uttalar at det er underordna om dette vert organisert som ei oppmannsordning slik *FHL*, *NSL* og leiaren i utvalet har foreslått, eller om det vert organisert som ei valdgiftsnemnd slik *LO* foreslår. Det sentrale er at sjølve avgjerda ved konflikt vert flytta bort frå salslaga. Ved konflikthar bør oppmannen/valdgiftsnemnda ha mandat til å kunne ta endeleg avgjerd.

*NSL* meiner det ikkje er tilfresstillande at salslaga skal ha monopol på å fastsetje minsteprisar. Dei viser til at fiskarane i dag ikkje er ein ”svak” part som treng einsidig å fastsetje minsteprisane. *NSL* viser også til at fiskarane tidlegare, for å sikre eit inntektsgrunnlag, måtte drive sprengfiske. Dette førte til sterkt konsentrerte landingar i tid, noko som kunne føre til uheldige pristilhøve. Vidare uttalar *NSL* at fiskarane har årskvotar som dei sjølve kan fiske når dei finn det mest tenleg. Salslaget har også høve til å påverke marknadsprisane ved å fastsetje stopp eller avgrensingar i fisket. *NSL* meiner at ein fast minstepris verkar forstyrrende på omsetninga av fisk. Dette gjeld særleg fordi marknadsstilhøva endrar seg raskt. Den riktige differensieringa av prisane etter bruk er det som reflekterer etterspurnaden i marknaden. Når minsteprisane ikkje er i takt med marknaden vil dei heller ikkje verte oppfatta som riktige, meiner *NSL*. Dette kan føre til kreativitet hos seljar og kjøpar for å omgå minsteprisane på ulike måtar - lovlege som ulovlege. Følgjeleg vil etter *NSL* si meining nokon kome dårlegare ut enn andre. *NSL* uttalar at forslaget frå *LO* om eiga meklingsnemnd som fastset bindande minstepris kan vere ei mogleg forbetring samanlikna med situasjonen i dag. Problemet med forslaget, uttalar *NSL*, er samansetninga av nemnda. I dei høva der partane ikkje vert einige, meiner *NSL* at usemja vil spegle seg av i meklingsnemnda og føre til at



den sterkaste parten får gjennomslag. *NSL* meiner difor at legitimiteten til denne nemnda vil verte oppfatta som heller svak, og nemnda vil lett verte styrt av anten sjø- eller landsida. *NSL* meiner forslaget der salslaget har høve til overstyring for å fastsetje minstepris står fram som rein pynt, og er ikkje formålstenleg. Dersom partane etter prisforhandlingar ikkje vert einige, støttar *NSL* fleirtalsforslaget om at minsteprisen vert fastsett av ein uavhengig tredjeperson (oppmann).

*Fiskekjøpernes forening* meiner at prisen skal fastsetjast av ein uavhengig tredjeperson (oppmann) dersom det under forhandlingar om minstepris ikkje vert semje.

*Sametinget* støttar forslaget om at minstepris skal fastsetjast etter forhandlingar mellom fiskesalslaget og dei andre partane. Ved usemje støttar *Sametinget* forslaget om å nytte ei meklingsordning, men dersom meklinga ikkje fører fram kan salslaget sjølv avgjere minsteprisen.

*LO* støttar forslaget om meklingsnemnd som prosedyre ved usemje om minsteprisfastsetjinga. *LO* meiner at meklingane må vere reelle og kan difor ikkje støtte forslaget om at salslaga skal avgjere minsteprisen dersom meklinga ikkje fører fram. Dette vil undergrave meklingsinstituttet, uttalar *LO*.

#### 6.2.4 Vurderingane til departementet

Departementet meiner at det framleis skal kunne fastsetjast ein minstepris. Dette er i samsvar med forslaga frå arbeidsgruppa og innspela i høyringsfråsegnene.

Minsteprisen er eit viktig element innanfor førstehandsomsetninga av viltlevande marine ressurser, og det tilseier at heimelen vert framheva og utbygd i lova. Departementet meiner at minsteprisen kan vere ein faktor som har stor vekt for å skape føreseielege vilkår for partane i førstehandsomsetninga. Arbeidsgruppa gjer i punkt 5.1 i rapporten greie for kva minsteprisen har å seie i dag. Departementet meiner at denne utgreiinga reiser ein del sentrale problemstillingar.

Salslaga er ulike når det gjeld både omfanget av landingar og kva artar som vert omsette, og det kan gje naturlege ulikskapar i korleis førstehandsomsetninga føregår og korleis minsteprissystemet vert forvalta. Prisen i førstehandsmarknaden kan variere mellom regionar, avhengig av lokal tilførsel, etterspurnad og konkurranseforhold. Ulike produkttilstandar, som til dømes fersk og fryst, vil også kunne ha ulik marknadspris. Kva minsteprisen faktisk har å seie kan difor variere mellom salslaga og dei ulike fartøygruppene. Dette vil tru-

leg også vere situasjonsbiletet i framtida, noko som i seg sjølv ikkje er eit argument mot at det vert fastsett minsteprisar.

Departementet meiner at minstepris skal avgjerast etter forhandlingar mellom fiskesalslaget og fiskeindustrien i fellesskap, og fastsetjast formelt av fiskesalslaga. Dette vil innebere at den praksisen som fiskesalslaga allereie følgjer i dag, vert lovfesta. Fiskesalslaget skal fastsetje den minsteprisen som det har vorte semje om gjennom forhandlingane. Dersom det er fastsett ein minstepris vil partane vere bundne av prisen. Førstehandsomsetning til ein lågare pris enn minstepris, vil vere i strid med lova.

Departementet støttar arbeidsgruppa sitt forslag til formål med minsteprisen. Formålet med minsteprisen skal vere å oppnå ei rimeleg fordeling av inntekt frå marknaden mellom fiskar og industri. Som arbeidsgruppa peiker på kan det tenkjast at fiskarsida og industrisida er ueinige om kva som er ei rimeleg fordeling av inntekt frå marknaden. Eit naturleg utgangspunkt kan vere ei objektiv vurdering knytt opp mot dei rådande marknadsforholda. Departementet presiserer likevel at det bør vere opp til partane å vurdere kva moment det skal leggjast vekt på i ei vurdering av kva som er rimeleg. Vi viser til at minstepris vil kunne ha ulike verknader i ulike situasjonar.

Sjølv om det i mange høve vil vere ein fordel for både fiskarane og landindustrien at det vert fastsett minsteprisar på ulike artar, meiner departementet at det ikkje skal liggje føre ei legal plikt til å fastsetje minsteprisar. Etter departementet sitt syn bør spørsmål om det er tenleg å innføre minstepris, drøftast og løysast gjennom dialog mellom partane og avgjerast etter gjeldande prosedyre for minsteprisfastsetjing. Det same gjeld spørsmålet om minsteprisen skal vere differensiert for ulike storleikar og produkttilstand.

I spørsmålet om korleis eventuell usemje om minsteprisen skal handterast, konstaterer vi at høyringsinstansane deler seg etter same mønster som arbeidsgruppa.

I høyringsrunden var det berre *LO*, og tildels *FHL*, som støtta forslaget frå *LO* sin representant i arbeidsgruppa om å opprette ei meklingsnemnd der resultatet av meklinga skulle vere bindande for partane. Etter departementet sitt syn er det ei svakheit med forslaget at det opnar eit høve for partane til å posisjonere seg før prisforhandlingane. Dette vil kunne svekkje forhandlingsviljen og medverke til lite løysingsorienterte drøftingar. På sikt kan dette føre til større polarisering mellom partane og auka misnøye med systemet, noko som er uheldig og lite eigna til å oppnå formålet

med lova. Departementet meiner det har ein del å seie at prosedyrane for løysingsmekanismane er føreseielege, medrekna at det ligg føre ei avgjerdsrett som kan avgjere minsteprisspørsmålet endeleg. Vi konstaterer i lys av dette at forslaget ikkje behandlar situasjonen som kan oppstå dersom det ikkje vert semje i meklinga. Dette kan føre til langvarige meklingsrundar med fleire brot i forhandlingane. Det kan verte ressurskrevjande for partane. Usikkerheit rundt gjennomføring av minsteprissfastsetjinga kan særleg ha negative følger framfor hovudsesongane i dei ulike fiskeria. I visse situasjonar kan sjølve tidsbruken også vere eit reelt problem for avviklinga av fisket.

Departementet ser difor ikkje dette som eit aktuelt forslag.

Forslaget frå fiskarsida om meklingsinstans, men der salslaget framleis vil ha rett til å fastsetje minstepris dersom verken forhandlingar eller mekling fører fram, kan angripast med at det i realiteten berre inneber ei vidareføring av råfisklova. Det er klart at forslaget ikkje inneber ei formell juridisk utjamning av maktubalansen som fleire i næringa opplever i dag, jf. både arbeidsgrupperapporten og høyringsfråsegnene frå industriaktørane. Forslaget inneber likevel ei endring av råfisklova ved at det vert etablert ei plikt til å gjennomføre mekling dersom det ikkje vert semje gjennom prisdrøftingar. Det går fram av Kontali si evaluering av prøveordninga frå 2007–2008, at det ikkje er haldepunkt for at prøveordninga vart misbrukt av partane. Men det går fram at fiskarsida i pelagisk sektor opplevde at motparten i prøveperioden hadde redusert vilje til diskusjon, og heller ønskte å nytte seg av retten til mekling. Ei permanent meklingsordning vil likevel, etter departementet sitt syn, kunne tilføre prisdrøftingane eit positivt moment. Departementet tek evalueringa frå Kontali til etterretning, men går ut frå at partane i det lange løp har lite å hente ved ikkje å føre konstruktive og reelle prisforhandlingar.

Høyringsinstansane på fiskarsida, som har gått inn for dette forslaget, har peikt på at fiskesalslaga er avhengige av politisk legitimitet i forvaltninga av minsteprissystemet. Dersom salslaga over tid misbrukar myndigheita si ved til dømes å setje for høg minstepris, vil dei misse denne legitimiteten med risiko for at lovgrunnlaget vert fjerna, vert det hevda. Departementet er einig i dette. Departementet går difor ut frå at fiskesalslaga vil vere svært tilbakehaldne med å overprøve meklingsinstansen. Det vert såleis lagt til grunn at forslaget om meklingsinstans vil medverke til å fremme konstruktive og reelle forhandlingar mellom par-

tane, og leggje til rette for at minsteprisen får auka legitimitet i heile sjømatnæringa.

Departementet ser også positive moment ved forslaget om at ein oppmann skal kunne avgjere minsteprisen når forhandlingane ikkje fører fram. Først og fremst vil det kunne tvinge partane til å forhandle på grunnlag av godt dokumenterte posisjonar, som ein må stå for i ettertid og kunne vise fram grunnlaget for. Føresetnaden for ein slik effekt er at oppmannen berre skal kunne velje mellom dei to framlegga til minstepris som partane legg på bordet til han, Det kan vere grunn til å tru at dette over tid vil ha ein sterkt disiplinrande verknad i forhandlingane, og medverke til at det vert fastsett best moglege minsteprisar.

Samstundes vil dette forslaget føre til at oppmannen vert ståande ansvarleg for dei minsteprisane som vert fastsette når forhandlingane ikkje fører fram. Departementet ser dette som særst vanskeleg. Forslaget om ei mekling der salslaget likevel har siste ordet dersom meklinga ikkje fører fram, sikrar på same måten som dagens system at ein kan peike på kven i næringsstrukturen som er ansvarleg for den minsteprisen som vert fastsett. Når dette er eit salslag, eigd og styrt av fiskarane gjennom deira organisasjonar og der dei som vert valt til å styre laget står til ansvar overfor fiskarane, må ein kunne leggje til grunn at denne klare samanhengen mellom myndigheit og ansvar sikrar at det vert teke ansvarlege avgjerder. Departementet vil i den samanheng minne om at fiskarane, som seljar i førstehandskjøpet, ikkje einsidig har interesse av høgast mogleg førstehandspris. Fiskarane har også interesse av langsiktige moglegheiter for sal av fangsten sin, og dermed av at kjøparane også har ei rimeleg avkastning på verksemda si.

Departementet vil på denne bakgrunn gå inn for forslaget om at minstepris skal fastsetjast etter forhandlingar mellom salslaget og partane, at det skal meklast dersom forhandlingane ikkje fører fram, men at salslaget kan bestemme minstepris dersom heller ikkje meklinga fører til semje.

## 6.3 Salsvilkår og omsetningsformer

### 6.3.1 Gjeldande rett

Råfisklova § 4 fastset at fiskesalslaga skal ha forretningsreglar som inneheld dei alminnelege salsvilkåra til organisasjonen. Kjøparane må forplikte seg til å halde føresegnene til salslaga. Salsvilkåra legg til rette for at det gjeld like konkurransevilkår for aktørane, og trekkjer opp dei grunnleggjande rammevilkåra for førstehandsomsetninga.

Forretningsreglane kan innehalde føresegner om tilletne omsetningsformer som auksjonar, direktosal eller langsiktige leveringsavtalar, dirigering og regulering av avtaksmessige årsaker, fastsetjing av minsteprisar og krav til at aktørane legg til rette for omsetnings- og ressurskontroll. Vidare kan det også fastsetjast generelle oppgjersvilkår, slik som krav til garantiar, sluttsetel, oppgjerstid og avklaring av omgrep som leveringstidspunkt, risikoovergang og reklamasjonar, medrekna undersøkingsplikt og reklamasjonsfristar. Utfyllande føresegner til forretningsreglane vert ofte tekne inn i rundskriv og sirkulærebrev.

### 6.3.2 Forslaga frå arbeidsgruppa

Fleirtalet i *arbeidsgruppa*, representantane frå Norges Fiskarlag, Norges Kystfiskarlag, LO og leiaren i arbeidsgruppa, går inn for at salslaget, etter å ha lagt spørsmålet fram for partane, kan fastsetje salsvilkår og omsetningsformer. *Fleirtalet* strekar under at salslaga skal sikre at fiskarane får oppgjær, og ut frå det må salslaga ha rett til å fastsetje krav om garanti og andre betalingsvilkår. Salslaga skal leggje til rette for at fiskarane som gruppe kan nytte fangstane på best mogleg måte og salslaga må når det er nødvendig, bestemme om salet skal skje ved hjelp av auksjon, om det skal opnast for leveringsavtalar mv. Fleirtalet viser til at det her er tale om føresegner som salslaga må kunne fastsetje einsegn på vegner av fiskarane.

Eit mindretal i arbeidsgruppa, medlemmene frå FHL og NSL, går inn for at salsvilkår og omsetningsformer skal fastsetjast etter avtale mellom salslaget og dei andre partane og av oppmannen dersom ein ikkje oppnår avtale. Mindretalet meiner at salslaga ikkje må ha ei så omfattande rolle at det hindrar utvikling av normale og tette forretningsforhold mellom to likeverdige industriaktørar på sjø og land. Mindretalet meiner at konflikhtar mellom industri og fiskesalslag i større grad har vore knytt til organiseringa av handelen, enn til sjøve minsteprisspørsmålet. Som døme trekkjer mindretalet fram obligatoriske auksjonar og andre tvungne ordningar i regi av Norges Sildesalgslag. Slikt meiner dei skaper grunnlag for konflikhtar mellom sjø og land.

### 6.3.3 Høyringsfråsegner

*Norges Fiskarlag* sluttar seg til fleirtalet sine vurderingar og konklusjonar. Dei strekar under at salslaga skal sikre at fiskarane får oppgjær, og ut frå det må salslaga ha rett til å fastsetje krav om

garanti og andre betalingsvilkår. Salslaga skal leggje til rette for at fiskarane som gruppe kan nytte fangstane på best mogleg måte og salslaga må, når det er nødvendig, bestemme om salet skal skje ved hjelp av auksjon, om det skal opnast for leveringsavtalar mv. *Fiskarlaget* viser til at det er tale om føresegner som salslaga må kunne fastsetje einsegn på vegner av fiskarane. *Fiskarlaget* meiner til liks med fleirtalet i arbeidsgruppa at endringar i salsvilkåra eller omsetningsformene skal leggjast fram for dei andre partane før salslaget tek endeleg avgjerd.

*Sjømannsorganisasjonane* meiner at fleirtalsforslaget i arbeidsgruppa er ei vidareføring av gjeldande rett i tråd med den praksis som vert utøvd, og sluttar seg til dette forslaget. *Sjømannsorganisasjonane* vil på generelt grunnlag hevde at seljaren av eit produkt, i dette høvet fiskaren, har og bør ha ein sterk posisjon når det gjeld å bestemme vilkåra for å selje produktet som han eig. Det er seljaren som vel å overføre eigedomsretten til produktet og seljaren kan dermed setje vilkåra for dette i ein ideell marknad, vert det uttalt. *Sjømannsorganisasjonane* meiner difor at det er heilt legitimt at fiskarane har rett til å bestemme vilkåra for å selje produkta. *Sjømannsorganisasjonane* meiner at forholda i fiskerinæringa gjer at dette må skje innanfor kollektive løysingar (salslaga) for at det skal vere effektivt. Dersom andre enn salslaga skal ta avgjerder om salsvilkår og omsetningsformer, vil eit viktig prinsipp i råfisklova, etter *sjømannsorganisasjonane* sitt syn, verte endra. Av desse grunnane er *sjømannsorganisasjonane* klart i mot at det skal kunne meklast om salsvilkår og omsetningsformer.

*Norges Råfisklag* uttalar at det er uproblematisk, og heilt i samsvar med dagens praksis, at saka vert lagd fram for partane før endeleg avgjerd vert teken. *Råfisklaget* går klart imot at det skal meklast om dette. *Råfisklaget* meiner at seljaren må ha rett til å bestemme vilkåra som han skal selje produkta sine innanfor. Det er vanskeleg for fiskesalslaga å fastsetje vilkår og omsetningsordningar som er utilbørlege samanlikna med kva som er vanleg elles i samfunnet, då dette vil kunne føre til tap av politisk legitimitet. Salsvilkåra representerer ein kostnad ved kjøp av fisk, og vil vere ein del av kalkylane knytt til drøftingane om minsteprisar. Dersom salsvilkåra vert vesentleg endra, så vil dette normalt speglast av i minsteprisen, uttalar *Råfisklaget*.

*SUROFI* meiner det er svært viktig å føre vidare salslaga sin rett til å fastsetje salsvilkår og omsetningsformer. *SUROFI* viser til at salsvilkår omfattar mellom anna oppgjerstider og sikkerheit

for kjøp. Oppgjørstid heng nært saman med salslaga sin likviditet og kredittilgang, og *SUROFI* meiner difor at salslaga sjølve må ha kontroll med kva avtalar dei kan ta på seg. Når det gjeld å stille sikkerheit uttalar *SUROFI* at salslaga ikkje kan velje kundane sine, men det er ei avgrensing til bedrifter registrerte i kjøparregisteret. Dersom ein oppmann skulle fastsetje vilkåra for å stille sikkerheit, kunne salslaga verte tvungne til å selje ”i open rekning” sjølv om dette var uforsvarleg ut frå risiko, uttalar *SUROFI*, og peikar på at ei endring av ordninga for fastsetjing av salsvilkår vil ha vidtgående konsekvensar. *SUROFI* oppfattar det slik at både kjøpar- og fiskarsida er godt tilfreds med omsetningsformene og med den måten *SUROFI* organiserer omsetninga på. Etter *SUROFI* sitt syn er det verken riktig eller noko behov for å endre ordninga for fastsetjing av omsetningsformer.

*Rogaland Fiskesalgslag* uttalar at det må liggje til seljaren å fastsetje allmenne salsvilkår og praktiske omsetningsformer ut frå det formålet salslaget har, og der det mellom anna vert sagt noko om gode prisar og sikre betalingsforhold.

*Skagerakfisk* viser til at salslaga gjennom ein retten til omsetning har fastsett salsvilkår og omsetningsformer. Dei har vore nedfelte i forretningsreglar og rundskriv, og har vore lagde fram for partane før dei vart sette i verk. *Skagerakfisk* meiner at fleirtalsforslaget vidarefører gjeldande rett og praksis. Dei viser til at salsvilkår og omsetningsformer handlar om kva vilkår fangstar skal omsetjast under og på kva måte. Det er naturleg at slike funksjonar ligg hos seljaren, meiner *Skagerakfisk*. Dersom andre enn salslaget skal ta avgjerd om salsvilkår og omsetningsformer, vil ein viktig del av ein retten til omsetning falle bort. *Skagerakfisk* meiner at eit viktig prinsipp i råfisklova då vert endra.

*Norges Sildesalgslag* uttalar at laget er heilt avhengig av å kunne organisere omsetninga slik at førstehandsmarknaden fungerer. Dersom det er eit mål å maksimere verdiskapinga på basis av norske villlevande marine ressursar, så er det viktig at salslaga sin rett til å fastsetje omsetningsformer vert vidareført, uttalar Sildesalgslaget.

*FHL* viser til at fleirtalet i arbeidsgruppa legg til grunn at dei vilkår som seljar fastset i vanlege avtaleforhold, skal salslaga fastsetje på vegner av fiskarane. *FHL* meiner at dette ikkje er juridisk riktig, og at det i tillegg er feil å trekkje parallellar mellom sal mellom frie partar og omsetning gjennom eit absolutt monopol. Dei viser til følgjande samrøystes fråsegn frå Høgsterett:

”Råfisklagets fastsettelse av priser og andre salgsvilkår for fiskernes salg av råfisk er basert på den myndighet laget er gitt med hjemmel i råfiskloven. Ved utøvelsen av denne virksomhet må laget holde seg innenfor de rammer som følger av denne hjemmel. Den (prisfastsettelsen) kan ikke utvides eller suppleres på grunnlag av hva laget kunne ha foretatt om det hadde vært eier eller selger av råfisken, eller om det hadde representert alle fiskere på frivillig basis.”

*FHL* meiner følgjeleg at salslaga ikkje har det handlingsrommet som fleirtalet i arbeidsgruppa gjev uttrykk for på dette punktet. Med unntak av mindre salslag sør i landet, som sjølve kjøper fisken og sel han vidare for eiga rekning, er dei store salslaga berre formidlarar av sal mellom fiskar og kjøpar, hevdar *FHL*.

*FHL* meiner også at det er viktig å ha med seg at fleire store reiarlag ikkje omset fisken gjennom salslag på frivillig grunnlag som Høgsterett presiserer. *FHL* meiner difor at fiskesalslaga si rolle ikkje må vere så omfattande at det hindrar utvikling av normale og tette forretningsforhold mellom fiskarane og industrien, som skulle ha vore to likeverdige aktørar i sjømatnæringa. I pelagisk sektor opplever ein, hevdar *FHL*, at Sildesalgslaget gjennom sine omsetningsføresegner lagar formelle føresegner som hindrar næringsutvikling i sektoren. *FHL* uttalar at foreininga si erfaring er at konflikhtar mellom industri og fiskesalslag i minst like stor grad har vore knytt til organiseringa av handelen, som til sjølve minsteprisspørsmålet. *FHL* meiner at salsvilkår, medrekna oppgjersordningar og omsetningsformer, skal bestemmast av partane i fellesskap, og fastsetjast av fiskesalgslaget. Dersom partane gjennom drøftingar ikkje vert samde om salsvilkåra, meiner *FHL* at partane må leggje fram sine respektive forslag for oppmannen, som må velje eitt av forslaga.

#### 6.3.4 Vurderingane til departementet

Departementet støttar fleirtalet i arbeidsgruppa i at salsvilkår og omsetningsformer skal fastsetjast av fiskesalslaga. Dette er også i tråd med høyringsinnspelane frå fiskarorganisasjonane. Departementet foreslår difor at salslaga skal behalde retten sin til å kunne fastsetje salsvilkår og omsetningsformer. Det vert vist til at salslaga skal sikre at fiskarane får oppgjør. Dette inneber, som også fleirtalet i arbeidsgruppa og høyringsinstansane frå fiskarsida hevdar, at salslaga må ha høve til å fastsetje krav om garanti og andre betalingsvilkår.

Departementet meiner vidare at fiskarane sjølve gjennom salslaga skal kunne leggje til rette for at fiskarane kan nytte fangstane på best mogleg måte. Salslaga må difor bestemme om salet skal skje ved hjelp av auksjon, om det skal opnast for leveringsavtalar eller om det skal fastsetjast andre måtar å organisere omsetninga på.

Industrisida legg vekt på at fiskesalslaga si rolle ikkje må vere så omfattande at det hindrar utvikling av normale og tette forretningsforhold mellom to likeverdige industriaktørar på sjø og land. Departementet tek denne argumentasjonen til etterretning. Vi vil nemne at lova i seg sjølv ikkje er til hinder for at det vert etablert tette forretningsforhold mellom sjø og land. Vi nemner vidare at det er fiskarane som eig salslaga og at salslaga truleg ikkje vil setje andre krav til omsetningsformer enn det fleirtalet av fiskarane, som seljarar, sjølve ønskjer.

Gjeldande råfisklov har inga føresegn som regulerer kva salsvilkåra skal innehalde, til dømes krav til kvalitet eller oppgjersvilkår. Departementet ser heller ikkje grunn til at salsvilkåra skal regulerast nærare i lovforslaget. Vi viser til at salslaga varierer når det gjeld storleik, verksemd og korleis dei ønskjer å gjennomføre omsetninga, og det er verken tenleg eller ønskjeleg å regulere dette nærare i lova.

Departementet meiner vidare, til liks med fleirtalet i arbeidsgruppa, at endringar i salsvilkår eller omsetningsformer skal leggjast fram for partane før det vert teke endeleg avgjerd.

## 6.4 Regulering og dirigering

### 6.4.1 Gjeldande rett

Salslaga kan etter råfisklova § 5 leggje ned mellombels forbod mot fangst "når hensynet til avtaket krever det, eller for å oppnå en hensiktsmessig utnyttelse av fangstene". Eit slikt fangstforbod vedkjem ressursforvaltninga indirekte, sjølv om det er reine økonomiske lønsemdsvurderingar som ligg bak. Det er omsynet til avtaket eller utnyttinga av råstoffet som kan grunngje eit fangstforbod, slik at dårleg prisnivå ikkje kan nyttast som grunngjeving for fangststopp. Det er vidare klart at ressursomsyn, som innverknad på andre fiskeri, heller ikkje kan nyttast som grunngjeving innanfor råfisklova § 5. Dersom det er fastsett fleire reguleringar som handlar om det same fisket, er hovudregelen at fiskarane må rette seg etter dei strengaste reguleringane.

Paragraf 5 andre ledd bestemmer at kapittel VII i forvaltningslova ikkje kjem til bruk for

avgjerder tekne etter første ledd. Kapittel VII inneheld særskilte reglar om forskrifter, medrekna føresegner om utgreiingsplikt og forhandsvarsling mv. og om formkrav og kunngjering, jf. §§ 37 og 38. Vidare har kapitelet føresegner om verkna den av ugjort kunngjering og om høvet til å dispensere frå forskrifter, jf. §§ 39 og 40. Desse føresegnene gjeld såleis ikkje når fiskesalslaga gjer vedtak etter § 5 første ledd. Til skilnad frå enkeltvedtak, som gjeld rettar eller plikter til ein eller fleire bestemte personar, er forskrift eit vedtak som gjeld rettar eller plikter til eit ubestemt tal eller ein ubestemt krets av personar, jf. fvl. § 2.

Etter råfisklova § 6 får salslaga fullmakt til å dirigere fangstar til bestemte kjøparar eller til bestemt bruk når det vert rekna som nødvendig, anten for å få omsett fangstane på den mest fordelaktige måten for fiskarane eller for å få ei heldig gjennomføring av fiske, avtak, produksjon eller vidareomsetning. Dirigeringsretten skal sikre ei rasjonell omsetning av fangstane i høve til tilgjengeleg landingskapasitet. Denne retten har dei seinare åra berre vore nytta av Norges Råfisklag, men andre salslag kan ha dirigeringsordningar basert på samtykke. For at fangsten kan dirigerast, må fangsten etter § 6 vere omfatta av "organisasjonenes virksomhet".

Paragraf 6 tredje ledd bestemmer at forvaltningslova kapittel V og VII ikkje kjem til bruk for avgjerder tekne etter første ledd. Kapittel V "om vedtaket" gjev føresegner når enkeltvedtak vert gjort eller er gjort, medrekna formkrav, grunngjeving for vedtaket, innhaldet i grunngjevinga, melding om vedtaket mv. Desse føresegnene kjem ikkje til bruk dersom salslaga gjer vedtak etter § 6 første ledd. Sjå ovanfor om forvaltningslova kapittel VII.

### 6.4.2 Forslaga frå arbeidsgruppa

*Arbeidsgruppa* går inn for å vidareføre desse fullmaktene til salslaga, men er delt i synet på om reguleringar fastsette etter reglane i utkastet til ny fiskesalslagslov skal ha eit særskilt opplegg for lovkontroll. Eit *mindretal i arbeidsgruppa*, medlemmene frå FHL og NSL, meiner at industrien bør få større høve til innverknad når fiskesalslaga nyttar regulerings- og dirigeringsheimlane i råfisklova. *Mindretalet* meiner at fiskesalslaga sine fullmakter til å regulere og dirigere fisket, skal vidareførast innanfor dei rammene som gjeld i dag. Men mindretalet foreslår at fiskesalslaga skal ha plikt til å orientere industrien før regulerings- eller dirigeringsstiltak vert gjennomførde. *Mindretalet* foreslår også at industrien skal kunne få gjort

ein lovkontroll av vedtaket om regulering eller dirigering. Det vil seie å kontrollere om avgjerda har tilstrekkeleg heimel i lova.

*Fleirtalet i arbeidsgruppa*, medlemmene frå Norges Fiskarlag, Norges Kystfiskarlag, LO og leiar i arbeidsgruppa, peker på at dei nemnde reguleringane kan underkastast lovkontroll på lik linje med alle andre reguleringar. *Fleirtalet* kan ikkje sjå at det ligg føre omsyn som seier at dei nemnde reguleringane skal ha eit særskilt opplegg for lovkontroll. Regulering og dirigering er først og fremst inngrep i fiskeriaktiviteten til fiskarane. Dette vil ofte vere tiltak som det er delte meiningar om blant fiskarane. Å tenkje seg at eit salslag gjennomfører slike tiltak mot medlemmene sine utan at dei er nødvendige og innanfor formålet i lova er difor svært lite sannsynleg, uttalar *fleirtalet*. *Fleirtalet* legg til grunn at industrien bør varslast før ei slik regulering vert sett i verk.

#### 6.4.3 Høyringsfråsegner

*Norges Fiskarlag* sluttar seg til fleirtalet i arbeidsgruppa når det gjeld regulering og dirigering. Fiskarlaget viser til fleirtalet som peiker på at dei nemnde reguleringane kan underkastast lovkontroll på lik linje med alle andre reguleringar. Dei viser vidare til at fleirtalet ikkje kan sjå at det ligg føre omsyn som seier at dei nemnde reguleringane skal ha eit særskilt opplegg for lovkontroll. Regulering og dirigering er først og fremst inngrep i fiskeriaktiviteten til fiskarane, som det er delte meiningar om blant fiskarane, uttalar *Fiskarlaget*. *Norges Fiskarlag* hevdar det er svært lite sannsynleg at salslag gjennomfører slike tiltak mot medlemmane sine utan at det er nødvendig og innanfor formålet i lova.

*Norges Råfisklag* sluttar seg til forslaget frå fleirtalet i arbeidsgruppa. *Råfisklaget* uttalar at regulering og dirigering vert sett i verk når fangstane overstig mottakskapasiteten hos kjøparane og når det er behov for å fordele tilgjengeleg mottakskapasitet mest mogleg rettferdig på den flåten som ønskjer å delta i fisket. Regulering og dirigering vert difor sett i verk for å avgrense eller styre flåteaktiviteten, og fiskarane må sjølve ha full rett til å bestemme dette, meiner *Råfisklaget*. *Norges Råfisklag* understrekar at laget aldri set i verk dirigering eller regulering utan at dette skjer i ein dialog med fiskeindustrien. Men det vil ofte vere nødvendig å handle raskt når det oppstår eit behov for dirigering eller regulering. *Råfisklaget* er difor einig i at det berre skal vere ei varslingsplikt for fiskesalslaga om iverksetting av tiltak,

sjølv om Råfisklaget normalt vil føre ein dialog før tiltak vert sette i verk.

*Råfisklaget* uttalar til slutt at laget har problem med å forstå fiskeindustrien sitt behov for å krevje at ein oppmann skal kunne ta slike avgjerder, all den tid dei i salslaget ikkje kan minnast at slike avgjerder har skapt nokon konflikt mellom Råfisklaget og industrien.

*SUROFI* uttalar at det er heilt unntaksvis at det vert sett i verk tiltak for å regulere og dirigere fisket. Slike tiltak kan vere upopulære blant fiskarane. *SUROFI* hevdar at dei få gongene slike tiltak vert gjennomførte er det for å unngå at ein ferskmarknad bryt saman, at fangstar vert liggjande uselde i land og andre liknande kritiske situasjonar. Det er ingen plass for ein oppmann i slike situasjonar, meiner *SUROFI*, som støttar forslaget frå fleirtalet om varslingsplikt før det vert sett i verk tiltak.

*Skagerakfisk* viser til at reguleringsretten vert brukt i føre-var-samanhengar for å dempe tilførslene i ein avtaksfølsam marknad. Salslaget spør om dette kunne vore nemnt som "hensiktsmessig utnyttelse" i kommentarane til forslaget. *Skagerakfisk* viser til at råfisklova § 6 presiserer at dirigeringa skal vere fordelaktig for fiskarane eller for å få til ei heldig gjennomføring av fisket, avtaket, produksjonen og vidareomsetninga. *Skagerakfisk* tolkar det slik at forslaget frå arbeidsgruppa femner om desse elementa.

*Norges Sildesalgslag* uttalar at dirigering og regulering først og fremst er eit inngrep i fiskarane sin aktivitet på havet. Dette er ofte kontroversielle tiltak, og det er difor lite sannsynleg at ordninga vert misbrukt. Skulle likevel nokon meine at det er gjennomført dirigering og regulering utover heimelen i den nye lova, kan spørsmålet prøvast i rettsapparatet, uttalar *Norges Sildesalgslag*.

*FHL* meiner at fiskesalslaga sine fullmakter til å regulere og dirigere fisket kan vidareførast innanfor dei rammene som gjeld i dag. *FHL* meiner likevel at industrien bør ha høve til å få gjort ein lovkontroll av vedtaket om regulering eller dirigering. *FHL* meiner at denne lovkontrollen bør utførast av ein nøytral oppmann, i tråd med mindretalsforslaget. *FHL* viser til at fleirtalet i arbeidsgruppa ikkje kan sjå at det ligg føre omsyn som seier at dei nemnde reguleringane skal ha eit særskilt opplegg for lovkontroll. For industrien representerer salslaga si fullmakt til å regulere og dirigere fisket ei offentlig maktutøving, meiner *FHL*. Dersom ei slik fullmakt skal ha legitimitet hos industrien, må det setjast krav om at industrien må varslast før reguleringa vert sett i verk, vert

det hevda. Under føresetnad av at slike reguleringar kan takast opp med ein oppmann vil det, etter *FHL* sitt syn, verte etablert ein viss garanti mot at det vert innført ugrunna reguleringar, og ikkje minst at dei ikkje vert ståande lenger enn nødvendig slik at prisane ikkje vert pressa opp.

#### 6.4.4 Vurderingane til departementet

Departementet konstaterer at fleirtalet i høyringsrunden gjev støtte til at salslaga sin rett til å gjennomføre regulering og dirigering kan vidareførast. Høyringsinstansane deler seg til liks med arbeidsgruppa i spørsmålet om tiltaka skal kunne leggjast fram for ein uavhengig tredjeperson, ein oppmann, for lovkontroll.

Departementet er einig med fleirtalet i arbeidsgruppa som viser til at tiltaka vert sette i verk for å avgrense eller styre aktiviteten i låten, og at fiskarane difor sjølve bør ha full myndigheit til å bestemme dette. Departementet foreslår difor at føresegnene i råfisklova om dirigering og regulering vert vidareførte.

Departementet går ut frå at det er delte meiningar også blant fiskarane om slike tiltak. Depar-

tementet legg til grunn at salslaga ikkje gjennomfører tiltak om regulering eller dirigering utan at dei er nødvendige og innanfor formålet i lova. Når det er nødvendig til dømes å setje i verk regulering er det viktig at salslaga kan setje inn tiltaket på ein hurtig og effektiv måte. Etter departementet sitt syn ligg det ikkje føre sterke omsyn som gjer det nødvendig å leggje vedtak om regulering eller dirigering fram for særskilt lovkontroll. Vedtaket kan leggjast fram for departementet for lovkontroll, men det kan også forfølgjast rettsleg. Denne lovkontrollen vil etter departementet sitt syn ivareta tilfelle der salslaga set i verk lovstridige tiltak, som til dømes stans i fisket for å oppnå høgare prisar.

Departementet meiner at fiskeindustrien skal varslast før regulering eller dirigering vert sett i verk. Etter departementet sitt syn er dette ryddig, samtidig som det er med og gjev landindustrien meir føreseielege vilkår. Departementet legg til grunn at fiskesalslaga, så langt det er mogleg, fører ein open og god dialog med fiskeindustrien i forkant og under situasjonar som krev at ein set i verk tiltak.

## 7 Krav til kvalitet ved handtering av fisk

### 7.1 Gjeldande rett

Det er lov 19. desember 2003 nr. 124 om matproduksjon (matloven) som i dag er den sentrale lova som gjev heimel til å stille kvalitetskrav for fisk og fiskevarer. Arbeidet med å fremme god kvalitet på fisk og fiskevarer er i dag regulert i dei EØS-baserte forskriftene om næringsmiddelhygiene og i forskrift om kvalitet på fisk og fiskevarer (fiskekvalitetsforskrifta). Forskrifta stiller krav til kvalitet og heiderleg framferd i omsetning, tilverking og transport av fisk og fiskevarer og varer der fisk eller fiskevarer er den einaste eller ein stor del av råstoffet, og vara har karakter av å vere ei fiskevare. Forskrifta omfattar også fisk og fiskevarer med utanlandsk opphav. I dag omfattar forskrifta ikkje omsetning av fisk og fiskevarer frå detaljist eller tilverking av fisk og fiskevarer hos detaljist for sal direkte til forbrukar, medrekna storhushaldning, kantine, serveringsstad og liknande.

Mattilsynet fører tilsyn med regelverket om hygiene og kvalitet etter matlova, og kan gjere nødvendige vedtak for å gjennomføre føresegnene i regelverket.

Fiskekvalitetsforskrifta er under revisjon. Nytt forslag til forskrift har vore på høyring. Formålet med revisjonen er å fastsetje eit enklare, meir moderne og brukarvennleg regelverk, og å utvide verkeområdet til å gjelde heilt fram til forbrukar. Fiskekvalitetsforskrifta inneheld føresegner om den første handteringa av fisken (bløgging og sløyning) og kvalitetskrav til råstoffet, og særlege føresegner ved omsetning til forbrukar i Noreg, særlege føresegner om mellom anna saltfisk, klippfisk og tørrfisk, krav til emballasje og merking og særlege føresegner for handelen med Brasil.

### 7.2 Vurderingane til departementet

Departementet meiner at det vil vere tenleg å gje salslaga ei større rolle i å følgje opp næringa sitt

eige ansvar for kvalitet ved handtering av fisk om bord i fiskefartøy og fartøy som vert nytta til transport av fisk til land, og etter landing. Dette gjeld også fangst, transport og sleping av levande-fisk. Det er naturleg at dette vert fastsett i ei forskrift.

For fiskeindustrien er det ideelle målet at all fisk ved landing har ein kvalitet som gjev industrien høve til fritt å velje kva produksjon og bearbeiding råstoffet skal nyttast til. I dag er det varierende kvalitet på det råstoffet som vert landa. For å sikre at råstoffkvaliteten held ønska standard legg ein opp til at fiskesalslaga, som i dag har ei viktig rolle i ressurskontrollen, også skal få ei rolle i å sjå til at næringa tek ansvar for kvaliteten på råstoff før og etter landing. Departementet meiner det er ønskjeleg at oppgåvene til salslaga omfattar tilsyn med handteringa av fisken om bord, inkludert kvaliteten ved levering, og sleping, transport og lagring av levande villfisk. Oppgåvene vil også gjelde kvalitetsfremmande arbeid i bedriftene.

Det vil vere nødvendig å avklare oppgåvene og arbeidsdelinga innanfor kvalitetskontroll mellom fiskesalslaga og Mattilsynet.

Departementet meiner at oppgåvene til salslaga i tilsynsarbeidet bør ha heimel i fiskesalslagslova. Dette vil understreke at salslaga òg skal kontrollere råstoffkvalitet og råstoffhandtering. Fiskesalslagslova skal nettopp vere ei lov som regulerer sentrale deler av salslaga si offentlege utøving av avgjerdsrett.

Dette forslaget endrar ikkje Mattilsynets ansvar og tilsynsrolle for mattryggleik mv. i alle ledd som tilverkar mat. Mattilsynet har etter matlova det overordna ansvaret for dette. Det vil difor vere tenleg å få ein ny gjennomgang av rutinane for samarbeid og ansvarsdeling mellom Mattilsynet, Fiskeridirektoratet og fiskesalslaga før forslag til forskrift vert sendt på høyring og den nye ordninga trer i kraft.



## 8 Fiskesalslaga og forholdet til forvaltningslova

Sjølv om råfisklova har verka sidan 1952 er forholdet mellom verksemda til fiskesalslaga og forvaltningslova etter måten lite behandla i juridisk teori og praksis. Ei årsak til dette kan vere at temaet ikkje har vorte aktualisert eller sett på spissen, men det kan heller ikkje utelukkast at det heng saman med at saksområdet er komplekst og lite tilgjengeleg for utanforståande. Departementet vil i lys av dette gje ei overordna framstilling av temaet nedanfor. Som det går fram der er det vanskeleg på generelt grunnlag å gje nokon konklusjonar på dei spørsmåla som temaet reiser. Departementet meiner det likevel er tenleg at forholdet mellom verksemda til fiskesalslaga og forvaltningslova vert belyst.

Forvaltningslova § 1 bestemmer at private rettssubjekt skal reknast som forvaltningsorgan i saker der det vert gjort enkeltvedtak eller gjeve forskrift. Etter forvaltningslova § 2 er vedtak ei avgjerd som vert teken under utøving av offentleg myndigheit og som generelt eller konkret er bestemmende for rettar eller plikter til private personar (enkeltpersonar eller andre private rettssubjekt). Vedtak som fell inn under verkeområdet til forvaltningslova kan både vere enkeltvedtak og forskrifter. Enkeltvedtak er vedtak som gjeld rettar eller plikter til ein eller fleire bestemte personar, medan forskrifter er vedtak som gjeld rettar eller plikter til ei ubestemt mengd eller ein ubestemt krets av personar.

Gjennom lovforslaget får fiskesalslaga ansvar for å fastsetje minsteprisar, salsvilkår og omsetningsformer, påleggje avgifter, dirigere fangstar og regulere haustinga mv. Salslaga har også fått makt som kontrollorgan i ressursforvaltninga. Spørsmålet som reiser seg er i kva grad salslaga, som i utgangspunktet er private rettssubjekt, er omfatta av forvaltningsrettslege reglar.

Den daglege drifta til fiskesalslaga femner om eit breitt verkeområde, og kan vere basert på salslaga sin forvaltnings-, foreinings- eller forretningsfunksjon. Salslaga vil etter forvaltningsretten vere å rekne som "forvaltningsorgan" når dei utøver offentleg myndigheit, men ikkje elles. Dersom ein disposisjon vert å karakterisere som forretningsmessig eller privat, så er han heller ikkje

underlagt forvaltningsrettslege eller offentlegrettslege skrankar. Det avgjerande i slike høve er om disposisjonen eller vedtaket som er gjort av salslaget, representerer utøving av offentleg myndigheit.

Når fiskesalslaga tek avgjerder etter dei fullmaktene lova gjev, vil salslaga utøve offentleg myndigheit, og difor i utgangspunktet vere underlagt forvaltningsrettslege og offentlegrettslege skrankar. Når det er sagt så vil ikkje alle avgjerder som vert tekne "under utøving av offentleg myndigheit" vere vedtak etter forvaltningslova. Som nemnt ovanfor må avgjerda vere bestemmende for rettar eller plikter til ein eller fleire bestemte personar (enkeltvedtak) eller ei ubestemt mengd eller ein ubestemt krets av personar (forskrifter).

Om avgjerda er eit enkeltvedtak eller ei forskrift har noko å seie for kva deler av forvaltningslova som kjem til bruk i det enkelte tilfellet, jf. forvaltningslova § 3. Det kan gjere det vanskelegare å få oversikt at salslaga sjeldan nyttar terminologien i forvaltningslova om enkeltvedtak og forskrift, men heller brukar omgrep som vedtekter, forretningsreglar og rundskriv. Dersom innhaldskrava etter forvaltningslova § 2 er oppfylte, vil bruken av omgrep ikkje ha noko avgjerande å seie for om føresegnene i forvaltningslova skal gjelde. Føresegnene i kapitla IV-VI kjem berre til bruk i saker som gjeld enkeltvedtak, og føresegnene i kapittel VII berre i saker som gjeld forskrifter. Kapitla II og III om habilitet, teieplikt etc. gjeld for begge typar av vedtak. Tilsvarande vil kapittel VIII gjelde for begge typar vedtak, med mindre noko anna går fram av føresegnene, jf. til dømes § 41.

Sjølv om det i enkelte tilfelle kan vere tvil om føresegnene i forvaltningslova kjem til bruk for verksemda i salslaga, vil somme avgjerder vere enklare å kategorisere som vedtak etter reglane i forvaltningslova. Dette vil vere avgjerder der fiskesalslaget utøver myndigheit med direkte heimel i lova, og som gjeld for alle partar i førstehandsomsetninga uavhengig av medlemskap i fiskesalslaget. Blant desse er fastsetjing av avgift, fastsetjing av alminnelege salsvilkår og omsetningsformer, fastsetjing av minstepris, vedtak om regulering eller dirigering og vedtak om fangst som er

hausta i strid med føresegner fastsette i eller med heimel i lova eller havressurslova. Sjølv om det kan tenkjast unntak, bør det rettslege utgangspunktet difor vere at føresegnene i forvaltningslova kjem til bruk ved dei typar avgjerder som er nemnde ovanfor.

Dei særlege reglane i kapittel VII i forvaltningslova vert likevel heller ikkje no gjort gjeldande for fastsetjing av minstepris mv., då lova sjølv regulerer kontakten med partane.

I dei tilfella der laga gjer enkeltvedtak som kan påklagast, vil klageinstansen kunne prøve alle sider av saka og ta omsyn til nye omstende, jf. forvaltningslova § 34. Dette gjeld også dei enkeltvedtak etter denne lova som kan påklagast. Den praksis som klageinstansen legg seg på i slike saker, vil salslaget som førsteinstans måtte rette seg etter innanfor rammene for ordinær forvaltningsrett. Departementet vil også i andre høve kunne ta stilling til om ei avgjerd er innanfor dei rammene som lova set. Når lova legg myndigheit direkte til salslaget, som til dømes reglane om fastsetjing av salsvilkår og omsetningsformer, vil departementet likevel ikkje kunne instruere laget om korleis det skal utøve denne myndigheita.

Sjølv om departementet som klageinstans kan prøve alle sider av saka etter forvaltningslova § 34, er det likevel behov for å sjå nærare på spørsmålet om klageinstansen skal kunne overprøve salslaga sine vurderingar på område der lova har lagt myndigheit direkte til salslaga og departementet man-

glar instruksjonsmyndigheit. Eit døme kan vere at ein fiskar eller fiskekjøpar påklagar avslag frå eit salslag på søknad om å nytte ei anna omsetningsform enn salslaget legg opp til.

Departementet legg til grunn at dersom salslaga har nytta myndigheita si etter lova til å gjere vedtak som vert rekna som forskrift etter forvaltningslova, så vil ikkje klageinstansen kunne gjere vedtak i strid med desse. Til dømes vil forretningsreglar fastsette på årsmøtet til salslaga kunne innehalde føresegner som er å rekne som forskrift. Derimot vil klageinstansen ha myndigheit til å overprøve skjønnsutøvinga innanfor dei rammene eventuelle forskrifter set. Dette inneber mellom anna at klageinstansen vil ha myndigheit til å overprøve langvarig praksis hos salslaga, til dømes slik han kjem til uttrykk i rundskriva til salslaga.

Det er likevel ikkje til hinder for at departementet i klagesaker vil vere særers atterhaldne med å overprøve skjønnet til fiskesalslaga på område der lova legg myndigheit direkte til salslaga. Når lova legg myndigheit direkte til salslaga er det fordi ein meiner at salslaga har dei beste faglege føresetnadene for å utøve slik makt. Det ville vere problematisk både i høve til behovet for rammevilkår som er føreseielege, og i forhold til alminnelige likskapsprinsipp om departementet i klagesaker ikkje skulle vere atterhaldne med til dømes å tillate omsetningsformer i strid med praksisen til salslaga.

## 9 Overordna om lovforslaget

Lovforslaget vidarefører i det vesentlege føresegnene i råfisklova, og er harmonisert med havressurslova og deltakarlova. I tillegg til å fremme forslag om formålsføresegnar foreslår departementet å innføre føresegnar om sakleg og stadleg verkeområde. Dette vil gjere det tydeleg kva område lova regulerer, og gje lova eit meir pedagogisk preg enn det råfisklova har. Departementet foreslår å lovfeste og klargjere enkelte element ved systemet for førstehandsomsetning som ikkje følger direkte av råfisklova i dag. Lovforslaget forklarar kva som vert rekna som førstehandsomsetning, og korleis denne omsetninga kan gjennomførast. Dette gjeld særleg retten til å fastsetje minsteprisar, og prosedyrar for korleis minsteprisen skal fastsetjast dersom det ikkje vert semje i prisforhandlingane.

Nedanfor følgjer ein overordna gjennomgang av enkelte element som departementet, i lys av høyringa av arbeidsgrupperapporten og lovforslaget her, vil sjå nærare på. Sjå også kapittel 6 ovanfor der det vert gjort greie for fleire av hovudpunkta i lovforslaget og kapittel 10 om merkningane til dei enkelte paragrafane.

### 9.1 Namnet på lova

Harmoniseringa av lovverket inneber at omgrepet "råfisk" ikkje vert vidareført. Det gjer også at lova får eit nytt namn. Norges Råfisklag tek i høyringsrunden til orde for å vidareføre namnet "råfiskloven", men departementet vurderer dette annleis. Departementet er einig med arbeidsgruppa i at omgrepet "råfisk" i dag er å sjå på som noko forelda. Etter departementet sitt syn har det ein del å seie at omgrepsbruken i lovane er samordna, og at det vert nytta omgrep som er allment forstålege også utanfor sjømatnæringa. Departementet er i tvil om uttrykket råfisk vert forstått utanom den delen av sjømatnæringa som er omfatta av råfisklova, og foreslår difor å avvikle råfisklova som lovnamn.

### 9.2 Sal frå fiskesalslag

Etter råfisklova § 2 første ledd andre punktum, skal sal "fra godkjent salgsorganisasjon anses som omsetning i første hånd". I lovforslaget frå arbeidsgruppa er ikkje § 2 første ledd andre punktum vidareført. Skagerakfisk ber i si høyringsfråsegn om at føresegna i råfisklova vert vidareført, og peikar på at salslaget

"bygger sin omsetningsordning på en slik definisjon og har fått stadfestet lovligheten av dette i rettskraftig dom i lagmannsretten. Ordningen går ut på at salgslaget kjøper råstoff som ikke finner sin omsetning til lokal kjøper. Råstoffet koordineres av salgslaget for samlet omsetning i andre markeder. Denne omsetningen er å anse som omsetning i førstehånd. Andre salgslag har opp gjennom årene i ulike varianter gjort bruk av tilsvarende ordninger. Flere salgslag opptrer som eksportører ved norske fiskefartøyers landinger i utenlandsk havn. Toll- og avgiftsdirektoratet har i denne sammenheng vurdert salgslaget som vareeier. Dette ville ikke være mulig uten at salgslagens salg som eksportør var å anse som omsetning i førstehånd."

Departementet viser til Ot.prp. nr. 9 (1963-1964) Om lov om endringer i lov av 14. desember 1951 om omsetning av råfisk der det går fram at regelen vart gjeven for å klargjere at salslaga sitt vidaresal skulle reknast som førstehandsomsetning i råfisklova sin forstand. Bakgrunnen for lovendinga var at Oslo byrett i dom 2. juni 1961 hadde vurdert spørsmålet annleis, noko departementet var usamd i. Det går fram av proposisjonen at:

"Fiskeridepartementet vil uttale at den oppfatning fiskeridepartementet har forfektet når det gjelder begrepet førstehandsomsetning bør lovfestes. De omsetningsordninger flere fiskesalgslag har bygget ut vil i motsatt fall ikke kunne praktiseres. Dette antas å bli til skade for den organiserte førstehandsomsetningen. De ordninger de enkelte lag har bygget ut er

gjennomprøvet etter lang tids erfaring. Ordningene har også virket prisstabiliserende og til gunst for fiskerne. Departementet vil derfor foreslå at råfiskloven gis følgende tilføyelse: ”Salg fra godkjent salgsorganisasjon anses som omsetning i første hånd.”

Departementet ser at det kan være grunnar til å vidareføre føresegna, og foreslår difor at sal frå fiskesalslag framleis skal reknast som førstehandsomsetning.

### 9.3 Fastsetjing av minstepris ved usemje

Departementet foreslår å lovfeste at det skal gjennomførast ei mekling dersom det ikkje vert semje gjennom prisforhandlingane. Meklingsresultatet vil ikkje vere bindande for fiskesalslaget, men departementet legg til grunn at salslaget i all hovudsak vil følgje meklingsresultatet. Forslaget vil liggje tett opp til prøveordninga frå 2007-2008, og innebere ei endring av råfisklova slik ho vert praktisert i dag. Sjå også kapittel 6.2 ovanfor.

### 9.4 Salsvilkår og omsetningsformer

Departementet foreslår å vidareføre råfisklova § 4. Forslaget klargjer salslaga sin rett til å fastsetje salsvilkår og kva omsetningsformer som kan nyttast ved førstehandsomsetninga. Fastsette salsvilkår og omsetningsformer er bindande for både kjøpar og seljar. For å sikre gode avgjerdsprosesser og at partane skal ha høve til å gje innspel, foreslår departementet at endringar i salsvilkår eller omsetningsformer skal leggjast fram for partane.

### 9.5 Godkjenning av fiskesalslag og tilbakekall av godkjenning

Lovforslaget inneber også ei klargjering av råfisklova § 3, jf. § 2, om godkjenning av fiskesalslag. Forslaget klargjer også at fiskesalslaga er omfatta av lov 29. juni 2007 nr. 81 om samvirkeforetak (samvirkelova).

Etter råfisklova § 2 skal departementet godkjenne vedtektene til salslaga. Arbeidsgruppa har foreslått å ta godkjenninga ut av lova, noko departementet også støttar. Departementet finn ikkje at det er behov for ei slik godkjenningsordning. For-

slaget vil forenkle prosessen ved eventuelle endringar av vedtekter, og det vil vere positivt for salslaga. Styresmaktene sitt behov for kontroll med salslaga er likevel teke vare på gjennom lovforslaget. Vi viser mellom anna til at vedtektene skal vere i samsvar med krava i lova og i samvirkelova. Departementet vil også kunne gjennomføre generell lovkontroll med vedtektene. Departementet kan vidare trekkje tilbake godkjenninga dersom salslaga gjer grove eller gjentekne brot på lova. Å bryte med lova sine krav om vedtektene vil kunne innebere slike brot.

Råfisklova inneheld inga føresegn om tilbakekall av godkjenning som er gjeven til fiskesalslaga. Arbeidsgruppa foreslår at departementet i somme situasjonar kan trekkje tilbake godkjenninga som fiskesalslag permanent eller mellombels. Arbeidsgruppa foreslår blant anna at godkjenninga kan trekkjast tilbake dersom organiseringa og strukturen til fiskesalslaga ikkje er tenleg ut i frå lova sitt formål. I høyringsrunden går Ska-gerakfisk i mot dette forslaget, og uttalar at:

”Fiskerne blir i realiteten fratatt retten til selv å bestemme salgslagenes organisering og struktur.[...] Det vil således ikke være fiskernes interesser som vil være avgjørende for organiseringen og struktur av fiskernes salgsorganisasjon.”

Departementet støttar forslaget til arbeidsgruppa. Departementet meiner mellom anna i lys av salslaga si rolle i ressurskontrollen, at det er tenleg med ei føresegn som gjev heimel til å kalle tilbake godkjenning, dersom føresetnaden for godkjenninga er broten. Det vert foreslått at godkjenninga kan trekkjast tilbake mellombels eller permanent. Når det gjeld Skagerakfisk sin merknad viser departementet til formålet med lovforslaget som er å bidra til ei berekraftig og samfunnsøkonomisk lønsam forvaltning av viltlevande marine ressursar ved å leggje til rette for gode rammer for førstehandsomsetning og ved å sikre god dokumentasjon av ressursuttaket. Vi viser vidare til havressurslova som slår fast at dei viltlevande marine ressursane tilhøyrrer fellesskapet. Ei gruppe fiskarar som dannar eit samvirkelag vil ikkje ha rettskrav på å få dette godkjent som fiskesalslag etter lova. I lys av dette meiner departementet at det også er tenleg å lovfeste eit høve til å trekkje tilbake godkjenninga dersom organiseringa eller strukturen til fiskesalslaga hindrar eller motverkar at formålet med lova vert nådd.

## 9.6 Offentleg kontrollør

---

Råfisklova § 3 andre ledd nr. 3 bestemmer at vedtektene til salsorganisasjonen skal fastsetje at departementet skal ha høve til å nemne opp ein offentlig kontrollør som skal lønast av organisasjonen. Kva oppgåver som kontrolløren skal utføre er i dag nærare fastsett i instruks. Salslaga er, gjennom råfisklova, tildelt ei nasjonal rolle i ressursforvaltninga. Denne rolla er i nyare tid vidareutvikla og vorten stadig viktigare. Det er ein føresetnad for systemet at fiskesalslaga har tilstrekkeleg legitimitet som objektiv kontrollmyndigheit. Denne legitimiteten kan verte utfordra sidan salslaga fullt ut er eigde av fiskarane, og at salslaga sin kontroll i praksis inneber tilsyn med at eigarane av laget følgjer lovverket. Statens kontrollør kan i eit slikt perspektiv ha ein viktig funksjon. Det at kontrolløren er til stades og det arbeidet han utfører kan styrkje legitimiteten til salslaga som nasjonal ressurskontrollmyndigheit.

Departementet meiner det er tenleg at lova får ei eiga føresegn om statens kontrollør. Ei slik føresegn vil synleggjere på ein betre måte at fiskesalslaga er underlagde ekstern kontroll, og medverke til å styrkje salslaga sin legitimitet. Det kan reisast spørsmål ved om staten bør betale honoraret til kontrolløren sidan det at salslaga dekkjer honoraret kan svekkje legitimiteten til ordninga, jf. at kontrollen vert betalt av den som vert kontrollert. Departementet har konkludert med at det ikkje er tilfelle. Det kan visast til at det er departementet som fastset i forskrift kva kontrolloppgåver kontrolløren skal ha, samtidig som det er

departementet som fastset kor stort honoraret skal vere. Departementet meiner etter dette at legitimiteten til kontrolløren ikkje kan seiast å verte svekka, sjølv om det er salslaga som faktisk utbetalar honoraret.

## 9.7 Fastsetjing av avgift

---

Lovforslaget vidarefører råfisklova § 3 tredje ledd som gjev fiskesalslaga rett til å fastsetje ei avgift for førstehandsomsetninga. Lovforslaget konkretiserer kva avgiftsmidlane kan nyttast til. Forslaget er i tråd med Høgsterett sin uttale i Rt-1997-1210.

## 9.8 Regulering og dirigering

---

Lovutkastet vidarefører også råfisklova § 5 og § 6 som gjev fiskesalslaga rett til å regulere hausting og å dirigere fangstar, sjå også kapittel 6.4.

## 9.9 Kontrollmyndigheit og reaksjonar ved lovbrøt

---

Lovutkastet vidarefører heimlane i råfisklova §§ 6 a og 7 som gjev fiskesalslaga kontrollmyndigheit. Forslaget er harmonisert med føresegnene i havressurslova, jf. §§ 48, 49 og 54. Tilsvarande foreslår departementet å harmonisere føresegnene om reaksjonar ved lovbrøt med føresegnene i havressurslova og deltakarlova.

## 10 Merknader til dei enkelte paragrafane i lovforslaget

### Kapittel 1. Innleiande føresegner

#### Til § 1 Formål

Råfisklova har ikkje formålsparagraf. Det er likevel lagt til grunn at lova skal medverke til å auke lønsemda i fiskerinæringa ved å sikre gode og stabile prisar. Departementet meiner at fiskesalslagslova bør ha ein formålsparagraf til liks med havressurslova og deltakarlova, jf. også drøftinga i kapittel 6.1.

Det vert gjort framlegg om at formålet med lova skal vere å medverke til ei berekraftig og samfunnsøkonomisk lønsam forvaltning av viltlevande marine ressursar. Dette skal skje ved å leggje til rette for gode rammer for førstehandsomsetning og ved å sikre god dokumentasjon av ressursuttaket. Setninga ”berekraftig og samfunnsøkonomisk lønsam forvaltning av viltlevande marine ressursar”, er lik ordlyden i havressurslova § 1. Sjå merknaden til denne paragrafen i havressurslova i Ot.prp. nr. 20 (2007-2008) Om lov om forvaltning av viltlevande marine ressursar (havressurslova).

”Berekraftig forvaltning” er ei forvaltning av dei viltlevande marine ressursane som gjev ei høgast mogleg langsiktig avkastning, slik at evna til reproduksjon på lengre sikt ikkje vert svekka. ”Samfunnsøkonomisk lønsam forvaltning” tyder at ressursane skal forvaltast slik at rammevilkåra legg til rette for verksemd som gjev eit overskot til samfunnet. Det gjeld både ressursar som er prissette i marknadene og andre ressursar som samfunnet verdset.

Målet om berekraftig og samfunnsøkonomisk lønsam forvaltning av viltlevande marine ressursar skal for det første nåast gjennom å leggje til rette for ”gode rammer for førstehandsomsetninga”. Departementet meiner lovutkastet medverkar til føreseielege og stabile vilkår for både fiskarsida og industrisida. For det andre skal formålet nåast gjennom å sikre god dokumentasjon av ressursuttaket. Hovudoppgåva til fiskesalslaga er å regulere førstehandsomsetninga av viltlevande marine ressursar. Gjennom denne aktiviteten kjem det fram ei rekkje opplysningar som er vesentlege i den nasjonale ressurskontrollen, og

som dermed medverkar til å oppnå formålet med lova.

#### Til § 2 Sakleg verkeområde

Råfisklova har ikkje ei eiga føresegn om sakleg verkeområde. Lovforslaget er såleis nytt.

*Første ledd* slår fast at lova gjeld førstehandsomsetning av viltlevande marine ressursar, krav til råstoffkvalitet, stifting og godkjenning av fiskesalslag og kontrollansvaret og vedtaksretten deira.

Omgrepet ”førstehandsomsetning” er nytta for å klargjere verkeområdet slik at det ikkje er tvil om at lova gjeld – biletleg tala - frå fiskefartøy til kaikant. Omgrepet førstehandsomsetning er også valt sidan uttrykket ”omsetning” kan skape tvil om lova også vil gjelde for vidare salsledd.

Eit vesentleg punkt i lova er godkjenninga av fiskesalslaga og dei kompetanseheimlane som gjev fiskesalslaga ulike forvaltningsretta oppgåver. Departementet meiner det er tenleg at det går klart fram av verkeområdeføresegna at lova også gjeld godkjenning av fiskesalslag og kontrollansvaret og vedtaksretten til dei godkjende fiskesalslaga.

*Første ledd andre punktum* presiserer gjeldande rett som inneber at omsetning i første hand av fangst som er teken i medhald av havbeiteløyve ikkje er omfatta av fiskesalslagslova, dersom havbeiteløyvet er gjeve i medhald av lov 17. juni 2005 nr. 79 om akvakultur (akvakulturlova), eller forskrifter fastsette i medhald av akvakulturlova. Dette gjeld sjølv om det dreier seg om fangst av marine ressursar som er viltlevande. Med fangst teken i medhald av havbeiteløyve sikter ein til fangst av den aktuelle arten, og i den aktuelle lokaliteten, som løyvet gjeld. Førstehandsomsetning av andre artar som vert fangsta innanfor lokaliteten vil derimot vere omfatta av fiskesalslagslova. Dette gjeld sjølv om havbeiteløyvet kan innehalde føresegner om fangst av andre artar, til dømes predatorar.

*Første ledd tredje punktum* gjev departementet myndigheit til å fastsetje i forskrift at omsetning i første hand av fangst teken i medhald av havbei-

teløyve likevel skal vere omfatta av lova. Departementet vil etter denne føresegna til dømes kunne fastsetje at lova gjeld omsetning i første hand av bestemte artar, eller av alle artar, som vert fangsta i medhald av havbeiteløyve. I dag er det Kongen som har slik myndigheit.

*Andre ledd* definerer kva som er førstehandsomsetning etter lova. For det første vil omsetning av fangst frå den som har hausta ressursen vere førstehandsomsetning, jf. andre ledd *første alternativ*. Ofte vil førstehandsomsetninga skje når fiskefartøyet ligg ved kai og sel fangsten sin til fiskemottaket. Men det er ikkje eit vilkår at eigeomsovergangen skjer på dette tidspunktet for at ei omsetning skal falle inn under dette alternativet. Også dersom fangsten er sett på land og til dømes vert plassert på eit fryselager for å verte seld seinare, vil det på dette seinare tidspunktet skje ei førstehandsomsetning som fell inn under lova.

For det andre vil den første omsetninga etter ilandføring, dersom fangsten ikkje tidlegare er omsett med godkjenning av eit fiskesalslag, falle inn under omgrepet førstehandsomsetning, jf. andre ledd *andre alternativ*. Det er ein slik type førstehandsomsetning når det har vore ei eigaroverdraging av fangsten ute på havet som ikkje er godkjend av fiskesalslaget, og fangsten deretter vert førd til land innanfor det stadlege verkeområdet til lova. Fisk som vert importert til Noreg, det vil seie fisk som er landa i utlandet og deretter vert transportert hit per bil, båt eller fly, fell likevel ikkje inn under dette alternativet.

For det tredje er sal frå fiskesalslag å rekne som førstehandsomsetning etter lova, jf. andre ledd *andre punktum* og kapittel 9.2.

*Tredje ledd* definerer omgrepet viltlevande marine ressursar på same måte som det er definert i havressurslova. Kva som vert rekna som viltlevande marine ressursar heng saman med den biologiske vurderinga av kva som er heimhøyrande i sjøen. Viltlevande marine ressursar er definert som fisk, sjøpattedyr med heilt eller delvis tilhald i sjøen, andre marine organismar og plantar med tilhald i sjøen eller på eller under havbotnen. Lova gjeld likevel ikkje for anadrome laksefiskar slik det er definert i lov 15. mai 1992 nr. 47 om lakse- og innlandsfisk mv. § 5 bokstav a. Med anadrome laksefiskar meiner lakse- og innlandsfiskeleva § 5 laksefiskar som vandrar mellom sjø og ferskvatn og som er avhengig av ferskvatn for å reprodusere seg, og rogn og ungar av slik fisk.

*Tredje ledd* inneber at lova også femner om sedentære artar i tillegg til artar og organismar som lever i vassøyla og på overflata. Dyr som har

delvis tilhald i sjøen, som dei ulike selartane, vert rekna som sjøpattedyr og er såleis omfatta av lova. Bruken av omgrepet "marin" avgrensar vidare i biologisk forstand mot dyr som lever i vatn (akvatiske) og som heilt eller delvis held til i ferskvatn. Sjølv om ferskvassfisk også kan leve i område med brakkvatn, vil ikkje lova gjelde for førstehandsomsetning av slike artar.

Uttrykket viltlevande avgrensar lova mot akvakulturdyr som vert avla fram og haldne i fangenskap. Omsetning av oppdretta marine artar som torsk, steinbit og kveite fell såleis utanom lova. Rømt oppdrettstorsk osv. er likevel ikkje å rekne som akvakulturdyr dersom dei har rømt frå merda. Lova vil difor gjelde for rømt oppdrettstorsk, og slik fisk må følgeleg verte omsett gjennom salslagssystemet. Kultiverte og genmodifiserte organismar er i utgangspunktet ikkje omfatta av lova, med mindre dei er naturaliserte som delemne i det marine økosystemet, på same måte som i havressurslova.

### *Til § 3 Stadleg verkeområde*

Råfisklova inneheld ikkje føresegn om stadleg verkeområde. Lovutkastet er nytt.

Departementet fann det tenleg ut frå omsynet til ei heilskapleg og samordna fiskerilovgjeving, å ta utgangspunkt i verkeområdet til havressurslova. Det fell i det vesentlege saman med det som er lagt til grunn i praktiseringa av råfisklova.

*Første ledd* fastset at det stadlege verkeområdet til lova er på norsk landterritorium med unntak av Jan Mayen og Svalbard, i norsk sjøterritorium og indre farvatn, på den norske kontinentalsokkelen og i område oppretta etter lov 17. desember 1976 nr. 91 om Norges økonomiske sone §§ 1 og 5.

Lova gjeld i norsk sjøterritorium og indre farvatn slik det går fram i lov 27. juni 2003 nr. 57 om Norges territorialfarvann og tilstøtende sone (territorialfarvannsloven). Sjøterritoriet omfattar eit område på 12 nautiske mil utanfor grunnlinjene, medan indre farvatn omfattar alt farvatn innanfor grunnlinjene. Samleomgrepet territorialfarvatnet omfattar alle desse områda, jf. territorialfarvasslova § 1. Det følgjer av territorialfarvasslova § 5 at lova også gjeld for sjøterritoriet og dei indre farvatna ved Svalbard, Jan Mayen, Bouvetøya, Peter Is øy og Dronning Maud Land. Kva sjøområde ved norsk territorium og biland som er omfatta er avhengig av ikraftsetjinga av territorialfarvasslova, jf. § 5. Førebels er lova berre sett i kraft for Svalbard og Jan Mayen, i tillegg til det norske fastlandet.

Lovutkastet gjeld i område etablert etter lov 17. desember 1976 nr. 91 om Norges økonomiske sone (soneloven) §§ 1 og 5. Med heimel i sonelova § 1 er det oppretta særskilte havsoner etter havrettskonvensjonen kapittel V på 200 nautiske mil utanfor grunnlinjene utanfor fastlandet, Jan Mayen og Svalbard (ved forskrift 17. desember 1976 nr. 15 om iverksettelse av Norges økonomiske sone, forskrift 23. mai 1980 nr. 4 om opprettelse av fiskerisonen ved Jan Mayen og forskrift 3. juni 1977 om fiskevernsonen ved Svalbard).

Lovutkastet gjeld på norsk kontinentalsokkel slik sokkelen er avgrensa i lov 21. juni 1963 nr. 12 om vitenskapelig utforskning og undersøking etter og utnyttelse av andre undersjøiske naturforekomster enn petroleumsforekomster (kontinentalsokkelloven) § 1. Med "kontinentalsokkelen" meiner ein havbotnen og undergrunnen i dei undersjøiske områda som strekkjer seg ut over norsk sjøterritorium gjennom heile den naturlege forlenginga av landterritoriet til ytterkanten av kontinentalsokkelen, men ikkje kortare enn 200 nautiske mil frå grunnlinjene som breidda av sjøterritoriet er målt frå, likevel ikkje utover midtlinja i forhold til ein annan stat. Yttergrensa til kontinentalsokkelen vert fastsett etter ein særskilt folkerettsleg prosedyre etter artikkel 76 i havrettskonvensjonen.

All fangst som vert omsett på første hand innanfor dette verkeområdet skal omsetjast med godkjenning av fiskesalslag, jf. § 8. Dette medfører at også fangstar hausta av utanlandske fartøy er omfatta av fiskesalslagslova dersom landinga skjer i Noreg.

*Andre ledd* gjev Kongen heimel til å fastsetje at heile eller delar av lova skal gjelde på norsk landterritorium på Jan Mayen, Svalbard, Bouvetøya, Peter Is øy og Dronning Maud Land.

Bouvetøya, Peter Is øy og Dronning Maud Land er underlagt norsk statshøgdom som biland. Kongen bestemmer i kva grad andre lover skal gjelde for Bouvetøya, Peter Is øy og Dronning Maud Land etter lov 27. februar 1930 nr. 3 om Bouvetøya, Peter Is øy og Dronning Maud Land § 2. Tilsvarande gjeld for Jan Mayen etter lov 27. februar 1930 nr. 2 om Jan Mayen § 2.

*Tredje ledd første punktum* fastset at lova også vil gjelde utanfor områda nemnde i første ledd for fartøy som er omfatta av lov 26. mars 1999 nr. 15 om retten til å delta i fiske og fangst (deltakerloven). Dette inneber at fiskesalslagslova vil gjelde for alle norske fiskefartøy uavhengig av kvar fangsten er teken eller kvar fartøyet er. Til dømes må krill som er hausta av norsk fartøy i Sørishavet

omsetjast i første hand med godkjenning av eit fiskesalslag i tråd med fiskesalslagslova.

*Tredje ledd andre punktum* gjev departementet heimel til i forskrift å fastsetje at fiskesalslagslova også skal gjelde for andre fartøy som er omfatta av lov 24. juni 1994 nr. 39 om sjøfarten (sjøloven) §§ 1 og 4 og lov 12. juni 1987 om norsk internasjonalt skipsregister (NIS-loven) § 1.

Etter *fjerde ledd* vil lova ikkje gjelde for fangst hausta med utanlandsk fartøy innanfor det stadlege verkeområdet til lova når fangsten vert landa i utanlandsk hamn, altså utanfor det stadlege verkeområdet til lova.

## Kapittel 2. Stifting og godkjenning av fiskesalslag

### *Til § 4 Godkjenning av fiskesalslag*

Føresegna vidarefører råfisklova § 3 første ledd og andre ledd.

Etter råfisklova § 3 første ledd kan departementet godkjenne vedtekter for salsorganisasjonar av fiskarar når fiskarane eller eigarane av båt eller reiskapar kan verte medlemmer ved direkte medlemskap eller ved medlemskap gjennom båtlag, lokale salslag eller gjennom den faglege fiskarorganisasjonen, og salsorganisasjonen er eit samvirkeforetak. Paragraf 3 andre ledd i råfisklova reknar opp kva element som skal vere med i vedtektene til salsorganisasjonen. Etter råfisklova er det såleis departementet si godkjenning av vedtektene som legg grunnlaget for salslaga si avgjerdsmyndighet etter lova.

*Første ledd første punktum* i lovutkastet § 4 fastset at departementet kan godkjenne eit samvirkeforetak som fiskesalslag etter fiskesalslagslova. Dette betyr at det framleis berre vil vere samvirkeforetak etter samvirkelova som kan godkjennast etter lova her som fiskesalslag. Kravet om at fiskesalslag skal vere eit samvirkeforetak er altså ei vidareføring av gjeldande rett. Føresegna inneber at omgrepet "fiskesalslag" får ei legal vekt. Godkjenninga gjev fiskesalslag rett til å utøve myndighet etter lova her.

Første ledd *andre punktum* fastset at berre fiskarar eller organisasjonar av fiskarar kan vere medlemmer i fiskesalslag. Organisasjonar av fiskarar er til dømes Norges Fiskarlag, Norges Kystfiskarlag, Sjømannsforbundet og Maskinistforbundet.

*Andre ledd* gjev reglar for kva vedtektene til samvirkelaget skal innehalde for at departementet kan godkjenne organisasjonen som eit fiskesalslag. For å verte godkjent som fiskesalslag må alle krava i a) til d) vere oppfylte.



*Tredje ledd* gjev departementet heimel til i forskrift å fastsetje nærare føresegner om ansvarsområda til fiskesalslaga, medrekna geografiske område og kva for viltlevande marine ressursar det enkelte fiskesalslag skal ha einerett til å omsetje. Verkeområda til dei ulike fiskesalslaga, medrekna geografisk område og kva ressursar laga kan omsetje, vert i dag regulert gjennom forskrift 30. april 2010 nr. 641 om omsetning i første hand av viltlevande marine ressursar. Departementet meiner det er tenleg at verkeområda til dei ulike fiskesalslaga framleis skal vere konkretiserte gjennom forskrift, og det er såleis ønskjeleg å vidareføre dagens system.

*Siste ledd* fastset at fiskesalslag har revisjonsplikt. Revisorlova § 2-1 bestemmer at rekneskapspliktige skal sjå til at årsrekneskapen vert revidert av ein registrert revisor eller statsautorisert revisor i samsvar med § 2-2 (revisjonsplikt) når ikkje anna er bestemt i eller i medhald av lov. Samvirkeforetak er etter rekneskapslova § 1-2 første ledd nr. 7 rekneskapspliktige. Revisorlova § 2-1 andre ledd fastset likevel at revisjonsplikta ikkje gjeld dersom driftsinntektene av den samla verksemda er mindre enn fem millionar kroner. Fiskesalslaga har gjennom eineretten til førstehandsomsetninga og rolla si i ressurskontrollen, fått ein viktig plass i norsk fiskeriforvaltning. Departementet meiner difor det er tenleg at fiskesalslag alltid har revisjonsplikt, uavhengig av kva for meir generelle vurderingar av trong for revisjonsplikt som måtte verte gjort i framtida.

#### *Til § 5 Offentlege kontrollørar*

Råfisklova § 3 andre ledd nr. 3 fastset at vedtektenene til salsorganisasjonen skal bestemme at departementet skal ha høve til å oppnemne ein offentlig kontrollør som skal lønast av organisasjonen. Vidare seier føresegna at løna til kontrolløren skal fastsetjast av departementet. Det er i dag oppnemnt kontrollørar i alle seks fiskesalslaga. Den viktigaste funksjonen til kontrolløren er å føre kontroll med at den forvaltningsverksemda som salslaget utfører er i samsvar med gjeldande regelverk. Kva oppgåver kontrolløren skal utføre er i dag nærare fastsett i instruks.

Salslaga har gjennom råfisklova vorte tildelt ei nasjonal rolle i ressursforvaltninga. Denne rolla er i nyare tid vidareutvikla og vorte stadig viktigare. Det er ein føresetnad for systemet at fiskesalslaga har tilstrekkeleg legitimitet som objektiv kontrollstyresmakt. Legitimiteten kan verte utfordra sidan salslaga heilt og fullt er eigd av fiskarane, og kontrollen til salslaga i praksis inneber tilsyn med

at dei som eig laget følgjer lovverket. Statens kontrollør kan i eit slikt perspektiv ha ein viktig funksjon og kan styrkje salslaga som nasjonal ressurskontrollstyresmakt.

Departementet meiner det er tenleg at fiskesalslagslova får ei eiga føresegn om offentlege kontrollørar. Ei slik føresegn vil gjere det tydeleg at fiskesalslaga er underlagt ekstern kontroll, og det vil vere med å styrkje legitimiteten til salslaga.

*Første ledd første punktum* fastset at departementet skal oppnemne ein offentlig kontrollør i kvart fiskesalslag som skal utføre dei tilsynsoppgåvene som departementet fastset i forskrift. Departementet meiner at oppgåvene til kontrolløren skal forskriftfestast. Dette vil sikre at arbeidet til kontrolløren vert oversiktleg og føreseieleg, noko departementet meiner er ein fordel for både kontrolløren og den som vert kontrollert.

*Første ledd andre punktum* slår fast at arbeidet til kontrolløren skal honorerast av fiskesalslaget. Det er departementet som fastset kor stort honoraret skal vere. Omgrepet honorar er nytta fordi kontrolløren ikkje er tilsett i fiskesalslaget.

*Andre ledd* slår fast at fiskesalslaga skal gje kontrolløren uhindra tilgang til og innsyn i alle bøker og protokollar og all korrespondanse i salslaget og på førespurnad ha tilgang til andre opplysningar. Uhindra tilgang tyder at kontrolløren heile tida skal ha tilgang til dei opplysningar han eller ho meiner er nødvendige for kontrollen. *Andre ledd* fastset vidare at kontrolløren har rett til å vere til stades på styremøte og årsmøte i fiskesalslaget.

#### *Til § 6. Tilbakekalling av godkjenning*

Råfisklova har i dag inga føresegn om tilbakekalling av departementet si godkjenning. Departementet meiner at lova bør ha ei slik føresegn, jf kapittel 19.5.

*Første ledd* slår fast at departementet kan trekkje tilbake godkjenninga dersom enkelte føresetnader for godkjenning vert brotne. Godkjenninga kan trekkjast tilbake permanent eller mellombels. Om tilbaketrekkinga skal vere mellombels eller permanent vert avgjort etter ei heilskapleg vurdering av saksfeltet, medrekna kva for føresetnader som er brotne, kva omfang brota har og kor alvorlege dei er. Formålet med føresegna er å vise at avgjerdsmakta som er tildelt etter lova er gjeven under enkelte føresetnader.

*Første ledd bokstav a)* fastset at godkjenninga kan trekkjast tilbake permanent eller mellombels dersom fiskesalslaget ikkje oppfyller dei krava som er fastsette i eller etter samvirkelova. Utkas

tet slår fast at det berre er samvirkeforetak som kan godkjennast som fiskesalslag. Dersom fiskesalslaget ikkje oppfyller krava i samvirkelova, vil salslaget heller ikkje tilfredsstill § 4 i utkast til ny fiskesalslagslov. Departementet meiner det er nødvendig formelt å kunne trekkje tilbake ei godkjenning som er gjeven etter lova.

Første ledd *bokstav b)* fastset at godkjenning kan trekkjast tilbake permanent eller mellombels dersom fiskesalslaget hindrar kontrolløren i arbeid sitt. Departementet meiner det er nødvendig å presisere kor viktig det er at kontrolløren får utføre kontrollen uhindra.

Første ledd *bokstav c)* fastset at godkjenninga kan trekkjast tilbake permanent eller mellombels dersom salslaget grovt eller gjenteke har brote føresegner fastsette i eller etter lova.

Første ledd *bokstav d)* fastset at godkjenninga kan trekkjast tilbake permanent eller mellombels dersom organiseringa og strukturen til fiskesalslaga ikkje er tenleg ut frå formålet med lova. Formålet med lova er å medverke til ei berekraftig og samfunnsøkonomisk lønsam forvaltning av viltlevande marine ressursar ved å leggje til rette for gode rammer for førstehandsomsetning og ved å sikre god dokumentasjon av ressursuttaket. Føresegna krev at det må gjerast ei heilskapleg og overordna vurdering knytt til fiskesalslaga og dei politiske måla om berekraftig og samfunnsøkonomisk lønsam forvaltning av dei viltlevande marine ressursane.

*Andre ledd* fastset at departementet ved tilbakekalling av godkjenning kan fastsette at eit anna fiskesalslag skal overta ansvarsområdet til det fiskesalslaget som fekk godkjenninga si kalla tilbake. Formålet med føresegna er å kunne rette oppatt rammevilkåra for førstehandsomsetninga gjennom å utvide verkeområdet til eit anna fiskesalslag.

#### *Til § 7 Overføring av ansvar*

Føresegna vidarefører råfisklova § 2 siste ledd, men vert noko utvida.

*Første punktum* fastset at eit fiskesalslag kan overføre ansvar etter lova her eller etter havressurslova til eit felles organ for to eller fleire godkjende fiskesalslag. Eit døme kan vere at salslaga opprettar eit eige organ som skal ta seg av den lov-pålagde ressurskontrollen til laga. Slike fellesorgan kan leggje til rette for meir effektiv oppgøvelsing, særleg for dei minste salslaga.

*Andre punktum* slår fast at fellesorganet skal ha vedtekter som er godkjende av departementet. Formålet med føresegna er å sikre at aktivitetane

til fellesorganet ligg innanfor ramma av det fiskesalslaget kan foreta seg etter fiskesalslagslova.

*Andre ledd* slår fast at dersom det blir etablert eit slikt fellesorgan for å ivareta salslaga sine kontrolloppgåver etter havressurslova eller etter lova her, vil fullmaktene som følgjer av kapittel 6 også gjelde for dette organet.

### **Kapittel 3. Førstehandsomsetning av viltlevande marine ressursar**

#### *Til § 8 Førstehandsomsetning*

Råfisklova § 2 gjev Kongen heimel til å bestemme at det skal vere forbode å tilverke, omsetje eller utføre råfisk dersom råfisken ikkje er omsett i første hand gjennom eller med godkjenning av ein salsorganisasjon av fiskarar, og vedtektene til organisasjonen er godkjende av departementet.

Forskrift om omsetning i første hand av viltlevande marine ressursar § 2 slår fast at det er forbode å tilverke, omsetje eller utføre marine ressursar dersom dei ikkje i første hand er omsette gjennom eller med godkjenning av eit fiskesalslag med vedtekter som er godkjende av departementet.

Departementet meiner det er tenleg å tydeleggjere gjeldande rett i fiskesalslagslova og at påbodet bør gå fram direkte av lova sjølv.

*Første ledd* slår difor fast at førstehandsomsetning av viltlevande marine ressursar skal skje gjennom eller med godkjenning av eit fiskesalslag. Føresegna vidarefører fiskesalslaga sitt monopol på omsetning av viltlevande marine ressursar.

*Andre ledd* bestemmer at det er forbode å utføre og tilverke viltlevande marine ressursar som ikkje er omsett i første hand med godkjenning av eit fiskesalslag, med mindre det er til eige forbruk. Føresegna vidarefører råfisklova § 2 første ledd. Med utførsel er meint all aktivitet som fører viltlevande marine ressursar ut av det stadlege verkeområdet til lova. Med tilverking er meint til dømes salting, hending og anna vidareforedling av fangsten.

Fiskeri- og kystdepartementet innførte utførselskvote for fisk og fiskevarer frå 1. juni 2006. Kvoten avgrensa mengda marin fisk eller fiskevarer frå sportsfiske som kan førast ut av landet til 15 kg per person, utan omsyn til alder. Med "eige forbruk" er meint i lova slik utførsel som er lovleg etter denne føresegna.

*Tredje ledd* bestemmer at departementet i forskrift kan gi nærare føresegner om unntak frå første og andre ledd, mellom anna for deler, produkt

eller biprodukt av viltlevande marine ressursar og om sjølvtilverking av eigen fangst.

Med sjølvtilverking er meint tilverking av den fangsten som fiskaren har hausta sjølv, til dømes gjennom salting og tørking. Omgrepet sjølvtilverking omfattar individuelle fiskarar så vel som juridiske personar som disponerer både fiske- og tilverkingsskapasitet. Forskrift som regulerer sjølvtilverking vil kunne omfatte tilverking både om bord i fiskefartøyet, i egne fabrikkskip eller på anlegg i land. Forskriftsheimelen inneber at departementet kan gje nærare reglar for kva som skal reknast som sjølvtilverking av eigen fangst, medrekna personelle kriterium for kven som utfører tilverkinga.

#### *Til § 9 Fastsetjing av avgift*

Lovutkastet vidarefører gjeldande råfisklov § 3 tredje ledd.

*Første ledd* bestemmer at eit fiskesalslag kan fastsetje ei avgift for førstehandsomsetning av viltlevande marine ressursar. Avgifta skal fastsetjast på fiskesalslaget sitt årsmøte.

*Andre ledd* slår fast at avgifta skal gå til verksemd som anten direkte er knytt til førstehandsomsetning av viltlevande marine ressursar, eller som står i rimeleg nær samanheng med fremje av dette formålet. Lovutkastet inneber såleis ein skranke for kva salslaga kan nytte avgifta til. Høgsterett behandla i Rt-1997-1210 eit spørsmål om Norges Råfisklag si overføring av avgiftsmidlar til Norges Fiskarlag. Medlemmer av Norges Kystfiskarlag fekk medhald av Høgsterett i at det ikkje kunne trekkjast pengar frå avgifta på fangstar dei leverte, til fordel for Norges Fiskarlag. Høgsterett uttalte i saka at:

”Det synes klart at loven ikke gir hjemmel for at avgiftsmidler kan brukes til fagorganisasjonsformål generelt, eller til organisasjonenes egen næringsvirksomhet utenfor enerettsområdet. Bruken av midlene må gå til virksomhet som enten direkte knytter seg til førstehandsomsetningen av fisk, eller som står i rimelig nær sammenheng med fremme av dette formålet. Derimot kan det ikke ha avgjørende betydning om midlene brukes av Råfisklaget eller av Fiskarlaget, idet Råfisklaget må kunne bruke Norges Fiskarlag som instrument for å fremme sitt lovfestede omsetningsmonopol og yte vederlag for dette av avgiftsmidler.”

Etter det departementet kjenner til har fiskesalslaga halde seg til dette etter dommen. Departementet er samd i at dette er ei god retningslinje

og avgrensing for bruken av avgiftsmidlane, og gjer framlegg om å lovfeste dette.

Føresegna slår fast at reglane i kapittel VII i forvaltningslova ikkje gjeld ved fastsetjing av avgift. Det inneber at reglane i forvaltningslova om til dømes høyring og kunngjering ikkje gjeld, sjølv om avgjerda etter sitt materielle innhald er å sjå som ei forskrift etter definisjonen i forvaltningslova.

#### *Til § 10 Fastsetjing av salsvilkår og omsetningsformer:*

Føresegna er ei vidareføring av råfisklova § 4, og gjev salslaga einerett til å fastsetje salsvilkår og omsetningsformer. Spørsmål omkring fastsetjing av salsvilkår og omsetningsformer er drøfta i kapittel 6.3.

*Første ledd* bestemmer at eit fiskesalslag skal fastsetje allmenne salsvilkår for førstehandsomsetning av viltlevande marine ressursar, og kan bestemme kva omsetningsformer som kan nyttast.

Etter *andre ledd* skal endringar i salsvilkår eller omsetningsformer leggjast fram for partane før endeleg avgjerd vert teken. Partane vil her vere organisasjonar for dei kjøparane som dette gjeld, ikkje enkeltbedriftene.

*Tredje ledd* slår fast at kjøpar og seljar er bundne av dei fastsette salsvilkåra og omsetningsformer, medan *fjerde ledd* slår fast at føresegnene i forvaltningslova kapittel VII om fastsetjing av forskrifter ikkje gjeld ved fastsetjing av salsvilkår og omsetningsformer.

#### *Til § 11 Fastsetjing av minstepris*

Råfisklova har ikkje eigen føresegn om minstepris, men heimelen til å fastsetje minstepris ligg i råfisklova § 4. Heimelen til å fastsetje minstepris er eit viktig instrument innanfor førstehandsomsetninga av viltlevande marine ressursar, og det tilseier at heimelen vert framheva og utbygd i ei eiga føresegn.

Det vert også vist til drøftinga i kapittel 6.2.

*Første ledd første punktum* bestemmer at det kan fastsetjast ein minstepris for førstehandsomsetning av viltlevande marine ressursar. Føresegna er ein kan-regel og inneber inga plikt for laget til å fastsetje minstepris.

Første ledd *andre punktum* fortel kva som er målet med å fastsetje ein minstepris. Målet med minstepris er å oppnå ei rimeleg fordeling av inntekta frå marknaden mellom fiskar og industri. Subjektivt sett kan det tenkjast at fiskarsida og industrisida er usamde om kva som er ei rimeleg

fordeling av inntekt frå marknaden. Spørsmålet om kva som er rimeleg må likevel ta utgangspunkt i ei objektiv vurdering av forholda, og nødvendigvis byggje på ei heilskapsvurdering av ei rekkje ulike forhold.

*Andre ledd* bestemmer at minsteprisen skal avgjerast av fiskesalslaget og dei andre partane i fellesskap. Føresegna inneber ikkje at enkeltaktørar på industrisida kan krevje minsteprisforhandlingar. Med dei andre partane er meint interesseorganisasjonane på industrisida. I dag vert kjøpar-/industrisida representert av FHL og NSL i prisforhandlingane. Andre ledd bestemmer vidare at det er fiskesalslaget som skal fastsetje minsteprisen. Det er såleis salslaget som står for den formelle fastsetjinga av minsteprisen. Salslaget er bunde til å fastsetje den prisen som det vert semje om. Lovforslaget gjev ingen føringar for kva instans eller organ innanfor fiskesalslaga som kan fastsetje minsteprisen. Storleiken på fiskesalslaga, strukturen og verksemda varierer, og det er difor tenleg at salslaga sjølve vurderer kva organ eller instans som tek den formelle avgjerda om minsteprisen.

*Tredje ledd* bestemmer at det er forbode å omsetje til lågare pris enn den fastsette minsteprisen.

#### *Til § 12 Framgangsmåte ved usemje*

Føresegna fortel kva prosedyrar som gjeld dersom partane etter forhandlingar ikkje lukkast i å verte samde om minsteprisen.

Etter *første ledd* skal spørsmålet om minstepris leggast fram for mekling dersom partane ikkje vert samde om minstepris.

*Andre ledd* bestemmer at dersom mekling ikkje fører fram, skal spørsmål om minstepris fastsetjast av fiskesalslaget. Dette inneber at den endelege vedtaksmakta i minsteprisspørsmålet, ligg til fiskesalslaga.

Partane i fellesskap dekkjer kostnadene med mekling. Det vert lagt opp til at meklingsnemnda skal leiast av ein person oppnemnd av Riksmeklarer og i tillegg bestå av to personar oppnemnde etter forslag frå høvesvis kjøparorganisasjonane og salslaga. I prøveperioden var det to nemnder, ei for pelagisk sektor og ei for dei andre salslaga. Departementet er i tvil om dette er nødvendig. Det er uansett ikkje nødvendig å lovfeste dette, og departementet vil difor ta stilling til dette etter nærare drøftingar med partane.

## **Kapittel 4. Regulering av hausting og dirigering av fangstar**

### *Til § 13 Rett til å regulere hausting*

Føresegna vidarefører råfisklova § 5. Det vert også vist til kapittel 6.4.

*Første ledd første punktum* bestemmer at eit fiskesalslag kan fastsetje mellombels forbod mot hausting eller gjennomføre andre reguleringar når det er nødvendig av omsyn til avtaket.

Avgjerder etter første ledd første punktum vedkjem ressursforvaltninga indirekte, sjølv om det er forhold kring avtaket som ligg bak.

Det er omsynet til avtaket som kan grunnje tiltak etter føresegna. Med "nødvendig" er meint at det må liggje føre ein situasjon som faktisk tilseier bruk av tiltak. Fiskesalslaget kan ikkje setje i verk tiltak utan at dei rådande forholda, eller forhold som er under vegs, tilseier det. Prisnivå i seg sjølv kan til dømes ikkje nyttast som grunngeving for fangststopp. Heller ikkje kan ressursomsyn som påverknad på andre fiskeri nyttast som grunngeving. Men føresegna vil vere aktuell til dømes ved slike toppar i fisket som fører til at det oppstår spørsmål om fisken i det heile kan omsetjast. Slike toppar har i dei seinare åra til dømes dukka opp under hysefisket om våren, og Norges Råfisklag har innført tiltak etter råfisklova § 5.

Dersom det vert fastsett fleire reguleringar om det same fisket, er hovudregelen at fiskarane må rette seg etter dei strengaste reguleringane.

*Første ledd andre punktum* slår fast at dei tiltak som kan setjast i verk etter første ledd første punktum, også kan setjast i verk dersom tiltaket er nødvendig for å oppnå ei tenleg utnytting av fangstane. I forarbeida til råfisklova, jf. Ot.prp. nr. 34 (1975-1976) s. 3, uttalar departementet at det er "et klart behov for å kunne regulere avtaket av fangstene også ut fra hensynet til å få fangstene anvendt på den beste måten, for eksempel til frysing for menneskemat istedenfor oppmaling til dyrefor". Departementet meiner det framleis kan vere behov for ei slik føresegn, og foreslår å vidareføre heimelen.

*Andre ledd* bestemmer at forbod og reguleringar etter første ledd, kan avgrensast til enkelte fiskeslag, distrikt og fartøygrupper. Fiskesalslaget kan såleis regulere på ulike måtar. Til dømes kan forbod mot fangst av visse fiskeslag i eit nærare oppgjeve geografisk område og tidsrom vere ei aktuell regulering. Tilsvarande kan tilhøva gjere det naturleg å regulere med kvotereguleringar per tur eller per tidseining, eller at fartøya vert pålagde eit oppgjeve tal liggjedagar mellom kvar tur. Val av avgrensingar må liggje innanfor ramma

av det som er nødvendig av omsyn til avtaket eller for å oppnå ei tenleg utnytting av fangstane.

*Tredje ledd* gjev departementet heimel til i forskrift å gje nærare føresegnar om fiskesalslaga sin reguleringsrett etter første og andre ledd.

*Fjerde ledd* vidarefører dagens føresegn om at forvaltningslova kapittel VII ikkje gjeld ved avgjerder om slik regulering.

#### *Til § 14 Rett til å dirigere fangstar*

Føresegna vidarefører råfisklova § 6. Det vert også vist til kapittel 6.4.

*Første ledd* bestemmer at et fiskesalslag kan, når det er nødvendig for å få fangstane omsett på den mest tenlege måten, dirigere fangstar til bestemte kjøparar og til bestemt bruk. Med "nødvendig" er meint at det må vere ein situasjon som faktisk tilseier bruk av tiltak. Formålet med føresegna er å sikre ei rasjonell omsetning av fangstane ut frå tilgjengeleg landingskapasitet. Denne retten har dei seinare åra berre vore nytta av Norges Råfisklag, men andre salslag kan ha dirigeringsordningar basert på samtykke.

*Andre ledd* vidarefører dagens ordning med at forvaltningsloven kapittel V og VII ikkje gjeld ved avgjerder etter første ledd. Det tyder, som for regulering og dei andre stadane i lova der det er gjort unntak for forvaltningslova kapittel VII, at ordninga ikkje krev høyring og kunngjering etter reglane for forskrifter i forvaltningslova. Ved dirigering vert det også fatta vedtak som er å rekne som enkeltvedtak etter forvaltningslova.

#### *Til § 15. Orientering*

Føresegna gjev fiskesalslaga plikt til å orientere partane når det er nødvendig å nytte regulerings- eller dirigeringsretten etter § 13 og § 14. Formålet med dette er å medverke til at partane, så langt råd er, kan førebu seg på tiltaka. Partane er også her organisasjonane til dei kjøparane som dette gjeld.

### **Kapittel 5. Kvalitetskrav**

#### *Til § 16 Tilsyn med kvalitetskrav til hausting og handtering av råstoff*

Føresegna gjev departementet heimel til i forskrift å kunne påleggje fiskesalslaga oppgåver for å fremme og ha tilsyn med den aktiviteten som skjer om bord i fartøya og under og etter ilandføring, medrekna fangst, sleping, transport og lagring av levande fangst når det gjeld kvalitet ved hausting og handtering av råstoff i samsvar med

forskrifter om kvalitet gjeve i medhald av denne paragrafen og matlova § 9. Forskriftsarbeidet må samordnast med regelverk etter matlova, og Mattilsynet sitt overordna ansvar for tilsyn med regelverk for å sikre mattryggleik m.v.

Føresegna gjev òg heimel til i forskrift å fastsetje nærare føresegnar om direkte handtering av levande fangst, medrekna bløgging, sløyning, reinsing, skyljing og hovudkapping, i tillegg til krav til utstyr som vert nytta ved slik handtering. Krav til oppbevaring av fangst, mellom anna temperatur og innfrysing av fangsten, kan også fastsetjast med heimel i andre ledd.

Det følgjer av § 17 første ledd at fiskesalslaga skal kontrollere at føresegnar som er fastsette i eller etter lova vert haldne. Det same kan gjelde for føresegnar som gjeld råstoffkvalitet og råstoffhandtering som er fastsette etter matlova. Det kan vere tenleg at denne kvalitetskontrollen vert gjort av fellesorgan for to eller fleire fiskesalslag, jf. § 7, og at industrien vert involvert i organisering og styring av dette arbeidet.

### **Kapittel 6. Kontrollansvaret til fiskesalslaga**

#### *Til § 17 Kontrolloppgåver*

Føresegna er ei vidareføring av råfisklova § 7, jf. også havressurslova § 48.

*Første ledd* bestemmer at fiskesalslaga skal kontrollere at føresegnar som er fastsette i eller etter fiskesalslagslova vert haldne. Dette er med andre ord ei plikt for salslaga; føresegna fastslår kva kontrolloppgåvene til fiskesalslaga er og at fiskesalslaga har eit sjølvstendig ansvar for kontrollen. Det kan vere tenleg at t.d. kvalitetskontrollen vert utført av fellesorgan for to eller fleire fiskesalslag, jf. § 7, og at industrien vert involvert i organisering og styring av dette arbeidet.

*Andre ledd* gjev departementet heimel til å påleggje eit fiskesalslag å kontrollere fangstar sjølv om fangsten i utgangpunktet ikkje er omfatta av fiskesalslaget sin einerett til førstehandsomsetning. Slik kontroll kan både innebere kvoteavrekning og fangstrapportering og andre former for kontroll. Det kan til dømes vere tenleg at fiskesalslaga gjennom sine system fører kontroll med uttaket av ein ressurs sjølv om retten til førstehandsomsetning av arten ikkje ligg til fiskesalslaga. Sidan fiskesalslaga ikkje er underlagt alminneleg instruksjonsmakt frå departementet er det nødvendig å lovfeste heimelen.

*Tredje ledd* fastset at departementet i forskrift kan gje nærare føresegnar om organisering av kontrollarbeidet til eit fiskesalslag, om gjennomfø-

ring av kontroll og om rapporterings- og kontrollrutinar. Denne kompetansen vil departementet kunne delegera til Fiskeridirektoratet.

#### *Til § 18 Tilgang og bistandsplikt*

Føresegna er ei vidareføring av råfisklova § 7 andre ledd, jf. også havressurslova § 48 andre ledd.

*Første ledd* inneheld ei positiv opprekning av kvar fiskesalslaga kan krevje tilgang, og kva dei kan krevje tilgang til, for å utføre kontrolloppgåvene etter § 17. Fiskesalslaga kan dermed ikkje krevje å få utføre kontroll på stader eller krevje å få opplysningar som ikkje er omfatta av opprekninga. *Første ledd* viser såleis både kva fiskesalslaga kan kontrollere og kva dei ikkje har krav på å kontrollere. Dersom eit fiskesalslag under kontrollen ønskjer tilgang til stader eller opplysningar som ikkje er nemnde i første ledd, har den som vert kontrollert ikkje plikt til å gje slik tilgang.

Når fiskesalslag gjennomfører kontroll skal dei etter *første ledd* ha uhindra tilgang til haustings- eller transportfartøy og til kontora, lagera og produksjonsanlegga til kjøparen eller mottakaren. Det same gjeld når fangst vert overført frå eller til steng eller merd. Fiskesalslaga skal såleis ha tilgang til dei som er involverte i landing eller førstehandsomsetning av fangst. Det er kontroll av desse aktørane som har klarast samanheng med fiskesalslaga si verksemd etter lova. For å kunne gjennomføre kontrollen på dei stadene som er nemnde i første ledd *første og tredje punktum*, er det nødvendig å ha tilgang til relevante kontrollopplysningar. Første ledd *andre punktum* bestemmer kva for kontrollopplysningar fiskesalslaga skal ha uhindra tilgang til, medrekna fangstdagboka til fartøyet, landingsjournalen til mottaket eller kjøparen, landings- og sluttsetlar og rekneskap. Når fiskesalslaget utfører ein kontroll, er det som offentleg styresmakt, og som offentleg styresmakt er fiskesalslaga underlagde teieplikt om forretningsløyndomar med tilhøyrande reglar om straff om dei ikkje held seg til pliktene. Tilsvarende gjeld bruk av slik informasjon i eigen næring. At salslaget utfører kontroll som offentleg styresmakt, har også det til følge at dei frå salslaget som utfører kontrollen er å rekne som offentlege tenestemenn etter dei reglane som vernar om offentleg tenestemann under utføring av tenesta.

Tilgangen til stader og opplysningar er nødvendig for å kunne sjekke om det er fangst igjen i fartøyet, at levert kvantum fangst stemmer med

det oppgjevne kvantum på sluttsetel og i fangstdagbok, og om det er levert kvantum som ikkje er ført på landings- eller sluttsetlar. Tilgang til rekneskap både til fartøy og kjøpar/mottakar, er viktig for å kunne undersøkje om det er motteke betaling for fisk eller gjeve andre vederlag som ikkje stemmer med det kvantum som er ført på landings- eller sluttsetelen.

Fiskesalslaga skal ha tilgang til fartøy, mottak og kjøparar og opplysningar i samband med landing eller etter landing av fangst. Heimelen skal ikkje tolkast så vidt at fiskesalslaga skal ha tilgang til dømes til fartøy under utøving av fiske.

*Andre ledd* pålegg dei som vert kontrollerte å samarbeide med fiskesalslaga ved kontroll og gje tilgang til stader og opplysningar som er omfatta av første ledd. Samarbeidsplikta er nødvendig for at fiskesalslaga skal kunne utføre dei pålagde kontrolloppgåvene på ein god måte. Lovutkastet inneber også at kontrollsubjektet må yte bistand under kontrollen. Slik bistand kan til dømes vere å hente fram aktuelle permar osv. som inneheld dei opplysningar som kontrolløren ber om.

*Tredje ledd* fastset at politiet skal yte salslaget nødvendig hjelp og vern under utføring av kontroll. Ei slik plikt finst også for Fiskeridirektoratet, jf. havressurslova § 46 siste ledd og for andre kontrollatar, jf. mellom anna tollova av 10. juni 1966 § 20. Som nemnd ovanfor utfører salslaga kontroll som offentleg styresmakt, og då er det naturleg at politiet får ei slik plikt også i høve til salslaga si kontrollverksemd.

#### *Til § 19 Utveksling av informasjon*

Føresegna er ny og slår fast at eit fiskesalslag skal gje og ta i mot dei opplysningane som Fiskeridirektoratet meiner er nødvendige for å gjennomføre kontroll etter fiskesalslagslova og havressurslova.

Fiskeridirektoratet har eit overordna ansvar for ressurskontrollarbeidet i Noreg. Fiskeridirektoratet skal føre kontroll med at føresegnene fastsette i og etter havressurslova, deltakarlova, sone-lova, fiskeforbodslova, og den nye fiskesalslagslova vert følgde. Opplysningane som fiskesalslaga skal kontrollere vil i dei aller fleste høve vere dei same anten dei gjennomfører ressurskontroll etter havressurslova eller omsetningskontroll etter fiskesalslagslova. Når det først er brot på regelverket, finn ein ved kontroll ofte brot på begge typar reglar. Omsetningskontroll og ressurskontroll heng difor nært saman. I lys av dette kan det vere tenleg at Fiskeridirektoratet, som har det overordna ressurskontrollarbeidet i Noreg,

har høve til å krevje utlevert slik informasjon frå eit fiskesalslag som direktoratet meiner er nødvendig for kontrollarbeidet sitt.

Tilsvarande kan Fiskeridirektorat ha behov for å gje informasjon til salslaga, som direktoratet meiner er nødvendige for at fiskesalslaga skal utøve kontrollfunksjonane sine på ein tenleg måte.

#### *Til § 20 Utveksling av opplysningar mellom kontrollstyresmakter*

Føresegna er ny og er ein særleg regel om unntak frå teieplikta ved utveksling av opplysningar mellom kontrollpersonell i fiskesalslag og andre kontrollstyresmakter. Lovutkastet er ei omskriving av havressurslova § 49. Bakgrunnen for havressurslova § 49 er at ulike føresegner om teieplikt for personell i ulike etatar kan innebere ei unødig hindring i samarbeidet om ressurskontroll.

*Første ledd* inneber at kontrollpersonellet i fiskesalslaga, utan hinder av teieplikt, kan gje andre kontrollstyresmakter, politi eller påtalemyndighet opplysningar som har naturleg samanheng med oppgåvene deira etter lova.

På same måte fastslår *andre ledd* at teieplikt for personell i andre kontrollstyresmakter, politi eller påtalemyndighet, ikkje hindrar at dei gjev kontrollpersonell i eit fiskesalslag opplysningar som nemnt i *første ledd*. Retten til å gje slike opplysningar er både etter *første* og *andre ledd* avgrensa til opplysningar som har naturleg samanheng med oppgåvene til fiskesalslaget.

Føresegna gjev rett til å gje opplysningar til andre kontrollstyresmakter, og inneber såleis inga opplysningsplikt.

*Tredje ledd* gjev heimel til å fastsetje nærare føresegner om utveksling av opplysningar i forskrift. Slike føresegner kan til dømes vere kva slags typar opplysningar som skal utvekslast og kva styresmakter som skal kunne utveksle opplysningar med kontrollpersonellet i fiskesalslaga.

Sidan føresegna også gjeld etatar som er underlagde fleire departement, til dømes politiet, er det naturleg at myndigheit til å gje forskrifter etter føresegna vert lagt til Kongen.

#### *Til § 21 Fangst som er omsett i strid med lova*

Lovutkastet vidarefører råfisklova § 6 a, men er materielt lagt nært opp til havressurslova § 54. Dette legg til rette for samordning eller harmonisering av føresegnene i medhald av havressurslova og lova her.

*Første ledd* slår fast at fangst eller verdien av fangst som er hausta eller omsett i første hand i

strid med føresegner fastsette i eller etter lova, tilfell vedkomande fiskesalslag. Med vedkomande fiskesalslag er meint det salslaget som har retten til å omsetje den aktuelle fangsten. Det er fangst eller verdien av fangst som er hausta eller omsett i første hand i strid med fiskesalslagslova som tilfell fiskesalslaget etter første ledd. Brot på til dømes kvoteføresegner, altså inndraging av fangst over kvote, vil framleis vere regulert gjennom havressurslova § 54.

*Andre ledd* gjev departementet heimel til å fastsetje forskrift om behandlinga av slike tilfelle som er omfatta av første ledd, medrekna korleis verdien av fangsten skal fastsetjast, om det kan gjevast vederlag for kostnader ved ilandføring, og om kva fiskesalslaga kan bruke slike midlar til.

I all hovudsak vil det ikkje vere problematisk å fastsetje verdien av den lovstridige fangsten. Det vanlege er å leggje omsetningsverdien til grunn. Men det kan tenkjast at det kan verte behov for ei ordning som tek utgangspunkt i andre parameter, og det kan difor vere tenleg at departementet får heimel til å bestemme reglar for fastsetjing av verdien dersom det skulle verte behov for det.

*Tredje ledd* slår fast at endeleg vedtak er tvangsgrunnlag for utlegg. Endelig vedtak inneber at klageretten må vere uttømt eller at klageretten ikkje er nytta. Tredje ledd slår vidare fast at verdien av fangsten kan krevjast inn ved motrekning i fangstoppgjær. Etter *fjerde ledd* kan departementet gje forskrift om mellombels tilbakehald av fangstverdi.

## **Kapittel 7. Reaksjonar ved lovbrøt**

### *Til § 22 Straffansvar*

Føresegna vidarefører § 9 i råfisklova som fastset at den som med vilje eller aktlaust bryt føresegner kan straffast med bøter eller fengsel, men er harmonisert med havressurslova og deltakarlova, jf. arbeidet med etterkontroll av deltakarlova mv. Skuldkravet er såleis det same som i havressurslova. Uttrykket "med vilje" tyder det same som "med forsett".

*Første ledd* bestemmer at den som med vilje eller aktlaust bryt føresegner gjevne i eller etter lova vert straffa med bøter eller fengsel i inntil eitt år. Føresegna reknar opp kva lovføresegner som inneheld handlingsnormer, det vil seie påbod og forbod, som det er aktuelt å straffleggje.

*Andre ledd* fastset at grove brot på føresegnene etter første ledd, kan straffast med fengsel i inntil seks år. Skuldkravet etter andre ledd er om brotet er gjort med grov aktløyse eller med vilje. I vurderinga av om brotet er grovt, skal det særleg leg-

gjast vekt på om den økonomiske eller potensielle økonomiske verdien av brotet er stor, om brotet har skjedd systematisk over tid, om brotet er grenseoverskridande og om brotet har skjedd som ledd i organisert verksemd.

Til vanleg vert straffansvar retta mot fartøyeigaren eller reiaran. Likevel fastset *tredje ledd* at også mannskapsmedlemer kan straffast, og er såleis eit unntak frå hovudregelen. Dette er parallelt til havressurslova. Tredje ledd første punktum slår fast at når straffansvar etter første ledd kan gjerast gjeldande mot fartøyføraren for ei handling nokon av mannskapet på eit fartøy står for, kan den underordna berre straffast dersom han har brote føresegnar med vilje. *Første punktum* er ein "kan-regel", og inneber at det må gjerast ei skjønsvurdering av om mannskapsmedlemer skal straffast i det aktuelle tilfellet. Mannskapsmedlemer kan berre straffast om brotet er gjort med vilje.

Tredje ledd *andre punktum* fastset at ved avgjerda av om ein underordna skal straffast, skal det særleg takast omsyn til den preventive verkna den av straffa, kor grovt brotet er, og om vedkomande har hatt eller kunne ha oppnådd fordel ved brotet.

*Fjerde ledd første punktum* slår fast at fartøyføraren kan vedta førelegg på vegner av oppdragsgjeveren. Dette omfattar også andre reaksjonar enn straff som eit førelegg kan vise til, og gjeld førelegg retta både mot person og mot foretak.

Etter fjerde ledd *andre punktum* kan oppdragsgjeveren straffast i sak som vert reist mot fartøyføraren. Straffesak mot oppdragsgjeveren kan fremmast utan at vedkomande sjølv er til stades, men må ikkje vere i strid med allmenne rettsprinsipp.

*Femte ledd* fastset at forsøk og medverknad skal straffast på same måte som brot.

#### Til § 23 Inndraging

Råfisklova har ikkje eiga føresegn om straffeprosessuell inndraging. Forslaget er altså nytt, men er harmonisert med havressurslova § 65. Straffeprosessuell inndraging er eit av dei mest effektive verkemidla i handhevinga av fiskeriregelverket og

er godt innarbeidd i påtalemakta og hos domstolane.

*Første ledd* gjev heimel til å inndra fangst, reiskapar, gjenstandar, eigedomar, anlegg eller fartøy som er brukt ved lovbrotet. Føresegna gjev heimel til inndraging både overfor fiskarar, transportørar, mottakarar og kjøparar av fangst. I staden for tingen kan verdien heilt eller delvis inndragast hos den skuldige eller den det er handla på vegner av, eller hos eigaren. I dei fleste høve vil det vere mest praktisk å inndra verdien av fangst mv. i staden for sjølve tingen.

Etter *andre ledd* kan det fastsetjast at panterett og andre rettar i ting som vert inndregne, heilt eller delvis fell bort. Føresegnene i straffelova § 37 c gjeld tilsvarande.

*Tredje ledd* fastset at når lovleg og ulovleg fangst er blanda saman kan heile fangsten inndragast.

### Kapittel 8. Iverksetjing, overgangsregel og endringar i andre lover

#### Til § 24 Iverksetjing

Føresegna inneber at fiskesalslagslova trer i kraft frå den tid Kongen fastset. Frå same tid vert råfisklova oppheva. Dei forskrifter og enkeltvedtak som er fastsette i medhald av råfisklova, vil framleis gjelde, jf. andre ledd. Dette omfattar også dei forretningsreglar mv. som salslaga har fastsett.

#### Til § 25 Overgangsregel

Føresegna slår fast at fiskesalslag som har godkjenning etter råfisklova kan halde fram med verksemda som fiskesalslag i to år etter at lova trer i kraft. Departementet meiner at to år gjev fiskesalslaga tilstrekkeleg tid til å søkje om ny godkjenning etter fiskesalslagslova. Salgslag må innan det har gått to år etter at lova er sett i verk ha søkt om og fått ny godkjenning.

#### Til § 26 Endringar i andre lover

Endringane som er foreslått gjeld redaksjonelle tilpassingar som følgje av at råfisklova vert erstatta av ei ny lov.



## 11 Økonomiske og administrative konsekvensar

Lovutkastet legg opp til å vidareføre dagens salslagsstruktur og verksemda til dei laga som allereie er etablerte. Dette inneber ei vidareføring av dei oppgåvene som laga utfører i dag. I tillegg vil laga få visse nye oppgåver som følgje av forslaget om ny heimel knytt til råstoffkvalitet og råstoffhandtering. Dette forslaget vil også ha økonomiske konsekvensar for næringa ved at tilsynsoppgåvene vert finansierte av salslaga som har sine inntekter frå lagsavgift. Kva dette vil innebere er avhengig av behovet for og omfanget av tilsynet. Det vil vere naturleg å drøfte slike konsekvensar nærare når forslag om oppgåver knytt til kvalitetskrav vert sendt på høyring. Dei organa til styresmaktene som samarbeider med eller på andre måtar er i kontakt med salslaga vil ikkje få mange nye oppgåver.

På nokre områder legg lovutkastet opp til betre samhandling mellom salslaga og mellom laga og departementet og Fiskeridirektoratet. Dette gjelder særleg på kontrollområdet, der lovutkastet også har heimlar som kan nyttast til å

effektivisere samhandlinga med andre kontrollstyresmakter. Dette vil kunne gje betre utnytting av dei samla ressursane.

På nokre andre områder legg lovutkastet opp til utvida rutinar for salslaga. Dette gjeld særleg meklingsordninga ved fastsetting av minstepris. Dette vil ha økonomiske og administrative konsekvensar, men desse vil etter departementet si vurdering vere av svært avgrensa storleik.

Departementet kan elles ikkje sjå at lovutkastet vil ha særlege distriktsmessige konsekvensar, eller konsekvensar for det samiske folk.

Fiskeri- og kystdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om lov om førstehandsomsetning av viltlevande marine ressursar (fiskesalslagslova).

---

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget vert bedt om å gjere vedtak til lov om førstehandsomsetning av viltlevande marine ressursar (fiskesalslagslova) i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

## Forslag

# til lov om førstehandsomsetning av viltlevande marine ressursar (fiskesalslagslova)

### Kapittel 1. Innleiande føresegner

#### § 1 *Formål*

Formålet med lova er å medverke til ei berekraftig og samfunnsøkonomisk lønsam forvaltning av viltlevande marine ressursar ved å leggje til rette for gode rammer for førstehandsomsetning og ved å sikre dokumentasjon av ressursuttaket.

#### § 2 *Sakleg verkeområde*

Lova gjeld førstehandsomsetning av viltlevande marine ressursar, krav til råstoffkvalitet, stifting og godkjenning av fiskesalslag og kontrollansvaret og vedtaksretten deira. Lova gjeld likevel ikkje førstehandsomsetning av fangst i medhald av havbeiteløyve som er gjeve med heimel i lov 17. juni 2005 nr. 79 om akvakultur eller forskrift fastsett i medhald av denne. Departementet kan i forskrift fastsetje at slik førstehandsomsetning likevel skal vere omfatta av lova her.

Førstehandsomsetning er omsetning av viltlevande marine ressursar frå den som har hausta dei, og den første omsetninga etter ilandføring dersom fangsten ikkje tidlegare er omsett gjennom eller med godkjenning av eit fiskesalslag. Sal frå eit fiskesalslag er uansett å rekne som førstehandsomsetning.

Viltlevande marine ressursar er fisk, sjøpatedyr med heilt eller delvis tilhald i sjøen, andre marine organismar og plantar med tilhald i sjøen eller på eller under havbotnen. Lova gjeld likevel ikkje hausting og anna utnytting av anadrome laksefiskar slik det er definert i lov 15. mai 1992 nr. 47 om lakse- og innlandsfisk mv. § 5 bokstav a.

#### § 3 *Stadleg verkeområde*

Lova gjeld på norsk landterritorium unntakte Jan Mayen og Svalbard, i norsk sjøterritorium og indre farvatn, på den norske kontinentalsokkelen og i område oppretta etter lov 17. desember 1976 nr. 91 om Norges økonomiske sone §§ 1 og 5.

Kongen kan fastsetje at heile eller delar av lova skal gjelde på norsk landterritorium på Jan Mayen, Svalbard, Peter Is øy og Dronning Maud Land.

For fartøy som fell inn under lov 26. mars 1999 nr. 15 om retten til å delta i fiske og fangst (deltakerloven), gjeld lova også utanfor områda i første ledd. Departementet kan i forskrift fastsetje at lova skal gjelde for andre fartøy som fell inn under lov 24. juni 1994 nr. 39 om sjøfarten (sjøloven) §§ 1 og 4 og lov 12. juni 1987 om norsk internasjonalt skipsregister (NIS-loven) § 1.

Lova gjeld ikkje førstehandsomsetning av viltlevande marine ressursar som er hausta med utanlandsk fartøy når fangsten vert ført til utanlandsk hamn.

### Kapittel 2. Stifting og godkjenning av fiskesalslag

#### § 4 *Godkjenning av fiskesalslag*

Departementet kan godkjenne eit samvirkeforetak, jf. lov 29. juni 2007 nr. 81 om samvirkeforetak (samvirkelova), som fiskesalslag. Berre fiskarar eller organisasjonar av fiskarar kan vere medlemmer i eit fiskesalslag.

Vedtektene til fiskesalslaget skal ha føresegner om følgjande:

- a) at fiskesalslaget skal ha ein kontrollkomité,
- b) at verksemd som fiskesalslaget driv, og som ikkje direkte er organisering av førstehandsomsetninga, skal skje gjennom eigne selskap,
- c) at føresegner som vert fastsette om bruk av formuen ved oppløysing av fiskesalslaget skal godkjennast av departementet,
- d) at tvistar mellom fiskesalslaget og medlemmene skal løysast på nærare fastsett måte.

Departementet kan i forskrift gje nærare føresegner om ansvarsområda til fiskesalslaga, medrekna geografiske område og kva for viltlevande marine ressursar det enkelte fiskesalslaget skal ha einerett til å omsetje.

Fiskesalslag har revisjonsplikt.

### § 5 *Offentlege kontrollørar*

Departementet skal nemne opp ein offentlig kontrollør i kvart fiskesalslag som skal utføre dei tilsynsoppgåvene som departementet fastset i forskrift. Salslaget betalar honorar til kontrolløren etter satsar fastsette av departementet.

Kontrolløren skal ha uhindra tilgang til og innsyn i alle bøker og protokollar og all korrespondanse i salslaget og på førespurnad ha tilgang til andre opplysningar. Kontrolløren har rett til å vere til stades på styremøte og årsmøte i fiskesalslaget.

### § 6 *Tilbakekalling av godkjenning*

Departementet kan kalle tilbake godkjenninga permanent eller mellombels dersom

- a) fiskesalslaget ikkje oppfyller dei krava som er fastsette i eller etter samvirkelova,
- b) statens kontrollør har vorte hindra i arbeidet sitt,
- c) fiskesalslaget grovt eller gjenteke har brote føresegner som er fastsette i eller etter lova her, eller
- d) organiseringa og strukturen til fiskesalslaga ikkje er tenleg ut frå formålet med lova.

Ved tilbakekalling av godkjenning kan departementet fastsetje at eit anna fiskesalslag skal overta ansvarsområdet til det fiskesalslaget som fekk godkjenninga si kalla tilbake.

### § 7 *Overføring av ansvar*

Fiskesalslag kan føre over ansvar etter lova her eller ansvar etter havressurslova til eit felles organ for to eller fleire godkjende fiskesalslag. Fellesorganet skal ha vedtekter som er godkjende av departementet.

Kapittel 6 gjeld tilsvarande for eit slikt fellesorgan som er oppretta for å utføre kontroll.

## **Kapittel 3. Førstehandsomsetning av viltlevande marine ressursar**

### § 8 *Førstehandsomsetning*

Førstehandsomsetning av viltlevande marine ressursar skal skje gjennom eller med godkjenning av eit fiskesalslag.

Det er forbode å utføre eller tilverke viltlevande marine ressursar som ikkje er omsette i første hand med godkjenning av eit fiskesalslag, med mindre det er til eige forbruk.

Departementet kan i forskrift gje nærare føresegner om unntak frå føresegnene i første og andre ledd, under dette unntak for delar, produkt eller biprodukt av viltlevande marine res-

sursar og for sjølvtilverking av eigen fangst.

### § 9 *Fastsetjing av avgift*

Eit fiskesalslag kan fastsetje avgift for førstehandsomsetning av viltlevande marine ressursar. Avgifta skal fastsetjast på årsmøtet til fiskesalslaget. Kapittel VII i forvaltningsloven gjeld ikkje for fastsetjing av avgifta.

Avgifta skal brukast til verksemd som anten direkte knyter seg til førstehandsomsetning av viltlevande marine ressursar, eller som står i rimeleg nær samanheng med fremme av dette formålet.

### § 10 *Fastsetjing av salsvilkår og omsetningsformer*

Eit fiskesalslag skal fastsetje allmenne salsvilkår for førstehandsomsetning av viltlevande marine ressursar, og kan avgjere kva omsetningsformer som kan nyttast.

Endringar i salsvilkår eller omsetningsformer skal leggjast fram for partane før endeleg avgjerd vert teken.

Kjøpar og seljar er bundne av dei fastsette salsvilkåra og omsetningsformene.

Kapittel VII i forvaltningsloven gjeld ikkje ved fastsetjing av salsvilkår og omsetningsformer.

### § 11 *Fastsetjing av minstepris*

Det kan fastsetjast minstepris for førstehandsomsetning av viltlevande marine ressursar. Formålet med minstepris er å få til ei rimeleg fordeling mellom fiskar og industri av inntekt frå marknaden.

Minstepris vert bestemt etter forhandlingar mellom fiskesalslaget og dei andre partane, og fiskesalslaget skal fastsetje den minsteprisen det er oppnådd semje om. Ved usemje om minsteprisen skal den fastsetjast etter dei prosedyrar som framgår av § 12. Kapittel VII i forvaltningsloven gjeld ikkje ved fastsetjing av minstepris.

Det er forbode å omsetje til lågare pris enn den fastsette minsteprisen.

### § 12 *Framgangsmåte ved usemje*

Dersom partane gjennom forhandlingar ikkje vert samde om minstepris, skal spørsmålet om minstepris leggjast fram for mekling. Departementet kan i forskrift gje nærare føresegner om samansetjing av meklingsnemnda og korleis meklinga skal gjennomførast.

Dersom mekling ikkje fører fram, kan fiskesalslaget fastsetje minstepris.

#### Kapittel 4. Regulering av hausting og dirigering av fangstar

##### § 13 *Rett til å regulere hausting*

Når det er nødvendig av omsyn til avtaket kan fiskesalslag fastsetje mellombels forbod mot hausting eller gjennomføre andre reguleringar. Det same gjeld dersom reguleringar er nødvendige for å kunne utnytte fangstane på ein tenleg måte.

Reguleringane kan avgrensast til enkelte villlevande marine ressursar, fartøygrupper og distrikt.

Departementet kan i forskrift gje nærare føresegner om fiskesalslaga sin reguleringsrett etter første og andre ledd.

Kapittel VII i forvaltningsloven gjeld ikkje ved avgjerder etter første ledd.

##### § 14 *Rett til å dirigere fangstar*

Når det er nødvendig for å få fangstar omsette på den mest tenlege måten, kan fiskesalslag dirigere fangstane til bestemte kjøparar og til bestemt bruk.

Kapittel V og VII i forvaltningsloven gjeld ikkje ved avgjerder etter første ledd.

##### § 15 *Orientering*

Partane skal orienterast før det vert sett i verk regulering eller dirigering etter §§ 13 og 14.

#### Kapittel 5. Kvalitetskrav

##### § 16 *Kvalitetskrav til hausting og handtering av råstoff*

Departementet kan påleggje fiskesalslaga oppgåver for å fremme og ha tilsyn med kvalitet ved hausting og handtering av råstoff, og sjå til at dette skjer i samsvar med forskrifter om kvalitet fastsette etter lova her og matlova § 9.

For å fremme god kvalitet på fisk og fiskevarer kan departementet i forskrift fastsetje krav til hausting og handtering av fangst og råstoff. I forskrifta kan det mellom anna fastsetjast krav til utstyr for oppbevaring og handtering og korleis råstoffet skal handterast, om bord i fartøy, ved omlasting mellom fartøy, ved og etter landing av råstoffet.

#### Kapittel 6. Kontrollansvaret til fiskesalslaga

##### § 17 *Kontrolloppgåver*

Fiskesalslaga skal kontrollere at føresegner som er fastsette i eller etter lova her vert haldne.

Departementet kan påleggje fiskesalslag å kontrollere opplysningar om fangstar sjølv om fangsten ikkje fell inn under fiskesalslaga sin omsetningsrett.

Departementet kan i forskrift gje nærare føresegner om korleis fiskesalslaga skal organisere og gjennomføre kontrollarbeidet og om rapporteringsrutinar.

##### § 18 *Tilgang og bistandsplikt*

Ved kontroll etter § 17 kan fiskesalslaga krevje uhindra tilgang til haustings- eller transportfartøy og til kontora, lagera og produksjonsanlegga til kjøparen eller mottakaren. I denne samanhengen kan salslaga krevje uhindra tilgang til fangst dagbok, landingsjournal, setlar og rekneskapar. Det same gjeld når fangst vert overført frå eller til steng eller merd.

Dei som vert kontrollerte i samsvar med føresegner gjevne i eller i medhald av lova, har plikt til å samarbeide ved kontrollen.

Politiet skal yte salslaget nødvendig hjelp og vern ved gjennomføring av kontroll.

##### § 19 *Utveksling av informasjon*

Fiskesalslag skal gje og ta i mot dei opplysningane som Fiskeridirektoratet meiner er nødvendige for å gjennomføre kontroll etter lova her og havressurslova.

##### § 20 *Utveksling av opplysningar mellom kontrollstyresmakter*

Eit fiskesalslag kan utan hinder av teieplikta gje andre kontrollstyresmakter, politi eller påtalemyndighet opplysningar som har naturleg samanheng med oppgåvene deira etter lova her.

Teieplikta for personell i andre kontrollstyresmakter, politi eller påtalemyndighet hindrar ikkje at dei gjev fiskesalslaga opplysningar etter første ledd.

Kongen kan i forskrift gje nærare føresegner om utveksling av opplysningar.

##### § 21 *Fangst som er omsett i strid med lova*

Fangst eller verdien av fangst tilfell vedkomande salslag når fangsten er hausta eller omsett i første hand i strid med føresegner som er fastsette i eller etter lova her.

Departementet kan i forskrift fastsetje reglar om handsaming av slike saker, korleis verdien av fangsten skal fastsetjast, om det kan gjevast vederlag for kostnader ved ilandføring og om kva fiskesalslaga kan bruke slike midlar til.

Endeleg vedtak er tvangsgrunnlag for utlegg, og verdien av fangsten kan krevjast inn

ved motrekning i fangstoppgjær.

Departementet kan fastsetje forskrift om mellombels tilbakehald av fangstverdi.

### Kapittel 7. Reaksjonar ved lovbrøt

#### § 22 *Straffansvar*

Den som med vilje eller aktlaust bryt føresegner eller let vere å etterkome pålegg fastsette i eller etter §§ 5 andre ledd, 8, 10 tredje ledd, 11 tredje ledd, 13, 14 og 18, vert straffa med bøter eller fengsel i inntil eitt år.

Grovt brot på føresegnene etter første ledd, som er gjort med grov aktløyse eller med vilje, kan straffast med fengsel i inntil seks år. Ved vurderinga av om brotet er grovt, skal det særleg leggjast vekt på om den økonomiske eller potensielle økonomiske verdien av brotet er stor, om brotet har skjedd systematisk og over tid, om brotet er grenseoverskridande og om brotet har skjedd som ledd i organisert verksemd.

Når straffansvar etter første ledd kan gjerast gjeldande mot fartøyføraren for ei handling nokon av mannskapet på eit fartøy står for, kan den underordna berre straffast dersom han har brote føresegner med vilje. Ved avgjerda av om ein underordna skal straffast, skal det særleg takast omsyn til den preventive verknaden av straffa, kor grovt brotet er og om vedkommande har hatt eller kunne ha oppnådd fordel ved brotet.

Fartøyføraren kan vedta førelegg på vegner av oppdragsgjevaren. Oppdragsgjevaren kan også straffast i sak som vert reist mot fartøyføraren.

Forsøk og medverknad vert straffa på same måte.

#### § 23 *Inndraging*

Ved brot på føresegner etter § 22 første ledd kan fangsten inndragast. Det same gjeld reiskapar, gjenstandar, eigedomar, anlegg eller fartøy som er brukte ved lovbrøtet. Dette gjeld utan omsyn til kven som er eigar. I staden for tingen kan verdien heilt eller delvis inndragast hos den skuldige eller den det er handla på vegner av, eller hos eigaren.

Det kan fastsetjast at panterett og andre rettar i ting som vert inndregne, heilt eller delvis fell bort. Føresegnene i lov 22. mai 1902 nr. 10 Almindelig borgerlig Straffelov (Straffeloven) § 37 c gjeld tilsvarende.

Når lovleg og ulovleg fangst er blanda

saman, kan heile fangsten inndragast.

### Kapittel 8. Iverksetjing, overgangsregel og endringar i andre lover

#### § 24 *Iverksetjing*

Lova gjeld frå den tid Kongen fastset. Frå same tid vert lov 14. desember 1951 nr. 3 om omsetning av råfisk oppheva.

Forskrifter og enkeltvedtak som er fastsette i eller i medhald av lov 14. desember 1951 nr. 3 om omsetning av råfisk, gjeld framleis inntil dei vert oppheva.

#### § 25 *Overgangsregel*

Fiskesalslag som har godkjende vedtekter etter lov 14. desember 1951 nr. 3 om omsetning av råfisk, kan utan ny godkjenning halde fram med verksemda i inntil to år etter at lova her vert sett i verk.

#### § 26 *Endringar i andre lover*

Frå den tid lova vert sett i verk, vert det gjort følgjande endringar i andre lover:

1. I lov 29. juni 2007 nr. 81 om samvirkeforetak vert det gjort følgjande endringar:

#### § 27 andre ledd første punktum skal lyde:

Berre medlemmer kan ha krav på etterbetaling. I salsorganisasjonar av fiskarar som nemnt i *fiskesalslagslova* § 4 kan også andre som har omsett med organisasjonen, ha krav på etterbetaling.

#### § 37 andre ledd tredje punktum skal lyde:

Likestilt med medlemmer som er representerte ved utsendingar, er fiskarar eller organisasjonar av fiskarar, jf. *fiskesalslagslova* § 4.

2. I lov 6. juni 2008 nr. 37 om forvaltning av viltlevande marine ressursar skal § 48 første ledd lyde:

Fiskesalslag etter *fiskesalslagslova*, skal kontrollere at føresegner som er fastsette i eller i medhald av lova vert følgde. Kontrollen skal avgrensast til opplysningar som naturleg følgjer av salslaget si verksemd etter *fiskesalslagslova*, særleg kontroll med at fangstuttak og landa fangst er i samsvar med føresegner som er fastsette i eller i medhald av lova her. Departementet kan påleggje salsorganisasjonane å kontrollere opplysningar om fangstar som ikkje kjem inn under den retten salslaget har til førstehandsomsetning.

3. I lov 28. juni 1957 nr. 12 om pensjonstrygd for fiskere skal § 19 første ledd lyde:


Avgift som nevnt i § 15 litra c skal betales av fiskesalagslagene jf. fiskesalagslova.

4. I lov 19. juni 2009 nr. 58 om merverdiavgift skal § 5-8 lyde:

*§ 5-8 Førstehandsomsetning av villevende marine ressurser*

Det skal beregnes merverdiavgift med redu-

sert sats ved fiskeres omsetning til eller gjennom fiskesalagslag som er opprettet i medhold av av fiskesalagslova. Det skal beregnes merverdiavgift med redusert sats ved fiskesalagslagets formidling eller godkjenning av slik omsetning.







Tykk: AS O. Fredr. Aimesen. Mars 2013

241491